

Ane Stemshaug

Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd

Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål.

Trondheim, mai 2015



Høgskolen i Sør-Trøndelag
Avdeling for lærer- og tolkeutdanning

Ane Stemshaug

Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd

Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål

"Nynorsk" as primary language

A qualitativ case study about "nynorsk" students relationship to their primary language

Masteroppgave, norskdidaktikk
Trondheim, mai 2015

Spesialiseringsretning:	Master i norskdidaktikk
Veileder:	Randi Solheim

Høgskolen i Sør-Trøndelag
Avdeling for lærer- og tolkeutdanning

Høgskolen har intet ansvar for synspunkter eller innhold i oppgaven.
Framstillingen står utelukkende for studentens regning og ansvar.

www.hist.no



Kunnskapen
du trenger

Høgskolen har intet ansvar for synspunkter eller innhold
Framstillingen står utelukkende for studentens regning

HØGSKOLEN I SØR-TRØNDELAG
Avdeling for lærer- og tolkeutdanning
HIST/ALT



15UX11970

Føreord

Takk til alle informantane mine, spesielt til elevane, som har stilt opp og delt tankar og refleksjonar. Mi største frykt (etter å ikkje bli ferdig) har vore å ikkje yte alt de har delt rettferd. Eg håper, og trur, eg har klarte det til slutt. Takk til min eminente rettleiar, Randi Solheim. Takk for god rettleiing og at du alltid har hatt trua, spesielt når eg ikkje har hatt det. Takk til Språkrådet og Nynorsksenteret for stipend. Takk til Bård, for at du er glad i meg endå og ikkje har flytta ut, trass i at eg ikkje har snakka om anna enn nynorsk i snart eit år, og ikkje har vaska og rydda på like lenge. Takk til Tante Arna for at du har lese korrektur, utan deg ville dette vore ei avhandling om *elvar* sitt forhold til nynorsk, ikkje *eleva*r. Takk til medstudentar, både på norsk og matte, for godt samhald på lesesalen og i kantina. Spesiell takk til Kristine, som har delt frustrasjon og glede når alle andre var så godt som ferdige og vi framleis bala med analysen. Takk manglande sjølvdisiplin, Dagbladet, VG, side2 og alle som har ein blogg, utan dykk ville eg ha vore ferdig i mars! Takk til «Cold Turkey», dataprogrammet som har blokkert alle dei nemnte internettsidane, for at eg faktisk vart ferdig.

Det å skrive master har vore fælt, men fantastisk. Det har vore nedbrytande og lærerikt. Eg har hata det og kosa meg. No er eg ferdig, det er fantastisk, og litt trist, men aller mest fantastisk!

Rotvoll, 17.05.2015

Ane Stemshaug.

Innhald

Føreord	i
Oversikt over figurar og tabellar	v
1. Innleiing	1
1.1. Problemformulering	1
1.2. Metode og teori	3
1.3. Disposisjon	3
2. Nynorsk i Noreg	4
2.1. Eit historisk blick på språksituasjonen	4
2.2. Språksituasjonen anno 2015	5
2.2.1. Regulering av målform i skulen	6
2.2.2. To stortingsmeldingar om språksituasjonen i Noreg	6
2.2.3. Stoda for elevar med nynorsk som hovudmål	7
2.3. Nyare forskings-, utviklings- og utgreiingsarbeid	8
2.3.1. Dei viktigaste poenga	9
2.3.2. Kritikkk og relevans	12
3. Teori	14
3.1. Nynorsk, eit markert minoritetsspråk?	14
3.2. Domene	16
3.3. Språk og identitet	17
3.3.1. Ein nynorsk identitet?	18
3.4. Den usynlege handa. Språk i endring	20
4. Metode	23
4.1. Mi forskning: Ein kvalitativ kasusstudie?	23
4.1.1. Kvalitativ og kvantitativ metode	25
4.2. Triangulering, reliabilitet og validitet	25
4.3. Intervju og spørjeundersøking: Utforming og gjennomføring	27
4.4. Etiske betraktningar	29
4.4.1. Samtykke	29
4.4.2. Forskarrolla	29
5. Informantane	31
5.1. Skulen og bygda	31
5.2. Intervju og spørjeundersøking	32

5.3. Lærarane og dei vidaregåande skulane: Utval og bakgrunn	33
5.3.1. Lærarane	33
5.3.2. Dei vidaregåande skulane	34
6. Analyse og drøfting	36
6.1. Analysemetode og transkripsjon	36
6.2. Passar nynorsk i alle situasjonar?	37
6.2.1. Nynorsk passar ikkje i alle situasjonar	40
6.2.2. Kvifor passar ikkje nynorsk i alle situasjonar?	44
6.2.3. Skulen som nynorsksdomene	47
6.2.4. Domeneoppfatningar og domenetap	48
6.3. Språkleg jamstilling?	50
6.3.1. Formell jamstilling?	52
6.3.2. Reell minoritet?	54
6.4. Sjølvframstilling og identitet	57
6.4.1. Nynorsk og identitet	58
6.4.2. Forvirra og negativ nynorsk identitet	61
6.4.3. Dialekt og identitet	62
6.5. Framtida	65
6.5.1. Å kjempe mot straumen eller flyte med?	68
6.5.2. Han som sym mot straumen	71
6.5.3. Framtidsspådommar	72
6.6. Den usynlege handa	73
7. Didaktiske implikasjonar	78
Litteratur	81
Vedlegg	85
Vedlegg 1: Intervjuguide elevar	85
Vedlegg 2: Spørjeundersøking	89
Vedlegg 3: Intervjuguide lærarar	93
Vedlegg 4: Informasjon og spørsmål til dei vidaregåande skulane	95
Vedlegg 5: Informasjon til føresette og elevar og førespurnad om samtykke	96

Oversikt over figurar og tabellar

Figur 1: Den usynlege handa (Keller 1994, s.90)	21
Tabell I: Konnotasjonar nynorsk og bokmål (Mæhlum, 2007, s. 197).....	16
Tabell II: Transkripsjonsnøkkel.	37
Tabell III: Passar det å nytte nynorsk i alle situasjonar?	37
Tabell IV: Kva målform bruker du mest kvar?	38
Tabell V: Kva målform ville du skrive på?	38
Tabell VI: Kva målform les du mest på?	39
Tabell VII: Ser du på nynorsk og bokmål som likestilte?.....	50
Tabell VIII: Ser fleirtalet i Noreg på nynorsk og bokmål som likestilt?.....	50
Tabell IX: Har du opplevd negative kommentarar rund hovudmålet ditt?	51
Tabell X: Beskriv ein typisk nynorskbrukar.	57
Tabell XI: Beskriv ein typisk bokmålsbrukar.	57
Tabell XII: Kva målform kjem du til å ha på vidaregåande?.....	65
Tabell XIII: Kven har råda deg til å byte hovudmål?	65
Tabell XIV: Kven har råda deg til å halde på hovudmålet ditt?	65
Tabell XV: Kjem du til å skrive nynorsk i framtida?.....	66
Tabell XVI: Grunnar for val av målform i framtida.	67

1. Innleiing

Eg har ikkje alltid skrive nynorsk. Då eg gjekk grunnskulen, hadde eg bokmål som hovudmål. Det var først etter både grunnskule, vidaregåande og delar av lærarutdanninga at eg verkeleg tok fatt på livet som nynorskbrukar. For mange går det den andre vegen, frå nynorsk til bokmål. Ein firedel av alle elevane som byrjar grunnskulen med nynorsk som hovudmål, byter frå nynorsk til bokmål ved første sjanse, i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule. Tre firedelar gjer det ved neste korsveg, overgangen til vidaregåande skule (Ressursgruppa, 2013).

13 % av grunnskuleelevane i Noreg har nynorsk som hovudmål (Proba, 2014). 13 % høyrer kanskje lite ut, men det utgjer faktisk 78 000 einskilde elevar, elevar som veks opp i eit samfunn der bokmål er det dominerande språket. Dei fleste aviser skriv på bokmål, i dei riksdekkande avisene får faktisk ikkje journalistar lov å skrive nynorsk, og i det private næringslivet vert nynorsk nesten ikkje brukt (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008). I tillegg får nynorsk ofte negativ omtale, det kan nesten verke som om det er greitt å «mobbe» dei som bruker nynorsk, enten det er i etablerte aviser, i bloggform og på sosiale media (Vangsnes, 2013). I teorien har Noreg to likestilte målformer, men i praksis, slik stortingsmelding 23 og 35 (2007-2008) *Språk bygger broer* og *Mål og mening* slår fast, er dei ikkje likestilte. Bokmål er det dominerande språket. Kva gjer dette med nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål? Korleis er det å vere nynorskbrukar i eit samfunn der ein, slik ein nynorskelev uttrykte det, «badar i bokmål» (Proba, 2014, s. 33)? Korleis påverkar denne situasjonen ein 15-åring som skal slutte på ungdomsskulen der dei fleste skreiv nynorsk, og byrje på ei vidaregåande skule der nesten alle skriv bokmål?

1.1. Problemformulering

Med denne avhandling ønskjer eg å finne ut meir om kva forhold nynorskelevar har til eige hovudmål og kor bevisste dei er om sin eigen status som nynorskbrukarar. Med bakgrunn i dei nemnde stortingsmeldingane, kan ein sjå at det i alle fall i teorien er politisk vilje til å støtte opp om nynorsken og nynorskbrukarane (Kunnskapsdepartementet 2008; Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008). Begge stortingsmeldingane peikar også på utfordringane med lekkasje til bokmål. Nyare forskings- og utgreiingsarbeid har gjennom mellom anna

målstreken prosjektet¹ (Garthus, 2009, 2013), sluttrapporten til Ressursgruppa for nynorsk som hovudmål²(2013) og Proba-rapporten³ (2014), dokumentert lekkasjen frå nynorsk til bokmål. Dei har også gått nærare inn på grunnar til at elevar byter hovudmål. Eg ønskjer å byggje vidare på desse rapportane. I tidligare arbeid har fokuset hovudsakleg vore på elevar som allereie har bytt hovudmål. Fokuset i denne avhandlinga er elevar som framleis har nynorsk som hovudmål, men som snart må ta valet om dei vil halde på hovudmålet sitt i overgangen til vidaregåande skule. I likskap med Garthus(2009) og Proba-rapporten (2014) fokuserer også eg på nynorsk elevar i ei *randson*e for nynorsk. Dette er ei nemning som vert brukt om område der nynorsken tidligare har hatt fortfeste, men som no er under press frå bokmål (Proba, 2014, s. 25). Eg ønskjer å finne ut kor bevisste elevane er, og kva slags forhold dei har til nynorsk før dei må ta valet om dei vil halde på hovudmålet sitt. Ut frå dette har eg valt å fokusere på elevar på tiande trinn, altså siste år på ungdomsskulen. Problemformuleringa mi vert derfor: *Kva slags forhold har nynorskelevar på tiande trinn til eige hovudmål, og korleis ser dei på eiga framtid som nynorskbrukarar?*

I problemformuleringa mi bruker eg omgrepet *forhold til*. I dette omgrepet legg eg haldningar, språkleg medvit, bevisstheit om kva rettar ein har som nynorskbrukar og tankar om- og forståing av språksituasjonen og nynorsken sin rolle i samfunnet. For å få eit best mogleg innblikk i kva som er med å forme elevane sitt forhold til eige hovudmål, primært med fokus på skulen sin rolle, har eg i tillegg tre supplerande forskings spørsmål eg ønskjer svar på:

- Korleis arbeider norsklærarane på 10. trinn for å sikre elevane si bevisstheit om eige hovudmål og språklege rettar?
- Kva gjer dei vidaregåande skulane for å informere om moglegheiter og rettar knytt til val av hovudmål?
- Korleis skjer valet av hovudmål når elevane byrjar på vidaregåande skule?

¹ Målstreken var eit 3-årig pilotprosjekt i regi av Valdres Mållag og Noregs Mållag. Prosjektet starta i 2009. Målet for prosjektet var å motivere fleire ungdommar i Valdres til å halde på nynorsk som hovudmål (Noregs Mållag, 2015)

² Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål vart oppretta av Kunnskapsdepartementet våren 2012. Heretter vert denne omtala som Ressursgruppa, også i referansane.

³ Rapporten utført av Proba samfunnsforskning, bestilt av Utdanningsdirektoratet, heretter omtala som Proba-rapporten. Rapporten undersøker byte av hovudmål i randsoner, og nynorskopplæringa på lærarskulane. I det vidare vil eg berre fokusere på første del, då det er elevane som er hovudfokuset i denne avhandlinga.

1.2. Metode og teori

For å kunne svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla mine har eg brukt ulike metodar. Først og fremst har eg intervjuet seks tiandetrinnselevar frå same skule, dette utgjør primærmaterialet mitt. I tillegg har eg utført ei spørjeundersøking ved trinnet elevane tilhøyrer. Denne spørjeundersøkinga er mitt sekundærmateriale. Til slutt har eg også intervjuet tre norsklærarar på tiande trinn og stilt skriftlege spørsmål til representantar for leiinga ved to vidaregåande skular. Den siste delen av materialet har som mål å gi bakgrunn til primær- og sekundærmaterialet og vil gjere det mogleg å svare på dei supplerande forskingsspørsmåla. Ut frå dette vil eg beskrive studien min som ein kvalitativ kasusstudie, dette og andre metodiske vala kjem eg nærare inn på i kapittel 4.

For at funna mine skal bli meir enn berre synsing, er det viktig å ha eit teoretisk rammeverk å støtte seg på. I mi avhandling vil dette rammeverket bestå av funna i nyare forskings- utleggings- og utgreiingsarbeid, og teori knytt til språkstatus og språkval. Med Bourdieu (1991) sin teori om språk og makt som eit teoretisk bakteppe, vil eg gjere greie for nynorsk sin status på den språklege marknaden, med utgangspunkt i Tove Bull (2004) og Britt Mæhlum (2007) sine perspektiv. Eg vil vidare presentere teori om domene og domenetap, identitetsteori knytt til språk og språkstatus og til slutt Rudi Keller (1994) sin teori om den usynlege handa.

1.3. Disposisjon

Vidare i avhandlinga vil eg først, i kapittel 2, gjere greie for nynorskens situasjon i Noreg. Eg vil både gi eit kort historisk riss, ein meir utfyllande presentasjon av språksituasjonen i dag og forskings- utgreiings- og utleggingsarbeidet eg nemnte ovanfor som ein del av mitt teoretiske rammeverk. Kapittel 3 presenterer dei teoretiske perspektiva som utgjør resten av rammeverket. Kapittel 4 drøftar avhandlinga sine metodiske val og oppbygging. Vidare, i kapittel 5, presenterer eg informantane og funna frå lærarintervjua og spørsmåla til leiinga ved dei vidaregåande skulane. I kapittel 6 analyserer og drøftar eg funna i primær- og sekundærmaterialet, i lys av konteksten gitt i kapittel 2 og 5 og det teoretiske rammeverket i kapittel 2. Til slutt, i kapittel 7, vil eg samle trådane frå analysen å drøfte kva implikasjonar mine funn kan ha for skulen.

2. Nynorsk i Noreg

I Noreg har vi to skriftspråk, og slik har det vore i fleire generasjonar bakover. Like lenge som Noreg har hatt to målformer, har det vore debatt rundt dei og store kjensler knytt til målsaka. Denne debatten held fram, i dag som på slutten av 1800-talet. I dette kapittelet vil eg kort gjere greie for dei historiske hendingane som ligg bak språksituasjonen i Noreg slik vi kjenner han i dag. Eg vil også gjere greie for den uttalte norske språkpolitikken med utgangspunkt i dei to stortingsmeldingane eg allereie har nemnd i innleiingskapitlet, *Mål og mening* (2008) og *Språk bygger broer* (2008). Etter å ha gjort greie for språksituasjonen før og no, vil eg gå meir konkret inn på situasjonen til elevar med nynorsk som hovudmål, og presentere nyare forskings-, utviklings-, og utgreiingsarbeid gjort rundt dette temaet.

2.1. Eit historisk blikk på språksituasjonen

I 1814 slo den nye norske grunnlova fast at språket i Noreg skulle vere norsk. For oss i dag høyrest dette både enkelt og sjølvstøtt ut. I 1814 var det likevel ikkje så enkelt. Noreg hadde akkurat kome ut av ein over 400 år lang unionsperiode med Danmark. I denne perioden hadde Noreg vorte styrt frå København, og skriftspråket som vart nytta i Noreg var dansk. Så då grunnlova vart formulert i 1814 fans det ikkje noko norsk skriftspråk. Historia ville det likevel ikkje slik at norsk skriftspråk skulle vere synonymt med dansk. Påverka av dei nasjonalromantiske trendane i tida kom ideen om at norsk skulle vere eit eige, unikt språk (Nesse, 2013). Det var fleire ulike syn på korleis eit norsk skriftspråk skulle utformast, men det var etter kvart to retningar som skilde seg ut: Fornorsking av dansk og oppretting av eit nytt norsk skriftspråk basert på dei norske dialektane. Dei to retningane hadde kvar sin sterke språkbyggjar i front, Knut Knudsen og Ivar Aasen, for ettertida kjent som respektivt bokmålet- og nynorsken sin far (Nesse, 2013).

Heilt frå målbyggingsprosjekta tok til på 1850-talet, skapte dei stort engasjement. Både bokmål og nynorsk hadde sterke tilhengjarar. Heilt frå byrjinga har likevel bokmålet hatt den sterkaste posisjonen. Fram til så seint som 1880-åra var ikkje nynorsk « [...] stort annett enn et leketøy for idealistiske språkmenn og diktere [...]» (Haugen, 1966, s. 30). Det som skulle løfte nynorsken opp og fram, var opposisjonspartiet Venstre. Venstre samla mange typar

motkrefter, frå bønder og fiskarar til akademikarar. Landsmål vart eit symbol for desse motkreftene. Kampen for landsmålet vart knytt til det rurale, opprør mot eliten og sjølvstyre. Riksmålet stod for det motsette, det etablerte, konforme og den urbane eliten i byane. Etter at Venstre kom til makta i 1884, vedtok dei i 1885 at riksmål og landsmål skulle sidestilla som offisielle språk. I dag vert dette vedtaket berre omtala som *jamstillingsvedtaket* (Haugen, 1966, s. 31). Det vert framleis vist tilbake til dette vedtaket når ein skal grunngi og legitimere dei to sidestilte skriftspråka vi har i Noreg i dag. I til dømes stortingsmelding 35 (2007-2008) vert jamstillingsvedtaket brukt som grunngiving for den skriftspråksituasjonen vi har i dag (St.meld. nr. 35, 2008). Etter at vedtaket vart fatta fekk landsmålsbrukarar stadig fleire rettigheter, og gjennom resten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart det stadig fleire område der ein kunne bruke landsmål. Fleire og fleire skular dreiv opplæring på landsmål, og det vart eit krav at alle som skulle bli lærarar, måtte avleggje eksamen på landsmål. Etter kvart kom det same kravet for dei som skulle avleggje examen artium. Ut over 1900-talet kom det stadig fleire reformer som sikra den formelle jamstillinga, men trass i dette sleit nynorsken med å ta igjen bokmålet sitt tidlege forsprang (Haugen, 1966). Korleis er så språksituasjonen i dag, 130 år etter jamstillingsvedtaket?

2.2. Språksituasjonen anno 2015

I dag har Noreg framleis to formelt jamstilte skriftspråk. Det er også ei brei politisk einigheit om at slik skal det fortsette å vere (St.meld 23, 2008; St.meld. nr. 35, 2008). Mållova regulerer språkbruken, og der står det at alle offentlege organ, med nokre unntak, er pliktige til å bruke både nynorsk og bokmål. Private som er leigde inn av offentlege organ, har den same plikta (Kulturdepartementet, 1988). Trass i den formelle likestillinga er det ikkje til å kome bort frå at nynorsk i realiteten er eit mindre brukt språk enn bokmål. I samfunnssektorar som næringsliv, reklame, teknologiutvikling og riksdekkjande aviser er nynorsk nærast fråverande. Desse sektorane er gjerne prega av privat dominans og er ikkje omfatta av mållova (Kultur og kyrkjedepartementet, 2008, s. 195). Offentleg sektor er på den andre sida omfatta av mållova, men heller ikkje her er nynorsk og bokmål heilt likestilte. I 2003 følgde berre 13 % av statsetatane mållova fullt ut. Ei undersøking frå 2005 viser at tre av ti statlege nettstader var så godt som utan nynorsk, og at graden av nynorskbruk varierte sterkt der det

vart nytta (Språkrådet, 2005, s. 132). Dette er ikkje tilfellet i heile landet. Enkelte stader er nynorsken eit fullverdig bruksspråk og det berande språket i samfunnet, både offentleg og privat, men når ein ser landet under eitt, er det klart at nynorsk og bokmål ikkje er reelt likestilte med tanke på bruken (Kultur og kyrkjedepartementet, 2008, s. 195). Dette får konsekvensar for nynorskelevane. Det gjer at det vert færre samanhengar der dei møter og bruker hovudmålet sitt.

2.2.1. Regulering av målform i skulen

På same måte som det finst lover som regulerer målbruk i offentlege organ, finst det også lover som regulerer kva målform elevar skal ha som opplæringsmål. Alle elevar skal lære begge målformene, men sidemålsopplæring er lovpålagt berre dei to siste åra i grunnskulen (Kunnskapsdepartementet, 2014). I den reviderte utgåva av læreplanen for Kunnskapsløftet (LK06) står det likevel i opplæringsmåla at elevane skal møte sidemål heilt frå første trinn (Kunnskapsdepartementet, 2013). Det er opp til den enkelte kommunen å bestemme kva målform som skal vere opplæringsmål på skulane i kommunen. Dersom minst ti elevar vil ha ei anna målform enn det skulen tilbyr, må dei får tilbod om eiga klasse med ønska målform som opplæringsmål. Dette gjeld berre frå første til sjuande trinn. Etter det har ikkje elevar med anna målform enn fleirtalet krav på eiga klasse, uansett kor mange dei er. Det elevar har krav på gjennom heile skuletida, er bøker på hovudmålet sitt. Frå første til sjuande er det foreldra som bestemmer kva målform barna deira skal ha som hovudmål, frå åttande klasse bestemmer elevane sjølve (Kunnskapsdepartementet, 2014).

2.2.2. To stortingsmeldingar om språksituasjonen i Noreg

I stortingsåret 2007-2008 kom det to meldingar om språksituasjonen i Noreg. Formålet med st.meld. 35 *Mål og meining* «er å leggja grunnlaget for ein ny, strategisk språkpolitikk med eit heilskapleg perspektiv på språk og samfunn» (St.meld. nr. 35, 2008). For å kunne gjere det, beskriv meldinga også språksituasjonen slik han var i 2007-2008. Stortingsmelding 23, *Språk bygger broer*, omhandlar «språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne» (St.meld 23, 2008). Begge stortingsmeldingane er klare på at toskriftssituasjonen er ein ressurs i det norske samfunnet og at ein derfor bør sikre og fremje nynorsken si stilling.

Sjølv om nynorsk og bokmål i teorien er jamstilte, gjer begge meldingane det klart at dette ikkje er tilfelle i praksis. *Mål og meining* (2008) går så langt som å seie at nynorsk i realiteten er diskriminert og stiller vidare spørsmål om korleis bokmåldominansen kan påverke den språklege identiteten og sjølvbiletet til dei som bruker nynorsk. *Språk bygger broer* (2008) peikar på at det er eit problem at dei som har bokmål som hovudmål, møter bokmål overalt i kvardagen sin, medan dei som har nynorsk kunn møter det på skulen. Dei negative haldningane i bokmålsamfunnet hjelper heller ikkje, og det vert i *Mål og meinig* (2008) hevda at spesielt mange unge nynorskbrukarar har eit negativt forhold til eige skriftspråk. For å motverke dette tar *Mål og meining* (2008) til ordet for det dei omtalar som ei *positiv særbehandling* av nynorsk. Målet er å sikre ei meir reell jamstilling av målformene, at nynorsk skal kunne brukast i alle samanhengar og at nynorsk vert ein naturleg del av kvardagen for barn og unge. Dette gjeld både for dei som har nynorsk som hovudmål og for dei som har det som sidemål (Kultur og kyrkjedepartementet, 2008; Kunnskapsdepartementet, 2008).

Begge stortingsmeldingane viser til at lekkasjen frå nynorsk til bokmål er ei utfordring, spesielt med tanke på å få elevar til å halde på nynorsk som hovudmål etter grunnskulen. Begge stortingsmeldingane løftar også fram dette som eit fenomen ein treng meir kunnskap rundt (St.meld. nr. 35, 2008; St.meld 23, 2008). Etter at stortingsmeldingane vart publisert har det vore gjort både forsking, utviklings- og utgreiingsarbeid rundt målskifte blant elevar. Desse arbeida kjem eg tilbake til i kapittel 2.3.1.

2.2.3. Stoda for elevar med nynorsk som hovudmål

Det er ulike syns på nynorskopplæring i ulike område. I storsamfunnet er nynorsk stort sett einstyddande med sidemål (Ressursgruppa, 2013), og i randsonene er nynorsk under stort press (Garthus, 2009, 2013). For lærarar og elevar i områder der nynorsk er dominerande, kan problemet med at elevar byter hovudmål verke fjernt. På landsbasis hadde 14,6 prosent av elevane som byrja på grunnskulen i 1999, nynorsk som hovudmål. Då dei same elevane gjekk ut frå vidaregåande 13 år seinare, hadde nynorskprosenten gått ned til 6,4 (Grepstad, 2012). I lande som heilheit vert altså talet på nynorskbrukarar halvert frå dei går inn i den

obligatoriske, offentlege skulen til dei går ut av den. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er dei einaste fylket der nynorskelevar er fleirtal (Grepstad, 2012).

I Sogn og Fjordane har alle kommunane gjort vedtak om nynorsk, medan det i Møre og Romsdal er eit fleirtal av kommunane som er nynorskkommunar. Dei to fylka vert derfor ofte omtala som kjerneområda for nynorsk (Proba, 2014). I Sogn og Fjordane er andelen av nynorskelevar gjennomgåande høg gjennom heile skuleløpet. Heile 97,3 prosent av alle elevane som starta på grunnskulen i 1999 hadde nynorsk som hovudmål. Då dei gjekk ut frå tredje klasse på vidaregåande i 2012 hadde framleis 86,1 prosent nynorsk som hovudmål. Fråfallet her er altså relativt lågt. I tillegg har talet på nynorskbrukarar i Sogn og Fjordane faktisk gått opp dei siste åra (Grepstad, 2012). Dette viser at lærarar og elevar midt i kjerneområdet for nynorsk opplever lite av utfordringa med at elevar byter hovudmål. Men dei har likevel andre utfordringar knyt til majoritet-, minoritet problematikk.

I Hedmark, Oppland, Telemark, Agderfylka, Rogaland og Hordaland er situasjonen annleis. Dette er fylker som vert regna som randsoner for nynorsk (Proba, 2014, s. 25). Dersom ein for eksempel ser på tala frå Hordaland ser ein at talet på nynorskelevar minka frå 43,4 prosent då elevane starta på grunnskulen i 1999, til 21,5 prosent då dei gjekk ut frå vidaregåande i 2012 (Grepstad, 2012). I Hordaland er altså fråfallet ei betydeleg utfordring. I Møre og Romsdal, som vert rekna som ein del av kjerneområdet for nynorsk, hadde 54,2 prosent av elevane som byrja på skulen i 1999, nynorsk som hovudmål. Då dei gjekk ut frå vidaregåande skule våren 2012, var andelen nede i 26 prosent (Grepstad, 2012). Dette viser at også i den tradisjonelle nynorskbastionen Møre og Romsdal er problemet med byte av hovudmål høgst reelt.

2.3. Nyare forskings-, utviklings- og utgreiingsarbeid

Eit år etter at *Mål og Mening* (2008) og *Språk bygger broer* (2008) etterlyste meir forskning rundt den språklege lekkasjen, kom det ut ein rapport som omhandla nettopp dette. Som ein del av prosjektet Målstreken, ga Karen Marie Kvåle Garthus ut ein rapport om språkskifte blant elevar i Valdres. Målet for prosjektet var å få fleire elevar til å halde på nynorsk som hovudmål. For å finne ut meir om årsakene til språkskifte, gjennomførte forskarane fleire undersøkingar, den første ved Valdres vidaregåande skule i 2009, seinare ved Firda

vidaregåande skule i Gloppen. Den mest markante forskjellen på desse to skulane er at Valdres vidaregåande ligg i randsona for nynorsk, medan Firda ligg i eit av nynorsken sine kjerneområde, Sogn og Fjordane. Resultata frå Sogn og Fjordane er ikkje relevant for mi avhandling ut over det å illustrere at målbyte er ei utfordring som hovudsakleg rammer randsoner for nynorsken. På Firda vidaregåande byte nesten ingen elevar hovudmål frå nynorsk til bokmål; i Valdres byte 54 %, av nynorskelevane til bokmål innan dei var ferdige med vidaregåande (Garthus, Todal, & Øzerk, 2010). I 2013 ga Ressursgruppa for nynorsk som hovudmål ut sin sluttrapport. Sluttrapporten hadde som mål å seie noko om «årsakene til at mange elevar byter opplæringsmål/hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av skuletida, og å føreslå tiltak for å motverke denne tendensen» (Ressursgruppa, 2013, s. 2). Det nyaste bidraget på forskingsfeltet er ein rapport frå Proba samfunnsforskning, som undersøker byte av hovudmål i randsoner. Alle dei nemnde arbeida har som hensikt å seie noko om målskifte, men dei bruker ulike metodar for å gjere det. Garthus (2009, 2013) baserer seg på spørjeundersøkingar av 414 elevar på Valdres vidaregåande skule. Proba-rapporten (2014) har henta materiale frå kassustudier ved tre skular, ein ungdomsskule og to vidaregåande skular. Ved desse skulane har forskerane intervjuar rundt 30 elevar som har halde på hovudmålet sitt og 15 som har bytt. I tillegg har dei gjort dokumentstudiar og intervjuar lærarar og representantar for leiinga ved skulane, nokre foreldre og skuleeigarane. Sluttrapporten til Ressursgruppa har eit meir overordna perspektiv og er ikkje basert på eiga forskning, han er meir å rekne som ei utgreiing om situasjonen og råd om vegen vidare.

2.3.1. Dei viktigaste poenga

Alle rapportane er einige om at målbyttet hovudsakleg skjer i overgangen mellom skuleslaga. Garthus (2009) finn at i Valdres byter nokre fleire hovudmål mellom barne- og ungdomsskulen enn frå ungdomsskulen til vidaregåande. Proba-rapporten (2014) og Ressursgruppa (2013) framhevar overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande som den situasjonen flest byter i. Det alle er einige om, er at overgangane skjer når nynorskbrukarane kjem i mindretal, og at dess større dette mindretalet er, dess større er risikoen for målbyte. Grunnen til at fleire i Valdres byter målform tidligare kan derfor vere at dei kjem i mindretal tidligare enn det elevane i Proba(2014) si undersøking gjer.

Den årsaka flest elevar peikar på som avgjerande for byte av hovudmål, er at dei opplever nynorsk som vanskeleg. Elevane seier dei føler det er meir naturleg og lettare å skrive bokmål enn sitt eige hovudmål (Garthus, 2009, 2013; Proba, 2014). Garthus (2013) trur ikkje at desse resultatane er ein konsekvens av at nynorsk faktisk *er* vanskeleg. Ho meiner det skuldast at elevane møter svært lite nynorsk utanfor skulen (Garthus, 2013, s. 7). Dette stemmer med det elevane i Proba-rapporten framhevar: nynorsk er ikkje vanskelegare i seg sjølv, men den konstante eksponeringa for bokmål gjer det vanskelegare både å lære og oppretthalde nynorsk og nynorskbruk (Proba, 2014, s. 36). Ressursgruppa (2013) trekkjer også fram dominansen av bokmål generelt i samfunnet som den viktigaste årsaken til målbyte.

For nynorskelevar utanfor kjerneområda er skulen omtrent den einaste arenaen dei møter hovudmålet sitt. Skulen må derfor fungere som ei motvekt til resten av samfunnet. Dette er ei vanskeleg oppgåve, men svært viktig (Garthus, 2009,2013; Ressursgruppa, 2013; Proba, 2014). Det er derfor viktig at elevane i alle fall møter nynorsk der. Proba-rapporten (2014) og Ressursgruppa (2013) slår fast at dette ikkje alltid er tilfellet, særleg i språkblanda klasser. Der får elevane gjerne all kommunikasjon på tavla og i utdelt materiale på bokmål. Problemet er spesielt stort i andre fag enn norsk. Garthus (2009s. 26) påpeikar at skular som har elevar både med bokmål og nynorsk, må passe på å kommunisere like mykje på begge målformer, slik at begge målformene er like synlege. På same måte er det eit viktig signal at der vert brukt berre nynorsk på nynorskskular. Ressursgruppa (2013, s.12) meiner at det at elevar ikkje har krav på å gå i eigne nynorskklassar på ungdomsskulen, og at dei ikkje har rett til undervisning på eige hovudmål på vidaregåande, og derfor ikkje møter nynorsk på skulen heller, kan vere ein årsak til målbyte.. Opplæringslova legg sånn sett til rette for målbyte og Ressursgruppa foreslår å utvide rettane til nynorskelevar. Dette peikar også mot eit anna problem Ressursgruppa ser. Dei meiner at den generelle språkpolitikken ikkje er knytt tett nok til utdanningspolitikken Intensjonane frå stortingsmeldingane *Mål og meining* (2008) og *Språk bygger broer* (2008) når ikkje ut til skulane (Ressursgruppa, 2013, s. 8). Eli Bjørhusdal (2014, s. 482) skriv i doktoravhandling si om dette. Ho meiner at sjølv om begge stortingsmeldingane har ei uttalt oppfatning av at nynorsk og bokmål ikkje er reelt jamstilt, så sett dei ikkje i gang konkrete ordningar for å gjer noko med situasjonen. Dette gjer at stortingsmeldingane i realiteten ikkje påverkar språksituasjonen.

I følge Garthus (2009, s.22) er det fleire elevar som rapporterer at dei vart registrert som bokmåselev når dei byrja på vidaregåande, utan å bli spurde. Ikkje alle desse byter tilbake, og fleire vert såleis bokmålsbrukarar utan at dei har teke eit medvite val om det. Ressursgruppa (2013, s. 18) peikar også på at dette skjer. Dei viser til at det i enkelte fylkeskommunar har vore praksis å registrere elevar med bokmål som hovudmål dersom dei ikkje har fått anna beskjed. Elevar har også fått utdelt skjema for målval der bokmål allereie har vore kryssa av. Det er derfor viktig at leiinga på dei vidaregåande skulane har kunnskap om kva rettar elevane har og at dei er flinke til å formidle og overhalde desse.

Eit anna funn, både i rapporten frå Valdres (Garthus, 2009) og Proba-rapporten (2014) er at *dialekt* har ein plass i elevane sin skriftspråkskvardag. Dialekt er ikkje berre noko dei snakkar. Dei bruker det også skriftleg. Dialekt er mest utbreidd når elevane skriv i uformelle samanhengar, som for eksempel på SMS (Garthus, 2009, s. 17; Proba, 2014, s. 12-13). Mottakaren har likevel meir å seie enn situasjonen. Skal dei sende SMS til læraren, bruker dei fleste bokmål. Grunnen til dette kan vere at fleirtalet av lærarane bruker bokmål sjølve, og at elevane slik tilpassar seg mottakaren (Garthus, 2009, s. 18). I Proba-rapporten (2014, s.35) gir også elevane uttrykk for dette. Dei har ei klar oppfatning av at ikkje alle forstår nynorsk, og at nynorsk ikkje kan brukast i alle situasjonar. Dei tilpassar seg derfor mottakaren sitt språk og svarer på målforma den dei skriv til bruker, enten det er på SMS eller i ei oppgåve på skulen. Opplevinga av at nynorsk ikkje passar i alle situasjonar, gjer fleire av elevane som har behalde nynorsken på vidaregåande, usikre på om dei vil halde på han i framtida (Garthus, 2013, s.11-12). Det å ha nynorsk på vidaregåande er altså ikkje ein garanti for at elevane vil halde på målforma vidare (Garthus, 2009, s.25).

Garthus (2009) finn også at dei elevane som har byter målform, har svært negative haldningar til nynorsk, meir negative enn dei som har hatt nynorsk som sidemål. Negative haldningar til nynorsk blant medelevar og i samfunnet generelt er godt eigna til å skape negative haldningar hos nynorskbrukarane sjølve. Generelt sett har nynorskbrukarar eit dårlegare forhold til eige hovudmål enn det bokmålsbrukarar har til bokmål (Garthus, 2009, s. 24). Ressursgruppa (2013, s.22) framhevar at å heve nynorsken sin generelle status i samfunnet er viktig for å forhindre framleis lekkasje til bokmål frå nynorsk. Elevane som er intervjuja i Proba-rapporten

(2014, s.6) er einige i dette, dei meiner at skulen åleine ikkje kan gjere tiltak som vil monne. Ressursgruppa framhevar derfor at nynorsk bør kunne brukast overalt og i alle samanhengar, utan at det gir negative assosiasjonar (Ressursgruppa, 2013, s. 22).

Til slutt i dette kapitlet vil eg rette søkelyset på eit sentralt funn som både Garthus (2009, s.26) og Proba-rapporten (2014, s. 47) peikar på: Dei elevane som beheld nynorsken er dei som er mest bevisste på eige språk. Både med tanke på valet om å halde på nynorsk og nynorsken si stilling og framtid i samfunnet. Det dei ikkje er like bevisste på, er korleis det at dei møter meir bokmål enn nynorsk i samfunnet, og i nokre tilfelle på skulen, påverkar dei. Verken nynorskelevar eller bokmåselevar tenkjer mykje på dette, dei godtar berre at sånn er det. Garthus (2009) finn at sjølv om dei fleste elevane i Valdres har bokmål, er dei aller fleste positive til at nynorsk framleis skal brukast på heimlassen. Mange av dei oppgir at dei ikkje vil bruke det sjølve, men er positive til at andre bruker det Dette kan tyde på at dei som vel vekk nynorsken, ikkje er bevisste på kva konsekvensar vala deira kan få. Garthus peikar på at bevisstgjerjing rundt nynorsk og nynorsken sin status kan motverke målbyte (Garthus, 2009, s. 23).

2.3.2. Kritikkk og relevans

Iselin Nevstad Øverli (2014, s.25) kritiserer i si masteroppgåve rapporten frå Proba for å ha ei tvilsam metodisk oppbygging, og for at forskarane som har hatt ansvaret, ikkje er språkforskarar. Dette kan også gjelde for dei to andre arbeida eg har presentert. Det er verken berre, eller hovudsakleg, språkforskarar som står som hovudforfattarar. Eg kan seie meg einig i Øverli sin merknad rundt dette, alle arbeida ville hatt større tyngde dersom dei var basert på arbeidet til språkforskarar. Samtidig har dei alle enten hatt språkforskarar med i arbeidsgruppa (Garthus,2009, s.2; Ressursgruppa, 2013, s.4) eller hatt språkforskarar som rådgivarar (Proba, 2014). Det at alle dei tre arbeida eg har presentert, har bidrag frå språkforskarar meiner eg talar for deira truverdighet og kvalitet.

Øverli (2014, s. 25) opplever også Proba-rapporten som svært konkluderande, og er kritisk til dette. Ho skriv at rapporten konkluderer langt meir bastant enn han bør, basert på kasusstudie av berre tre anonyme skular. Metodisk meiner eg rapporten gjer godt greie for metodiske val,

fortrinn og begrensningar. Eg er ueinig i Øverli sin påstand om at rapporten er konkluderande. Slik eg les rapporten, er han tydeleg på at han berre kan seie noko om dei skulane som er undersøkte, samtidig som det vert antyda at funna kan ha ein verdi for å forstå språkskifte andre stader. Dette meiner eg også gjeld dei to andre arbeida. Garthus (2009, 2013) har eit stort materiale og arbeida hennar derfor større verdi med tanke på generalisering. Men undersøkingane frå Valdres har ikkje elevintervju og kjem dermed ikkje like tett på elevane som Proba-rapporten (2014). Ressursgruppa (2013) sin sluttrapport gir eit meir overordna perspektiv på målbyte. Eg meiner Garthus, Ressursgruppa og Proba-rapporten utfyller kvarandre godt. Saman gjer dei eit svært interessant innblikk i språkskifte i randsoner. Dermed er dei svært relevante for mi avhandling.

3. Teori

Pierre Bourdieu (1991) ser på språk både som ein strukturerande struktur og ein strukturert struktur. Det vil seie at språk er med på å konstruere røynda samstundes som det representerer ei avspgling av røynda og ein måte å kommunisere røynda på. Språk er ikkje knytt til makt i seg sjølv, men det vert det når grupper tildeler bestemte språk eller språkvarietetar ulik verdi. På den *språklege marknaden*, altså konteksten ei ytring skjer i, har ulike språk ulik *symbolisk kapital* og plasserer seg inn i eit språkleg hierarki, der ein eller fleire varietetar av språket oppnår autoritet og prestisje (Thompson, 1991, s. 18). I dette hierarkiet har nokre språklege varietetar høgare symbolisk kapital enn andre, og kva varietet ein vel å bruke, seier noko om personen som bruker den. Desse oppfatningane vil heile tida vert kommuniserte og bekrefta gjennom kva slags verdi dei ulike vareritetane vert tillagt på ein språklege marknad.

I dette kapittelet vil eg, med Bourdieu (1991) som eit teoretisk bakteppe, presentere ulike teoriar som kan brukast for å forstå nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål. Eg vil først gjere greie for Tove Bull (2004) og Britt Mæhlum (2007) sitt perspektiv på forholdet mellom nynorsk og bokmål. Vidare vil eg gjere greie for korleis eg bruker omgrepsparet domene og domenetap, og for min bruk og mi forståing av omgrepet identitet, -spesielt med tanke på om det finst ei nynorsk identitet. Til slutt i kapittel 2 presenterer eg Rudi Keller (1994) sin teori om *den usynlege handa* og korleis handlingane til enkeltindivid kan få store, utilsikta konsekvensar i ein større samanheng. Gjennom alle desse teoriane kan det vere nyttig å ta med seg Bourdieus tankar om at ulike språkvarietetar har ulik symbolisk kapital, og at det følgjer ulike konnotasjonar med dei ulike varietetane. Desse kan vere positive eller negative og aktørane på den språklege marknaden må velje kva varietet dei vil bruke.

3.1. Nynorsk, eit markert minoritetsspråk?

Dersom ein berre ser på talet nynorskbrukarar kontra talet på bokmålsbrukarar, er det tydeleg at nynorskbrukarane er ein minoritet. Men kan nynorsk omtalast som eit minoritetsspråk av den grunn? I følgje Tove Bull (2004) er det meir enn berre talet på brukarar som gjer eit språk til eit minoritetsspråk. Eit anna kjenneteikn er at forholdet mellom minoritetsspråk og

majoritetsspråk er asymmetrisk. Majoritetsspråket vil ha ein høgare status og større sosial prestisje enn minoritetsspråket. Dette er noko som må kunne seiast å vere beskrivande for forholdet mellom nynorsk og bokmål, ut frå gjennomgangen av dagens språksituasjon i kapittel 2. Dette er også noko Britt Mæhlum (2007) tematiserer. Ho hevdar at noko av det mest sentrale i alle språkmøte, enten det er mellom bokmål og nynorsk, norsk og engelsk eller mellom dialekter og standardisert talemål, er korleis varietetane plasserer seg på aksen mellom det *moderne* og *tradisjonelle*. Språklege varietetar som vert knytt til *det tradisjonelle*, er lokalitetsbundne og vert assosiert med eit bestemt geografisk område. *Det moderne* overskridd, på den andre sida, slike geografiske restriksjonar. Det mest vanlege er at det er den tradisjonelle varietetten som er under press frå den moderne, som har størst verdi på den språkelge markanden (Mæhlum, 2007, s.190-191).

Nynorsken si historie gjer det lett å knyte han opp mot den tradisjonell svære. Nynorsk er unikt i den forstand at det er eit offisielt skriftspråk som ikkje byggjer på ein varietet som vart nytta av eliten i byane, men på ulike dialektar frå utkanten, frå bondestanden (Mæhlum, 2007, s. 192). I tillegg har nynorsk sidan starten vore knytt til motkrefter i samfunnet, jamfør kapittel 2.1. Nynorsk har derfor heile tida vore knytt til periferien, medan bokmål har vore knytt til sentrum Dette har gjort at mellom anna underholdningsindustrien har brukt nynorsk til å framstille menneske som er gammaldagse, merkelege, lite endringsvillige og frå utkanten (Mæhlum, 2007, s.192). Både Bull (2004) og Mæhlum trekkjer fram at det er mange av desse negative, og feilaktige, konnotasjonane har festa seg. Mæhlum (2007, s.197-198) meiner det har gått så langt at dei symbolske verdiane og stereotypiane har vorte internaliserte: Dei vert oppfatta som sanne av store delar av befolkninga.

Forholdet mellom nynorsk og bokmål plassert opp mot aksen tradisjon- modernitet, har ikkje vore særlig mykje diskutert i nyare forskning (Mæhlum, 2007, s. 194), og det å omtale nynorsk som eit minoritetsspråk, med dei utfordringar det fører med seg, har i følgje Tove Bull (2004) ikkje vore heilt akseptert innanfor nynorskmiljøet. Bull hevdar likevel at det er nett det nynorsk er, eit minoritetsspråk. Dette kan grunnigvast både i talet på brukarar og det asymmetriske maktforholdet mellom nynorsk og bokmål. Med tanke på nynorsken sin offisielle status er dette eit paradoks som er spesielt for den norske språksituasjonen: Nynorsk

er både eit offisielt språk, jamstilt med bokmål, samtidig som det deler fleire likskapstrekk med minoritetsspråk (Bull, 2004).

Bull (2004) og Mæhlum (2007, s.194) skriv at ein logisk konsekvens av at nynorsk er eit minoritetsspråk i forhold til bokmål, er at nynorsk i ei rekkje samanhengar vert oppfatta som *markert*, noko som stikk seg ut og er uvanleg. Bokmål vert på si side oppfatta som vanleg, nøytralt og *umarkert*. Mæhlum hevdar vidare at bokmål vert sett på som eit nasjonalt språk som kan nyttast overalt, medan nynorsk gjerne vert knytt til område i periferien, gjerne på vestlandet. Nynorsk taper terreng i sentrale, urbane strøk og vert i stor grad oppfatta som gammaldags og eit bygdespråk. Dette er med på å sementere oppfatninga av nynorsk som noko tradisjonelt og bokmål som moderne (Mæhlum, 2007, s. 194). Konnotasjonane som vert knytte til nynorsk og bokmål summerer Mæhlum opp i kolonnar som representerer to ytterpunkt:

Nynorsk	Bokmål
Lokalt eller regionalt	Overregionalt
Lokalsamfunnet	Geografisk nøytralt
Periferi	Sentrum
Ruralt, distriktstilknytt	Urbant, sentralt
Markert, avstikkende	Umarkert, alminnelig
Tradisjon	Modernitet

Tabell I: Konnotasjonar nynorsk og bokmål (Mæhlum, 2007, s. 197).

Slik Mæhlum (2007) ser det, bidrar ikkje dette til optimisme på nynorsken sine vegne. Ho hevdar at samfunnet verdsett det moderne framfor det tradisjonelle og at lærdom frå andre situasjonar der språk ligg i kvar sin ende av denne aksene, viser at det moderne oftast vinn fram. Den språklege markanden verdsett den kapitalen bokmål representerer høgare enn den som kjem med nynorsk. Mæhlum meiner at nynorsken står i fare for å få svekka sin marknadssdel og kanskje bli overtatt heilt av det dominerande språket (Mæhlum, 2007, s. 198).

3.2. Domene

Omgrepa *Domene* og *domenetap* har etter kvart vorte mykje brukte, både i media og fagmiljøa. I stortingsmelding 35, *Mål og meinig*, vert dei to orda brukt 127 gonger, og

domenetap vert omtala som ei stor utfordring for norsk språk (St.meld. nr. 35, 2008). Når det vert skrive om domenetap, er det ofte i samband med at norsk språk taper terreng overfor engelsk. Sjølv om dette er den vanlegaste bruken, vil eg i denne avhandlinga nytte det om forholdet mellom nynorsk og bokmål. Definisjonen eg vil bruke, kjem frå Engen og Kulbrandstad (2004 s.98). Dei definerer eit domene som: «et område av menneskelig aktivitet knyttet til bestemte tidspunkt, omgivelser og rollerelasjoner». Ein slik definisjon kan seiast å vere nærast synonym med ein språkbruksarena, og ei slik forståing har vore kritisert av mellom anna Dag Finn Simonsen (2002). Han meiner denne forståinga vert for unyansert og ikkje tar omsyn til den originale tydinga av omgrepet. Dette er ein interessant debatt, men eg vil ikkje gå nærare inn i han i denne samanhengen, då mi avhandling ikkje er eit domenestudie. Engen og Kulbrandstad (2004) sin definisjon er dekkande for min bruk av domeneomgrepet. Språkrådet nyttar også denne definisjonen av domene i rapporten «Norsk i hundre!» (2005). Her definerer dei også omgrepet domenetap:

Med domenetap mener vi her en utvikling der engelsk (eller et annet fremmedspråk) erstatter norsk innenfor et bestemt domene, for eksempel høyere utdanning. I det øyeblikk norsk ikke lenger er i bruk i domenet, er domenetapet et faktum. Begrepet domenetap vert også brukt om selve prosessen der et språk gradvis trengs ut av et annet. En slik prosess kan til sjuende og sist føre til domenetap slik vi bruker begrepet (Språkrådet, 2005, s. 15)

I denne definisjonen ser ein noko at domenetap vert omtala som noko som berre skjer, ikkje som eit resultat av menneske sine bevisste val og handlingar. Dette er også noko av Simonsen (2002, s.9) sin kritikk mot den mest vanlege bruken av domene og domenetap. Han meiner domenetap er eit resultat av bevisste menneskeleg val. Ut frå denne krittikken kan det vere meir relevant å bruke omgrepet *domenefråskrivning*. Eit slik omgrep peikar mot ei aktiv handling (Ljosland, 2008, s. 37). I det vidare vil likevel nytte omgrepet domenetap, men eg tek med meg perspektivet om at dette tapet skjer som eit resultat av menneske sine bevisste val.

3.3. Språk og identitet

Språk og identitet har tradisjonelt vore tett knytt til kvarandre i sosiolingvistisk forskning. I boka *Acts of Identity* skriv Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller (1985, s. 181) at språkbrukarar skaper seg system for korleis dei bruker språket, ut frå situasjonen dei er i.

Språket signaliserer, bevisst eller ubevisst, kva sosial gruppe språkbrukaren ønskjer å vere ein del av. For å bli assosiert med den ønska gruppa tar språkbrukaren i bruk dei språklege trekka som vert oppfatta som typiske for gruppa og vel vekk trekk ved grupper han vil distansere seg frå. Le Page og Taoubret-Keller (1985, s.181) vurderer språk som identitetshandlingar som både seier noko om språkbrukarens personlege identitet og om sosial identitet. Personleg identitet viser til det som gjer individet forskjellig frå andre individ, medan sosial identitet inneber det som gir individet innpass i ei gruppe (Mæhlum, 2008, s. 108).

Det finst fleire måtar å forstå identitetsomgrepet på. Tradisjonelt har det vore to ulike måtar å oppfatte identitet på: essensialistisk eller konstruktivistisk. Essensialistane meiner identitet er noko medfødt og uforanderleg, medan konstruktivistane meiner identiteten er samansett og kan endrast. Ei tredje mogleg forståing er ein kombinasjon av dei to føregåande. Ein slik kombinasjon tar utgangspunkt i at identitet både består av meir bestandige komponentar og av komponentar i endring (Mæhlum, 2008, s. 110). Randi Solheim (2010) hevdar at den siste innfallsvinkelen opnar for påverknad frå omverda, samstundes som det antydgar ein viss grad av stabilitet. Ut frå eit slikt syn kan ein sjå på språk som både eit identitetsuttrykk og ein identitetsskapar (Solheim, 2010, s. 131). Mi forståing av identitet samsvarar også med dette synet. Det er interessant å kunne sjå på korleis bruk eller bortval av nynorsk kan seie noko om identiteten til ein person, samstundes som dette valet i seg sjølv er med å forme ein språkleg identiteten.

3.3.1. Ein nynorsk identitet?

I ein arbeidsrapport frå 2003 diskuterer Jon Vestad om nynorsk kan kategoriserast som ein *etnisitet*. Han konkluderer med at sjølv om nynorsk fyller mange av kriteria som vert stilte til ei etnisk gruppe, er han tvilande til å omtale nynorskbrukarar slik. Vestad meiner likevel at dette kan vere eit interessant perspektiv å sjå nynorsken i. Eg er einig i dette og vil i det følgjande sjå på korleis teori rundt etnisk identitet kan kaste lys over nynorskbrukarar si identitetskjensle.

Engen og Kulbrandstad forklarar i si bok *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning* (2004 s. 192) at «det viktigste og nødvendigste kriteriet for en etnisk

identitet er den subjektive følelsen av samhörighet, overbevisningen om en felles opprinnelse og tilhørighet». Lars Vikør (1997) si beskriving av den nynorske identiteten samsvarar med kriteria for samhörigheit, felles bakgrunn og samhald. Han trekkjer også fram regionalisme og bygdepatriotisme som viktige identitetsmarkørar. I omgrepet regionalisme legg han at for dei som bur i dei nynorske kjerneområda, gir nynorsken ei felles identitetskjennele som bokmål aldri vil kunne gi. Omgrepet bygdepatriotisme viser til dei som bruker nynorsk til å distansere seg frå storsamfunnet og for å markere samhörigheit med bygde-Noreg (Vikør, 1997, s. 124-125).

Det er ikkje sikkert at alle nynorskbrukarar kjenner at nynorsken er ein identitetsmarkør for dei. Som alle andre er også nynorskbrukarar forskjellige. Denne nyansen meiner Otto Grepstad (2001) lett vert oversett av bokmålsbrukarane. Dei omtalar mellom anna nynorskbrukarar som «målfolket». Målfolket i bestemt form finst likevel ikkje. I nynorskområda vert omgrepet brukt om dei som engasjerer seg i målsaka, medan resten av nynorskbrukarane berre er nettopp det, nynorskbrukarar (Grepstad, 2001, s. 92-93). Vestad (2003, s.22) omtalar det Grepstad (2001) kallar målfolk, som dei *personlege nynorske*. Desse representerer den organserte delen av nynorskbrukarane og andre som har ein sterk nynorsk identitet. Denne identitetskjennele gjer at dei opplever eit fellesskap med andre nynorskbrukarar som går på tvers av geografi, slekt og kjennskap. Dei personlege nynorske gir uttrykk for dette fellesskapet ved

å a) bruke nynorsk bevisst, b) støtte ulike tiltak knytt til målrørsla, c) dele ein del verdiar og interesser, men ikkje alle, som tradisjonelt er knytt til norsksdom, motkultur og det nynorske. Dette kan gjelde ei motkulturell sak, interesse for folkemusikk eller kunsthåndverk, eit engasjement for utkantane, motstand mot EU eller liknande (Vestad 2003, s. 22)

Dersom ein slår saman Vikør (1997) og Vestad (2003) sine tankar om nynorsk identitet, samsvarar det i stor grad med det Mæhlum (2007) og Bull (2004) omtala som stereotypiske oppfatningar av nynorskbrukarar. Dette er det ikkje alle nynorskbrukarar som kjenner seg igjen i. Hernes (2012) bruker Vestad (2003) sine kriterium for å sjå om eit utval lærarstudentar med nynorsk som hovudmål hadde ei identitetskjennele som er samsvarande med «den personlege nynorske». Ho fann ut at dei ikkje identifiserte seg med dette, dei var

berre «vanlege» nynorskbrukarar (Hernes, 2012, s. 75). Dette viser at den enkelte nynorskbrukar sin oppfatning av eigen identitet ikkje alltid stemmer med samfunnet sitt bilete. Dette er noko også etniske minoritetar opplever.


Engen og Kulbrandstad (2004, s.192) forklarar korleis dissonansen mellom den identiteten ei minoritetsgruppe vert tildelt utanfrå og den personeleg identiteten, eller mangelen på ein personlege identitet, kan påverke etniske minoritetar. Identiteten som vert tildelt utanfrå, kan vere prega av majoriteten sin manglande kunnskap om minoriteten, stereotypifisering og diskriminering. For å tileigne seg ein eigen identitet, er det nødvendig for minoriteten å *sjølvkategorisere*. Dette inneber å «reformulere tilskrevne kriterier og gjøre dem om til selvidentitet, etnisk bevissthet og selvanerkjennelse» (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 192). I spenningsfeltet mellom den tildelte identiteten og sjølvkategoriseringsprosessen kan minoriteten utvikle ein tileigna identitet. Dersom dette ikkje lykkast, kan minoriteten utvikle ein negativ, forvirra eller lukka identitet. Engen og Kulbrandstad (2004, s.193) hevdar at utvikling av slike identitetar kan skuldast manglande utforsking av og manglande bevissthet rundt eigen status som minoritetsgruppe. Dette vil eg kome tilbake til i analysen og drøftinga av materialet mitt i kapittel 6.

3.4. Den usynlege handa. Språk i endring

Omgrepet *den usynlege handa* vart først introdusert av den skotske samfunnsøkonomen og moralfilosofen Adam Smith i 1776. Han brukte metaforen for å forklare korleis enkeltindivid sine handlingar påverka samfunnet som heilheit. Smith gjekk ut i frå at kvart enkelt individ ville prøve å maksimere sin eigen velstand. Gjennom å gjere dette ville individet samtidig, utan å intendere det, tjene samfunnets interesser. Ein bakar ville for eksempel bake brød for å tjene pengar, ikkje for å vere snill. Samfunnet ville likevel nyte godt av dette gjennom at andre kunne kjøpe brøda og sleppe å vere svoltne. Denne mekanismen kalla Smith «den usynlege handa».

Rudi Keller presenterer i boka *On language and Change. The invisible hand in language* (1994) korleis ein modifikasjon av teorien om den usynlege handa kan brukast til å forklare språkendring. Sjølv om han ikkje krediterer Adam Smith som inspirasjonskjelde, har dei to

inngangane fleire likskapar enn berre namnet. Keller (1994, s. 70) meiner den usynlege handa er relevant for det han kategoriserer som «phenomenon of the third kind». Slike fenomen oppstår gradvis og består av eit mikronivå og eit makronivå. Eit slikt fenomen er verken naturleg (uavhengig av mennesket) eller kunstig (menneskeskapt), men inneheld element frå begge. Slike fenomen er ikkje intenderte og må forklarast ved hjelp av ulike årsaker som har påverkar resultatet. Samstundes er dei heilt klart resultatet av menneskelege handlingar (Keller, 1994, s.70). Prosessen som skjer mellom menneska sine medvitne val på mikronivået og resultatet på makronivået kallar altså Keller for den usynlege handa. Ved hjelp av denne metaforen forklarar Keller korleis resultatet på makronivået oppstår som ein utilsikta kausal konsekvens av ei rekkje menneske sine tilsikta val på mikronivået (Keller, 1994, s.70, Ljosland 2008, s. 33). Makronivået er «det uintenderte, kollektive resultatet av en lang rekkje individuelle intensjonale handlinger» (Mæhlum, 1999, s. 187). Enkeltpersonane sine val, som kan verke ubetydelege kvar for seg, får først konsekvensar på samfunnsnivå når mange nok av desse enkeltvala dreg i same retning og gjennom dette akkumulerer. Slik kjem prosessen ut av den enkeltets kontroll, og fleire begynner å bevege seg i same retning. Det enkelte individet vil gjere som alle andre (Mæhlum, 1999, s. 186) Keller illustrerer korleis ein slik prosess fungerer med denne modellen (mi oversetning etter Keller 1994, s. 90):



Figur 1: Den usynlege handa (Keller 1994, s.90)

For at den usynlege handa skal kunne brukast som forklaringsmodell i mitt prosjekt, må nynorskelevar sitt bortval av eige hovudmål møte kriteria for eit fenomen av den tredje typen. Det første kriteriet er at prosessen skjer gradvis. For bortvalet av nynorsk stemmer dette, prosessen skjer over tid. Det andre kriteriet, at fenomenet består av eit makro- og eit

mikronivå, vert også møtt. Mikronivået, som i modellen ovanfor er representert i sirkelen til venstre, vil i mitt tilfelle vere den individuelle eleven sitt val om å ha bokmål som hovudmål på vidaregåande. Eleven si handling er representert av pilane. Rundt sirkelen er dei økologiske vilkåra. I følgje Keller (1994, s. 92) er dette faktorane som påverkar valet den enkelte tar. Dei økologiske vilkåra rundt bortval av nynorsk vil i til dømes vere elevane si kjensle av kva språk som er umarkert og markert på skulen, kva normer for språkval gjeld, samfunnets syn på og haldningar til nynorsk og eleven sin kunnskap om lover og rettar knytt til målval. Påverknaden frå desse økologiske vilkåra gir sterke føringar og har stor påverknad på den enkelte sitt val. Simonsen (2005, s. 9) hevdar at desse føringane er så sterke at dei kan reknast som «språkleg tvang». Ut frå at elevane i randsonene for nynorsk gjer vala sine i ein språkleg marknad der bokmål dominer og har mykje høgare symbolsk kapital enn nynorsk, er dette eit perspektiv det er relevant å ta med vidare.

I midten av figuren ser ein prosessen med den usynlege handa. Når mange nok enkeltindivid tar det same valet, set prosessen inn. Ut frå dette oppstår dei kausale konsekvensane, som i modellen er representert med eit nytt sett pilar. I mitt tilfelle kan slike konsekvensar vere at færre skriv nynorsk. I yste konsekvens kan dette bidra til at nynorsk forsvinn som bruksspråk. Gjennom prosessen med den usynlege handa har då fenomenet bortval av nynorsk på vidaregåande skule oppstått. Dette vil igjen føre til ei oppfatning av at alle andre vel bokmål på vidaregåande, og i neste omgang vert denne kunnskapen ein del av dei økologiske vilkåra. Det vil då bli endå vanskelegare for nye elevar å velje nynorsk som hovudmål på vidaregåande skule. Dette resultatet vil vere makronivået av fenomenet og vil vere skapt av menneske, men vil ikkje nødvendigvis vere intendert av personane som i utgangspunktet tok vala. Elevar sitt bortval av nynorsk som hovudmål fyller på den måten også det tredje kriteriet for eit fenomen av den tredje typen. Det har element både frå naturlege fenomen (ikkje intendert) og frå dei kunstige (skapt av menneske) og den usynlege handa er dermed ein relevant forklaringsmodell for elevar sitt bortval av nynorsk.

4. Metode

Kvale og Brinkmann (2009) beskriv innsamling av materiale som enten ei reise eller gruvearbeid. Den reisande forskaren ser på innsamlinga som kunnskapskonstruksjon, medan forskaren som definerer seg sjølv som gruvearbeidar, ser på det som kunnskapsutvinning. Metaforane med den reisande og gruvearbeidaren er kanskje velbrukte klisjear, men dei vert brukt av ein grunn: Dei viser tydeleg to ulike kunnskapssyn. Gruvearbeidaren grev fram objektiv kunnskap som allereie ligg hos informanten, klar for å bli henta ut. Arbeidet med materialet etterpå handlar om å hente ut dei objektive kjennsgjerningane. Den reisande forskaren skaper kunnskapen gjennom reisa inn i fagfeltet, saman med dei ho forskar på. Forskaren er sjølv med å konstruere den kunnskapen ho har med heim att (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 67). Eg vil definere meg sjølv som ein reisande, ikkje ein gruvearbeidar. Gjennom innsamlinga av materialet mitt er eg med på å skape det og å setje det inn i ein ny samanheng.

Begge forskartypene fortolkar det dei har opplevd. For at den reisande si forteljing skal vere truverdig, er det viktig med gode beskrivingar av kvar ho har reist, kven ho har snakka med og kvifor. Slik er det også for forskaren. For at datamaterialet skal vere relevant, må ein gjere greie for korleis ein gjekk fram for å samle det inn. I det følgjande kapitlet, 4.1, kjem mi utgreiing om korleis reisa mi har skjedd. Eg vil først ta for meg forskingsdesignet og metodane eg har valt. Deretter, i kapittel 4.2, gjer eg grei for styrkjer og svakheiter ved desse. I underkapittel 4.3, går eg nærare inn på sjølv innsamlinga av materialet og gjer greie for oppbygginga av intervjuguide, spørjeundersøkinga og for sjølv gjennomføringa. Til slutt i metodekapitlet, i kapittel 4.4, kjem eg nærare inn på nokre av utfordringane eg har snakka om allereie i innleiinga til dette kapitlet, nemleg forskaren sin påverknad på resultatata.

4.1. Mi forskning: Ein kvalitativ kasusstudie?

Det latinske ordet kasus betyr tilfelle. Dette seier mykje om kva ein kasusstudie er: ein studie av eitt tilfelle eller eit lite tal tilfelle. Slike studie har vidare som kjenneteikn at ein søker å gi ei så inngåande og detaljert beskriving av studieobjektet som mogleg (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006, s. 84). Dette stemmer godt med mi forskning. Tilfellet eg vil studere er

kva forhold nynorskelevar på tiande trinn har til eige hovudmål. For kunne gi inngåande og detaljerte beskrivingar har eg intervjuet seks elevar på tiande trinn ved ein nynorskskule i det som kan omtalast som eit randsoneområde, jamfør kapittel 2.2.3. Materialet frå desse intervjuet er *primærmaterialet* i denne avhandlinga. Vidare har eg supplert med *sekundærmateriale*. Dette materialet består av ei spørjeundersøking med alle dei 36 elevane på tiande trinn ved den same skulen. Spørjeundersøkinga er designa for å støtte opp om funna i intervjuet. Resultata herifrå gir meg moglegheita til å sjå på korleis elevane som er intervjuet, plasserer seg i forhold til medelevane sine. Eg kjem tilbake til forholdet mellom elevintervjuet og spørjeundersøkinga seinare i dette kapitlet: I kapittel 4.2 med tanke på korleis det styrker reliabiliteten og validiteten i forskinga mi, og i kapittel 4.3 med tanke på oppbygging og utføring i kapittel.

I eit kasusstudie er det eit viktig prinsipp at tilfellet ikkje kan sjåast lausrive frå konteksten det er ein del av. For å forstå den konteksten informantane i primær- og sekundærmaterialet lever og ytrar seg i, har eg også intervjuet tre norsklærarar ved det aktuelle trinnet og stilt spørsmål over e-post til representantar for leiinga ved to vidaregåande skular som elevane soknar til. Dette gir meg moglegheita til å beskrive kasuset eg studerer, endå meir detaljert og inngåande. Resultatet frå dette materialet er underordna både primær- og sekundærmaterialet. Inspirert av rangeringa av historiske kjelder i primær-, sekundær- og tertiærkjelder, vel eg derfor å kalle materialet frå lærarane og dei vidaregåande skulane, for mitt *tertiærmateriale*.

Forskningsdesignet eg har beskrive over, er altså eit kasusstudie, endå meir spesifikt ein *embedded-singel-case design*-studie (Cohen, Manion, & Morrison, 2011, s. 289). I følgje Choen, Manion og Morrison (2011, s.289) belyser eit slikt design eit bestemt kasus frå fleire innfallsvinklar for å få så omfattande beskrivingar av kasuset som mogleg. Eit slikt design eignar seg godt til å beskrive komplekse fenomen der mange faktorar spelar inn, slik som nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål. Dette forholdet vert påverka av både skule, heim og samfunnet generelt. Embedded-singel-case design-studie vert vidare kjenneteikna av at ein gjerne bruker fleire ulike metodar og innfallsvinklar i materialinnsamlinga (Cohen, Manion, & Morrison, 2011, s. 289). Dette vert kalla triangulering, og er med på å styrker validiteten og reliabiliteten til ein studie. Ut i frå ønsket om å beskrive kasuset mitt så inngåande og

detaljert som mogleg, og i tillegg sikre ein så valid og reliabel studie som mogleg, har eg valt dette designet. Eg kjem tilbake til trianguleringa i kapittel 4.2. Først vil eg presentere dei to metodiske tilnærmingane eg nytta for å triangulere: Kvalitativ og kvantitativ metode.

4.1.1. Kvalitativ og kvantitativ metode

Innanfor metodelitteratur skil ein mellom kvantitativ tilnærming på den eine sida og kvalitativ på den andre. Dei to ulike tilnærmingane representerer forskjellige, men likeverdige, måtar å innhente og analysere datamateriale på (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006). Kva metode ein vel å bruke, er avhengig kva slags data ein treng å samle inn, og kva hensikta med innsamlinga er. I kvalitativ metode skjer innsamlinga av data i eit samspel mellom forskaren og dei det vert forska på; jamfør metaforen med den reisande. Hensikta er å skape djup kunnskap om eit bestemt tilfelle. Kvantitative metodar søker å skape meir generaliserbar kunnskap og har eit større utval informantar (Kleven, 2011, s. 18-20). I mi forskning er primær- og tertiærmaterialet samla inn ved hjelp av kvalitativ metode, medan sekundærmaterialet er samla inn med kvantitativ metode.

Eg vel å kategorisere studien min som ein kvalitativ kasusstudie, sjølv om eg nyttar både kvalitativ og kvantitativ metode. Grunnen til dette er at mitt kvantitative materiale ikkje har føresetnader for å vere generaliserbart, og det har heller ikkje hensikt å vere det. Eg har 36 respondentar frå *eitt* trinn, på *ein* skule som svarer på spørjeundersøkinga. Hensikta med spørjeundersøkinga er å beskrive eit kasus, ikkje å generalisere, og hovudfokuset er dei kvalitative elevintervjua. Det mest korrekte er derfor å omtale studien som kvalitativ. Dette vil også neste kapittel bere preg av; her diskuterer eg triangulering, reliabilitet og validitet frå eit kvalitativt perspektiv.

4.2. Triangulering, reliabilitet og validitet

Triangulering vil seie at ein bruker to eller fleire ulike metodar eller innfallsvinklar for å få innblikk i eit fenomen (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006, s. 317). I min studie har eg ulike innfallsvinklar: kvalitative intervju med elevar og lærarar, og kvantitativ spørjeundersøking. Eg nyttar kvalitativ og kvantitativ teknikk *parallelt*. Dette vil seie at eg bruker dei kvantitative resultatata til å få ei betre og djupare forståing av tala frå den kvalitative

undersøkinga. Dei kvantitative resultatane vil samstundes kunne seie noko om utbreiinga av funna frå den kvalitative delen (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006, s. 318). Slik kan eg gi meir dekkande beskrivingar av forholdet mellom elevintervjua i primærmaterialet og spørjeundersøkinga i sekundærmaterialet. Tertiærmaterialet står utanfor dette, sidan hensikta med dette er å beskrive konteksten rundt primær- og sekundærmaterialet.

I tillegg til at triangulering gjer at ein kan beskrive eit fenomen frå fleire innfallsvinklar og i større detalj, styrkjer det også prosjektet sin reliabilitet og validitet (Cohen, Manion, & Morrison, 2011, s. 197). Reliabilitet viser til pålitelegheita til ein studie og er avhengig av kva materiale som er samla inn, korleis det er samla inn og om det kan reproduserast. Kravet om at funna skal kunne reproduserast gjer det lite hensiktsmessig å nytte reliabilitetsomgrepet i tradisjonell forstand om kvalitativ forskning. Funna her oppstår, som tidlegare nemnt, i eit samspel mellom forskaren og informantane. Cohen, Manion og Morrison (2011) meiner likevel at omgrepet kan nyttast. Det som er viktig for reliabiliteten til ein kvalitativ studie er klare beskrivingar av designet og openheit rundt forskarens ståstad og korleis analysane er gjort. I tillegg vil bruk av triangulering styrkje reliabiliteten. Det at materialet er henta frå ulike innfallsvinklar og med ulike metodar, vil gjere resultatet meir reliabelt. Eg vil argumentere for at mi kvalitative undersøking er reliabel – i Cohen, Manion og Morrison si tyding av omgrepet. Eg har allereie gjort greie for overordna metodiske inngangar og vil vidare kome nærare inn på dei konkrete metodane. I kapittel 4.4 vil eg også gjere greie for min eigen ståstad som forskar.

Validitet viser til kor gyldig forskinga er, i kva grad ein metode undersøker det han har til hensikt å undersøke, og om han representerer røynda på ein truverdige måte (Cohen, Manion, & Morrison, 2011, s. 183; Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006, s. 199).

Metodetriangulering aukar sjansen for intern validitet (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006, s. 199). Slik eg beskreiv det ovanfor, kan dei ulike metodane brukast til å støtte opp om kvarandre sine funn. Tala frå spørjeundersøkinga kan vise at resultatane frå intervjua er valide, og intervjua kan utdjupe og forklare tala frå spørjeundersøkinga. Forskaren sine tolkingar av resultatet får større validitet når dei kan støttast opp med funn frå ulike metodar.

I kvalitative studiar kan ein ikkje snakke om at funna er generaliserbare. Utvalet er ikkje stort nok til å vere representativt. Det meste av forskning har likevel som mål å kunne brukast til å forklare meir enn det spesifikke materialet ein samlar inn. I kvalitative studiar snakkar ein derfor om kva overføringsverdi funna har. Overføringsverdien dreier seg om i kor stor grad ein greier å etablere beskrivingar, omgrep, tolkingar og forklaringar som er nyttig utover den konteksten dei oppstår i. Dei siste åra har det, slik eg har vist i kapittel 2.3, vore gjort fleire liknande studiar. Det at eg kan sjå funna mine opp mot desse arbeida, er med på å auke validiteten. Eg kan sjå om funna mine også har verdi utanfor kasuset eg studerer. Dette gjer at funna mine, sjølv om dei ikkje kan generaliserast, likevel kan vere eit bidrag til å forstå nynorskelevar også utanfor mitt spesifikke prosjekt.

4.3. Intervju og spørjeundersøking: Utforming og gjennomføring

Formålet med eit kvalitativt forskingsintervju er å forstå verda sett frå intervjupersonane si side, skriv Kvale og Brinkmann (2009) i boka «Det kvalitative forskingsintervjuet». Vidare skriv dei at det viktigaste målet med eit slikt intervju nettopp er å få fram betydinga av den erfaringa intervjupersonene sit på. Dette stemmer godt med det formålet eg har med mine intervju, der hensikta er å få eit innblikk i korleis elevane stiller seg til å ha nynorsk som hovudmål. Eg har vidare valt eit semistrukturert design på elevintervjua. Det vil seie at intervjuet ikkje har ein heilt fast struktur. Det har ein intervjuguide med forslag til tema og spørsmål, men artar seg meir som ein samtale enn ei rein utspørjing (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 53). Gjennom eit slikt design ønskte eg å gi intervjuobjekta rom til å uttrykkje det dei meinte, utan at dei vart avgrensa av dei strenge rammene i eit strukturert intervju. Eit semistrukturert intervju kan også verke mindre formelt og skremmande, og verke meir som ein samtale enn ei utspørjing, sjølv om det alltid vil vere ein asymmetrisk maktrelasjon mellom forskar og intervjuobjekt (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 53). Ei slik form for intervju kan gjere at elevane opplever situasjonen meir ufarleg og dette vil forhåpentlegvis gjere at elevane snakkar friare og gir meir detaljerte og ærlege svar.

Intervjuguiden (vedlegg 1) har altså til hensikt å invitere til opne svar, samstundes som han skal sikre meg svar på dei temaa eg ser på som sentrale. Desse temaa valde eg på bakgrunn av

tidligere forskning på elevar og målbytte, og på bakgrunn av teoriar eg såg på som moglege relevante forklaringar, jamfør kapittel 2 og 3. Ut frå dette vart intervjuguiden bygd opp rundt fem temabolkar:

1. Generelt forhold til nynorsk.
2. Bruk av nynorsk på skulen og i samfunnet.
3. Eleven sin bruk av nynorsk.
4. Eleven si oppleving av nynorsken sin status formelt og reelt, både lokalt og nasjonalt.
5. Eleven si framtid som nynorskbrukarar.

Spørjeundersøkinga vart bygd opp rundt dei same temabolkane. Der intervju er designa for å få djupare kunnskap om elevane sitt forhold til nynorsk, er spørjeundersøkinga sitt formål å støtte opp om eller avkrefte tendensar i elevintervju. Spørjeundersøkinga er derfor hovudsakleg bygd opp av fleirvalsspørsmål, men ho har også fire spørsmål der elevane vert bedne om å skrive meir utfyllande om kva dei meiner. Dette designet gjer at spørjeundersøkinga mi fell inn under det som Johannesen, Tufte og Kristoffersen (2006, s.224) kallar semistrukturerte spørjeundersøkingar. Det vil altså seie ein kombinasjon av lukka, prestrukturerte, spørsmål med oppgitte svaralternativ og opne spørsmål.

Formålet med tertiærmaterialet i denne avhandlinga er, som eg har vore inne på, å gi forståingsbakgrunn for primær- og sekundærmaterialet. Intervjuguiden (vedlegg 3) til lærarintervju og spørsmåla til dei vidaregåande skulane (vedlegg 4), er utforma med tanke på å svare på dei tre forskingsspørsmåla i problemstillinga mi, og med tanke på å gi utfyllande informasjon rundt enkelte tema i elevintervju og spørjeundersøking. Lærarintervju er, i likskap med elevintervju, semistrukturerte. Leiinga ved dei vidaregåande skulane har svart skrifteleg på opne spørsmål. Dette er eit val eg tok med tanke på plassen dei skulle ha i avhandlinga og tidsbruk. Sjølv om dei ikkje gir eit like fullstendig bilete som eit intervju, fyller dei sin funksjon i denne samanhengen. Intervju med lærarar og elevar føregjekk ein til ein, forskar til intervjuobjekt, og på spørjeundersøkinga var eg saman med elevane og informerte om prosjektet og svarte på spørsmål kring undersøkinga.

4.4 Etiske betraktningar

4.4.1 Samtykke

Mitt forskingsprosjekt er godkjent av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) og følger dermed krava om informert samtykke og anonymisering av deltakarane. I forkant av både spørjeundersøking og elevintervju fekk elevar og føresette eit skriv med informasjon om prosjektet mitt (vedlegg 5). I dette skrivet vart dei også bedne om å gi tilbakemelding på om dei ville at deira ungdom skulle delta i undersøkinga. Ungdommane sjølve hadde også moglegheit til å gi beskjed dersom dei ikkje ville delta. Eg har fått skriftleg samtykke frå dei føresette til alle elevane som har deltatt i prosjektet. Frå lærarane har eg innhenta munnleg samtykke, og dei vidaregåande skulane er informerte og har samtykt over e-post. Både skulen, bygda og alle deltakarane er anonymiserte i samsvar med NSD sine krav.

4.4.2. Forskarrolla

I kapittelet om reliabilitet og validitet viste eg til viktigheita av at forskaren er open om sitt eige standpunkt. Dette er spesielt viktig i kvalitativ forskning sidan materialet som vert skapt er unikt; det er eit resultat av samspelet mellom forskaren og informantane, og presentasjonen av funna er eit resultat av forskaren si tolking. Situasjonen og resultata kan dermed ikkje rekonstruerast på akkurat same måte av andre. Derfor er det svært viktig med gjennomsiktighet, både rundt metodeval og gjennomføring, som eg har beskrive over, men også rundt kva synspunkt og ståstad forskaren har. Det beste ein kan gjere for å styrkje reliabiliteten og validiteten, er derfor å vere open om kvar ein står som forskar. Dette er viktig i all kvalitativ forskning, men kanskje spesielt når forskinga omtalar eit så politisk tema som forholdet mellom nynorsk og bokmål.

I mange sine auge vil nok valet mitt om å skrive avhandling om nynorsk, plassere meg som nynorskforkjempar. Dette er for så vidt ikkje feil; eg er glad i nynorsk, men har ingen antipatiar overfor bokmål. Eg ser den tospråklege situasjonen vi har i Noreg som ein ressurs, og for å behalde denne ressursen, treng vi både nynorsk og bokmål. Ut frå dette ser eg på den språklege lekkasjen frå nynorsk til bokmål som eit tap for språkmangfaldet, og eg har eit ønske om at lekkasjen skal minke. Eg støttar meg også på stortingsmelding 35, *Mål og*

meining (St.meld. nr. 35, 2008), si målsetting om at det skal vere mogleg å nytte nynorsk i alle situasjonar. I arbeidet med denne avhandling har eg prøvd hardt å ikkje få slagside mot nynorsksympatiane mine. Eg har prøvd å vere objektiv, både i utforming av intervjuguidar og spørjeundersøking, i gjennomføringa av intervjuet og i tolking og analyse av materialet. Mi oppleving er at eg har lykkast med dette. Som ein reisande forskar er eg klar over kva bagasjen min rommar. Eg kan ikkje sette han frå meg, men eg har prøvd å plassere han diskre i eit hjørne.

5. Informantane

I metodekapittelet har eg gjort greie for designet til forskinga mi og for korleis eg har gjennomført ho. Dette kapittelet handlar om dei som har deltatt i undersøkingane mine, om informantane. Eg vil gjere greie for kvifor eg har valt dei informantane eg har, og for kven dei er. Eg vil starte, i kapittel 5.1, med det mest grunnleggande: valet av skulen. Vidare vil eg i kapittel 5.2 gjere greie for val av elevinformantar. I det siste underkapittelet, 5.3, vil eg både grunngi valet av informantane i tertiærmaterialet, og presentere funna i dette materialet.

5.1. Skulen og bygda

Skulen undersøkinga er gjort ved er valt ut frå fleire kriterium. Først og fremst var det sjølvsagt viktig at skulen var ein ungdomsskule med nynorsk som undervisningsmål. Vidare har det vore viktig at skulen ligg i det ein kan definere som ei randsone for nynorsk. Skulen valet til slutt fall på, ligg i ei språknøytral kommune i Møre og Romsdal. Fram til kommunen vart slått saman med nabokommunen i 2006, var nynorsk administrasjonsmålet, og alle skulane hadde nynorsk som hovudmål. I samband med kommunesamanslåinga var det ein stor debatt kring kva som skulle vere opplæringsmålet i kommunen. Saka vart avgjort ved folkeavstemming, og ved den ungdomsskulen eg har utført undersøkingane mine, vart det eit relativt klart fleirtal for å halde på nynorsken. Ved kommunen sin andre ungdomsskule vart opplæringsmålet bokmål. Etter at det var bestemt at opplæringsmålet ved ungdomsskulen «min» framleis skulle vere nynorsk, var mange foreldre misfornøgde. I nokre år etterpå var det mykje diskusjon, og mange av elevane valde bokmål som hovudmål. I ein periode var det også reine bokmålsklasser ved skulen. Slik er det ikkje lenger. I følgje lærarane som er intervjuja, aksepterer så godt som alle foreldra no at nynorsk er hovudmålet. Inntrykket lærarane sit att med, er at dei fleste foreldra likevel bruker bokmål sjølve, trass i at fleirtalet har hatt nynorsk som hovudmål på skulen. Elevintervjua støttar opp om dette. Elevane seier at utanfor skulen bruker både dei og foreldra mest bokmål. Sjølv om kommunen er språknøytral og skulen i bygda har nynorsk som opplæringsmål, føregår mykje av den skriftlege kommunikasjonen i bygda på bokmål.

Kommunen har ingen vidaregåande skule. Dei fleste elevane går på vidaregåande i ein av nabokommunane. Begge desse kommunane har bokmål som administrasjonsspråk, og målforma i grunnskulen og på vidaregåande er, utan unntak, bokmål. På bakgrunn av beskrivinga ovanfor meiner eg at kommunen og bygda skulen ligg i, kan kategoriserast som eit område der nynorsken er under press, og som ei randsone for nynorsken.

5.2. Intervju og spørjeundersøking

Valet av informantar til spørjeundersøkinga heng tett saman med val av skule. Når skulen var valt, vart tiande trinn, med bakgrunn i ønske om å sjå på kva forhold nynorskelevane har til eige hovudmål året før dei begynnar på vidaregåande, mine informantar i spørjeundersøkinga. 36 elevar, 16 gutar og 20 jenter, har deltatt i undersøkinga. Alle elevane har nynorsk som hovudmål. Elevane på dette trinnet er fordelt på to klasser. Dei to klassene har ulike lærarar, men følgjer dei same planane i norsk, og norsklærarane i dei to klassene samarbeider tett. Det er derfor rimeleg å anta at dei to klassene har fått omtrent det same innhaldet i norskundervisinga.

Som eg allereie har nemnt i kapittel 4.2, er ikkje hensikta med denne studien å skape generaliserbar kunnskap. Det er derfor heller ikkje viktig med eit representativt utval. Likevel er det viktig å tenkje over kvifor og ut frå kva kriterium ein vel informantar. Utvalet av informantar til undersøkingane mine kan kategoriserast som eit strategisk utval, det vil seie at valet har eit klart formål (Johannessen, Tuft, & Kristoffersen, 2006, s.106). I mitt tilfelle var formålet å få intervjuer nynorskelevar som var villige til å fortelje om sitt forhold til nynorsk. Eg valde derfor ut informantar til intervjuet i tett samarbeid med lærarane på trinnet. For å hindre at gruppa vart for homogen var eg klar på at eg ikkje ønska å snakke med elevar som hadde dei «rette» meiningane. Eit anna kriterium var at elevane måtte vere villige til å snakke. Mitt ønske var sånn sett å få snakke med elevar som på best mogleg måte ga uttrykk for dei ulike meiningane på trinnet. Eg ønska også variasjon med tanke på kjønn. Valet fall derfor på tre jenter og tre gutar som lærarane meinte fylte kriteria. Ut frå omsynet til anonymisering vert elevane ikkje omtalte med eigne namn, i det vidare vil eg omtale dei som Hallvard, Ivar, Jo, Marit, Reidun og Åse.

Sjølv om fleire av kriteria fokuserer på variasjon, vil eg likevel beskrive utvalet til både spørjeundersøking og elevintervju som eit relativt homogent utval. I følgje Johannessen, Tufte og Kristoffersen (2006, s.108) har eit slikt utval liten variasjon ut i frå sentrale kjenneteikn og eignar seg godt til å få fram både samsvarande og ulike erfaringar innanfor ei relativt homogen gruppe. I mi undersøking er dei felles kjenneteikna at elevane har nynorsk som hovudmål, går på same skule, på same klassetrinn og har vokse opp i same bygd. Dette gjer at utvalet mitt eignar seg godt til å seie noko om like og ulike erfaringar med å ha nynorsk som hovudmål. Analysen av materialet vil vise at dei er relativt homogene også med tanke på dette.

5.3. Lærarane og dei vidaregåande skulane: Utval og bakgrunn

5.3.1. Lærarane

Materialet som er samla inn frå lærarar består av tre intervju. Dei tre lærarane vart valde på bakgrunn av at dei er norsklærarar ved tiande trinnet på den skulen der spørjeundersøkinga og elevintervjua vart gjennomførte. Lærarane deler norskansvaret på trinnet og intervjua vil derfor teikne eit godt bilete av norskundervisinga. Alle dei tre lærarane, to kvinner og ein mann, har jobba lenge som lærarar og har mykje erfaring. Dei tre lærarane har alle nynorsk som hovudmål, og har også hatt det i oppveksten. Nynorsk er arbeidsspråket deira, og dei gir uttrykk for at dei er både kompetente og glade i nynorsk. Dei to kvinnene har hatt nynorsk som hovudmål heile livet, men har i periodar undervist på skuler med bokmål som hovudmål, og har då nytta bokmål. Mannen hadde nynorsk som hovudmål på barne- og ungdomsskulen, men bytte til bokmål på vidaregåande. Han fortel at han gjorde det fordi at det var lettare å få gode karakterar i bokmål. Alle dei tre lærarane kjem frå området rundt ungdomsskulen.

Alle lærarane fortel at dei i norskundervisinga har tematisert forholdet mellom nynorsk og bokmål. Dei seier at dei har snakka mykje om at det er ein fordel for elvane å ha nynorsk som hovudmål, med tanke på at det er lettare å ha bokmål som sidemål. Dei opplever det som lettare for elevar med nynorsk som hovudmål å lære bokmål, enn omvendt. Kvifor det er slik har dei ikkje har snakka like mykje om, fortel lærarane, men dei har knytt det opp mot at det

er ei generell overvekt av bokmål i samfunnet. Slik får ein ei gratis innlæring av bokmål som ein ikkje får med nynorsk.

Den eine av dei kvinnelege lærarane og den mannlege fortel også at dei har snakka om at elevane har moglegheita til å velje hovudmål når dei byrjar på vidaregåande. Den andre kvinnelege læraren kan ikkje hugse å ha tatt opp dette i si undervising, men ho har sjeldan undervising i heile klassar på trinnet. Ho tar oftast ut mindre grupper frå vanleg undervising, og ein kan derfor gå ut frå at dei to andre lærarane har nådd ut til dei fleste elevane. Dei to lærarane som har snakka med elevane om val av hovudmål på vidaregåande, har begge fortalt om sine eigen erfaringar med dette, for kvinna sin del å halde på nynorsken og for mannen å velje nynorsken vekk på vidaregåande, for så å ta han i bruk att seinare i livet. Begge to seier at dei er klare på at elevane må velje sjølv, men at dei har råda dei til å halde på hovudmålet sitt.

For elevane er nynorsk eit språk som høyrer skulen til, seier alle dei tre lærarane. Dei trur ikkje elevane er negative til nynorsk, dei har det som hovudmål og syns det er heilt ok å bruke det, men ingen av lærarane trur at elevane bruker nynorsk på fritida. Der går det i dialekt og bokmål. Lærarane sitt inntrykk er at dei fleste elevane ikkje er særleg bevisste rundt hovudmålet sitt. Skulen dei byrja på i første klasse, var tilfeldigvis ein skule med nynorsk som hovudmål; derfor skriv dei nynorsk. Slik lærarane opplever det, kunne elevane like gjerne ha skriva bokmål dersom det var hovudmålet på skulen.

5.3.2. Dei vidaregåande skulane

Det ligg tre vidaregåande skular i dei to nabokommunane til skulen elevane går på. Sjølv om ein del av elevane vel å reise lenger bort for å gå på vidaregåande, er det på skulane i nabokommunane dei fleste endar opp. Eg tok kontakt med rektorane ved dei tre vidaregåande skulane, men fekk svar frå berre to. Den eine skulen, heretter kalla VGS1, har både studiespesialiserande studieprogram og yrkesfag, medan den andre, heretter omtalt som VGS2, har berre yrkesfag. Begge rektorane eg fekk svar frå sende meg vidare til den fagansvarlege på norskseksjonen ved dei respektive skulane. Det er desse to fagansvarlege

som har svart på mine spørsmål over e-post. Gjennom dette har eg fått eit bilete av korleis dei vidaregåande skulane forhold seg til målbyte.

På VGS1 går det ingen elevar som har nynorsk som hovudmål. Skulen har heller ingen rutinar for val av hovudmål ved skulestart. I følgje representanten for leiinga meiner dei at valet av hovudmål er noko som skjer før elevane startar på vidaregåande. Dei informerer verken om at elevane har rett til å byte eller om kva rettar dei har i forhold til det hovudmålet dei vel.

Representanten for leiinga er klar over at det kjem ein del elevar som har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare til skulen, men at desse, i følgje han, går over til å bruke dette som sidemål på vidaregåande. Det vert ikkje sagt direkte, men det kan verke som om elevane på denne skulen automatisk vert registrert som bokmålselevar når dei startar på den vidaregåande skulen. Dersom elevane skal ha nynorsk som hovudmål, verkar det altså som om dei sjølve må ta initiativ til dette.

Situasjonen på VGS2 er litt annleis. Heller ikkje her er det mange elevar som har nynorsk, men ti elevar har valt det som hovudmål. Informanten min gir uttrykk for at dette «ikkje [er] nokon imponerende prosent, når vi er ein så enormt stor skule». Skulen er ein yrkesskule, og på yrkesfag treng dei ikkje registrere elevane sitt hovudmål nokon stad. Lærarane informerer berre kort ved starten av skuleåret om at elevane kan velje hovudmål, og får munnleg beskjed tilbake om kva målform dei vil ha. Sjølv om skulen får mange elevar frå ungdomsskular der nynorsk er hovudmål, har min informant, gjennom sine elleve år som lærar, hatt berre fire elevar som har valt nynorsk som hovudmål. Tre av desse kom frå område der nynorsken står sterkt og kan reknast som eit samfunnsberande språk. Informanten fortel vidare at andre lærarane ved skulen fortel om liknande erfaringar. Dei opplever at elevar som kjem frå nynorsken sine kjerneområde, er meir bevisste på å halde på nynorsk, og at dersom ein elev vel å halde på nynorsken, er det lettare for andre i same klasse å følgje etter.

Informanten min viser vidare til at språkval er eit tema skulen har hatt lite fokus på. Ingen har tenkt på det som ei utfordring. Ho gir uttrykk for at dette er noko dei vil fokusere meir på framover, no som dei er bevisste på det. Skulen skal ta det opp på eit komande møte, og ho meiner dei bør endre måten dei legg fram valet av hovudmål på for elevane. Informanten

meiner at det bør presenterast på ein måte som gjer det attraktivt å velje etter hjartet og ikkje etter det alle andre gjer.

6. Analyse og drøfting

I dette kapittelet vil eg analysere og drøfte funna frå spørjeundersøkinga og elevintervjua. Grunnen til at eg har valt å drøfte fortløpande, er at det er mange ulike aspekt som må drøftast i materialet mitt, og eit eige drøftingskapittel vil kunne bli opplevd som ei oppattaking av poenga i analysen. Før eg tar fatt på analysen og drøftinga, vil eg presentere analysemetoden eg har brukt. Seinare vil eg representere hovudtendensar i materialet, eller som Kvale (2001, s. 127) kallar det, *meningsfortettingar*, og sjå desse opp mot bakgrunnen i kapittel 2 og 5 og mot teorien presentert i kapittel 3.

6.1. Analysemetode og transkripsjon

I følge Kvale (2001) er *meningsfortetting* ein analysemetode som går ut på å finne hovudtendensane i eit materiale, dei naturlege meningseiningane, og gjennom presentasjon av temaa som dominerer dei ulike einingane, kome fram til eit svar på det ein forskar på. Meningseiningar er einingane forskaren har delt materialet inn i, ut frå ei kjensle for kva naturlege tema som er markante i materialet. Forskaren må ut frå sine eigne tolkingar forsøke å få fram intervjuobjekta sine synspunkt. Dette gjer han gjennom å presentere dei temaa som dominerer dei ulike meningseiningane, så enkelt og klart som mogleg (Kvale, 2001, s. 127). Ut frå tolkinga kan ein undersøke temaet i dei ulike meningseiningane, i lys av studien sitt spesifikke mål og teori. I mitt materiale har eg først sett etter naturlege meningseiningar i resultata frå spørjeundersøkinga. Ut frå dei einingane eg har funne der, har eg leita etter dei same i elevintervjua. Dei forskjellige underkapitla i dette analyse- og drøftingskapittelet byggjer på desse fortettingane av mening. Eg forsøker å uttrykkje dei ulike temaa som dominerer dei ulike einingane. Fokuset i analysen er dermed retta mest mot kva fleirtalet meiner. Der det er mange avvikande og interessante meningar, har eg likevel valt å belyse desse, for å få fram heile biletet.

For å klargjere intervjua for analyse, har eg transkribert dei frå munnleg tale til skriftleg tekst. Denne prosessen i seg sjølv er ei tolking av materialet, og forskaren tar ein rekkje val ut frå

kva formål ein har med transkripsjonen (Kvale, 2001, s. 47, 67). Ulike undersøkingar krev ulik transkripsjon. For mitt formål har eg valt å transkribere på standardisert nynorsk. Eg har vidare valt å halde meg nære opp til ordlyden i det elevane seier. Transkriberinga er likevel ikkje heilt ordrett; enkelte stader, der elevane har ufullførte setningar som ikkje tilfører meinig, har eg valt å kutte. Lange pausar, nøling og latter er markert i transkripsjonen, men eg har ikkje transkribert så detaljert at trykk og tonefall er tatt med. Dette har eg ikkje sett på som nødvendig for min analyse. I den vidare analysen vil utdrag av transkripsjonen kome fram i sitata frå elevane. Eg presenterer derfor transkripsjonsnøkkelen min her:

[-]	Pause på meir enn tre sekund
[..]	Pause kortare enn tre sekund
[latter]	Latter
A:	Ane, intervjuar
I, H, J, Å, R, M,	Ivar, Hallvard, Jo, Åse, Reidun, Marit

Tabell II: Transkripsjonsnøkkel.

6.2. Passar nynorsk i alle situasjonar?

I elevane sine svar på spørjeundersøkinga kjem det fram at berre éin av dei 36 elevane synest det passar å bruke nynorsk i alle situasjonar. 19 av elevane synest det passar å bruke nynorsk i mange situasjonar og 15 synest at nynorsk passar dårleg i dei fleste situasjonar, som vist i tabell III.

Passar det å nytte nynorsk i alle situasjonar?	Reelle tal
Ja, i alle situasjonar	1
I mange situasjonar	19
Nynorsk passar dårleg i dei fleste situasjonar	15
Har ikkje svart	1

Tabell III: Passar det å nytte nynorsk i alle situasjonar?

Desse resultatata må seiast å vere oppsiktsvekkande. Det at elevane sjeldan eller aldri synest sitt eige hovudmål passar, seier noko om statusen til nynorsk på den språklege marknaden, jamfør Bourdieu (1991) i kapittel 3.

For å komme tettare på elevane sin språkbruk kan ein sjå nærare på kva målform dei nyttar mest, eller ville ha nytta, i ulike situasjonar. På desse spørsmåla har ein del av elevane kryssa av for fleire svaralternativ. Dette er sannsynlegvis for å markere at dei vekslar mellom ulike målformer eller bruker målformene like mykje. I tabell IV er elevane sine svar på kva målform dei bruker mest på facebook, SMS/chat og e-post, presentert:

Kva målform bruker du mest kvar?	Facebook	SMS/ chat	E-post
Nynorsk	2	3	5
Bokmål	4	2	20
Dialekt	34	34	8
Ikkje svart			5

Tabell IV: Kva målform bruker du mest kvar?

Det kjem klart fram av elevane sine svar at dialekt er det mest brukte skriftspråket på facebook og SMS/chat. Noko som ikkje kjem fram av tabellen, men som likevel er interessant, er at fleirtalet av elevane som har kryssa av for at dei bruker enten nynorsk eller bokmål på facebook og SMS/chat, ikkje har dette som einaste svaralternativ. Dette illustrerer at elevane har eit breitt språkleg repertoar, og at dei truleg vel språkform avhengig av situasjon og mottakar. Denne tendensen ser ein igjen i intervjua og i tabell V, som viser elevane sine svar på kva målform dei ville valt i ulike situasjonar.

Kva for målform ville du brukt dersom du skulle ha skrive	Jobbsøknad	Debattinnlegg i lokalavisa	Annonse på finn.no	Plakat til butikken i sentrum	Blogg
Nynorsk	19	14	11	12	2
Bokmål	21	22	28	24	22
Dialekt		2		5	8
Ikkje svart					3

Tabell V: Kva målform ville du skrive på?

Den klare tendensen i tabell V er at bokmål dominerer. Dersom ein ser tala frå tabell V opp mot tala i tabell III, ser ein at elevane har klare formeiningar om kva situasjonar det passar å bruke dialekt, nynorsk og bokmål i. SMS og facebook er dominert av dialekt, medan debattinnlegg, annonse på finn.no, plakat i butikken og blogg er dominert av bokmål. Denne delinga finn ein også att i elevintervjua. Eg vil diskutere og eksemplifisere denne tendensen

nærare i kapittel 6.2.1. Noko anna som er interessant å merke seg, er at dei fleste elevane vel bokmål i dei nemnde media, sjølv om den tenkte mottakaren er nokon i lokalsamfunnet. Det er nesten like mange elevar som ville ha skrive ei annonse på finn.no på nynorsk, som det er elevar som ville ha skrive ein plakat til å henge opp på butikken i sentrum, på nynorsk. Dette kan tyde på at nynorsk ikkje har spesielt høg status i lokalmiljøet, trass i at det er, og har vore, hovudmålet på den lokale skulen. Dette stemmer også godt med biletet lærarane teiknar av lokalsamfunnet. Dei opplever at utanfor skulen føregår det meste av kommunikasjon på bokmål eller dialekt, både blant elevar og foreldre.

I tabell VI dreier spørsmåla bort frå kva målform elevane bruker mest når dei skriv, og inn på kva målform dei les.

Kva målform les du mest på?	Skulebøker	Andre bøker	Aviser/ blad	Blogg	Internett
Nynorsk	30	7	9	6	1
Bokmål	6	22	27	25	25
Engelsk		12	3	6	18
Anna				5	2
Ikkje svart				2	

Tabell VI: Kva målform les du mest på?

I likskap med resultatane i tabell VI dominerer bokmål også her. For dei fleste elevane er nynorsk noko dei først og fremst les på skulen, i alle andre samanhengar les dei mest bokmål. At 30 av elevane seier dei lest mest nynorsk i skulebøker, er ikkje overraskande. Elevane har nynorsk som hovudmål og skal ha bøkene på nynorsk. Det som er meir interessant, er at fire elevar med nynorsk som hovudmål meiner dei les mest bokmål på skulen. Kvifor dei meiner dette, er vanskeleg å få greie på ut frå spørjeundersøkinga åleine, men eg vil drøfte det nærare i kapittel 6.2.3. Det er også verdt å merke seg at mange av elevane les mykje engelsk, både i skjønnlitteratur og på internett. Gjennomgåande er det fleire elevar som kryssar av for at dei les mest engelsk, enn det er elevar som kryssar av for at dei les mest nynorsk. Ut frå dette kan det sjå ut som elevar med nynorsk som hovudmål vert eksponert for både meir bokmål og meir engelsk utanfor skulen, enn for sitt eige hovudmål. Ser ein dette opp mot Bourdieu (1991) sin teori om symbolsk kapital på den språklege marknaden, tyder dette på at både

engelsk og bokmål har større symbolsk verdi og står høgare i det språklege hierarkiet enn nynorsk.

6.2.1. Nynorsk passar ikkje i alle situasjonar

Tala i spørjeundersøkinga, som eg har referert til over, gir eit klart bilete: Dei fleste elevane synest ikkje nynorsk passar i alle situasjonar. Dette utgjer ei sentral meiningsaning både i dei kvalitative og kvantitative analysane mine. I det følgjande vil eg gå djupare inn på korleis dette også kjem fram i elevintervjua, der alle elevane seier det same: Nynorsk passar ikkje over alt. Dei fleste elevane set nynorsk opp mot bokmål når dei seier at nynorsk ikkje passar. Tala frå spørjeundersøkinga viser likevel at det ikkje er berre bokmål og nynorsk som konkurrerer på den språklege marknaden. I mange situasjonar er skriven dialekt ein reell konkurrent. Ivar illustrerer dette godt i sitatet under:

A:[eh] Når du skal skrive på fritida då, korleis, kva bruker du å skrive på då? Bokmål eller nynorsk, eller dialekt?

I: [eh] Ja, som sagt når det er formelt då for eksempel. Eg er med i ungdomsrådet her, så [eh] eg skriv alltid nynorsk når eg skal skrive e-maila, sånn til leiaren der.

A: Ja.

I: Så, men sånn viss eg skal sende meldingar til kompisar, eller noko sånt, då er det alltid dialekt.

Ivar skil her mellom formelle situasjonar, der han vel å bruke det standardiserte skriftspråket nynorsk, og uformelle situasjonar der han vel å skrive dialekt. Dette er den same inndelinga ein finn igjen i spørjeundersøkinga. Spørjeundersøkinga viser at dialektbruk har større omfang enn bokmål og nynorsk til saman på facebook, SMS og chat, jamfør tabell IV over. Alt dette kan kategoriserast som uformelle situasjonar, det motsette av dei formelle situasjonane der Ivar trekkjer fram at han vel nynorsk. Ein finn tilsvarende inndeling i Proba-rapporten (2014, s. 12-13) og i rapportane frå Valdres (Garthus, 2009, s.17). I sitatet under illustrerer Hallvard dette godt, han vel dialekt i uformelle situasjonar og standardisert skriftspråk i formelle:

A: Ja [...] Når du skriv på fritida, kva for målform skriv du mest på?

H: Eh, er dialekt også med?

A: Mm, ja, dialekt er også ei målform her.

H: Ok, ja då seier eg dialekt ja [latter].

A: Mm, varierer det etter kva du skriv eller?

H: Eh, ja det gjer jo det. Kven eg skriv til og sånn. Skal det vere nokre søknadar eller sånn der offentlege greier så vert det jo enten bokmål eller nynorsk.

Dette sitatet er interessant på fleire plan. Først er det interessant å sjå at dialekt er den «målforma» Hallvard bruker *mest*. Dette er ein gjengangar i intervjumaterialet. Fleire av elevane seier faktisk at dialekt er den einaste skriftforma dei nyttar på fritida. Dette biletet endrar seg når dei, som Hallvard, vert spurde om målforma varierer etter kva dei skriv eller når konkrete situasjonar, som jobbsøking og avisartikkel, vert nemnde. Det kan vere at elevane i utgangspunktet berre tenkjer på uformelle situasjonar når dei vert spurde om fritid, og at formelle situasjonar som jobbsøking i utgangspunktet hamnar i ein anna kategori, sjølv om det skjer utanfor skulen. Det andre som er verdt å merke seg i sitatet, er at Hallvard spør om dialekt er ei målform. Dette kan tolkast som at Hallvard eigentleg veit at dialekt ikkje er eit offisielt skriftspråk. Latteren til Hallvard, etter at han har sagt at han skriv mest dialekt, er med på å støtte opp under dette. Åse og Jo viser også teikn på at dei veit dialekt ikkje offisielt er ei målform dei kan velje. Dei ler eller nøler når dei svarer, noko som kan indikere at dei veit at dialekt ikkje er ei målform, men at dei samstundes har behov for ein slik kategori når dei skal gjere grei for skriftspråksbruken sin. Ivar, Marit og Reidun ser ikkje ut til å tenke over dette, dei svarer dialekt med like stor sjølvfølgje som bokmål eller nynorsk. Alle elevane vil likevel bruke eit standardisert skriftspråk i formelle situasjonar. Spørjeundersøkinga viser at heile 34 av 36 elevar vil nytte dialekt i uformelle situasjonar. Berre 2 seier dei vil nytte nynorsk, og fleirtalet av desse har kryssa av for dialekt i tillegg. Det er ein interessant tendens at så få elevar vil nytte hovudmålet sitt i uformelle samanhengar. Kva dette kan seie om elevane sitt forhold til nynorsk, kjem eg nærare inn på i kapittel 6.3.

Det at elevane vel dialekt i uformelle samanhengar er ei sentral meiningseining, og kan vere ei mogleg forklaring på kvifor så få synest nynorsk passar i alle situasjonar. I intervjuet har imidlertid dei fleste elevane tolka dette spørsmålet til å gjelde forholdet mellom nynorsk og bokmål, sjølv om dei bruker dialekt i uformelle samanhengar. Det er berre Ivar som stiller nynorsk opp mot dialekt i denne samanhengen. I spørjeundersøkinga har 19 av 36 elevar kryssa av for alternativet *nynorsk passar i mange situasjonar*. Saman med den eine eleven som har kryssa av for at nynorsk passar i alle situasjonar, utgjer dei over halvparten av

elevane. Tala på kor mange som har kryssa av at dei faktisk vil bruke nynorsk i spesifikke situasjonar, er lågare enn dette. Det kan verke som om det er forskjell på kva elevane synest passar i *prinsippet* og på kva dei bruker i *praksis*. Denne tendensen ser ein att i intervju. Ingen av elevane syns det passar å nytte nynorsk i alle situasjonar, men fleire av dei meiner det eigentleg skulle vore uproblematisk. Hos Hallvard kjem dette tydeleg fram:

A: Ja [latter]. Vi har jo vore litt inne på det før; synest du det passar å bruke nynorsk i alle situasjonar?

H: Ehm, eigentleg så skulle det ha gått greitt, men så vert det berre til at ein bruker bokmål likevel. For det er jo det dei fleste andre bruker, så.

Hallvard meiner altså at det i prinsippet burde ha gått greitt å nytte nynorsk i alle situasjonar, men i praksis er det ikkje slik. Dette kan tyde på at han eigentleg veit at dei to målformene er formelt likestilte, men at han ikkje opplever det slik i realiteten, der passar det ikkje alltid å bruke nynorsk. Alle dei andre elevane som vert intervju, nemner også dette, direkte eller indirekte. Lærarane som vert intervju, fortel at dei har undervist om at bokmål og nynorsk er jamstilte, og om at begge målformene skal kunne brukast overalt. Det kan vere denne undervisinga ein ser resultatet av når elevane i intervju seier at nynorsk *eigentleg* passar, og når fleire elevar i spørjeundersøkinga kryssar av for at nynorsk passar i mange situasjonar, enn dei som oppgir at dei *faktisk* vil bruke nynorsk i dei same situasjonane.

I samsvar med resultatata frå spørjeundersøkinga seier fire av elevane som er intervju, at dei vil nytte bokmål i formelle situasjonar. Unntaket er Ivar og Marit. Ivar vil nytte nynorsk og Marit vil byte mellom nynorsk og bokmål ut frå kven mottakaren er. Mottakarfokusset ser ein att hos fleire av elevane, og det gjeld både i formelle og uformelle situasjonar. Elevane har stor språkleg breidde og byter målform ut frå kven mottakaren er. Forskarane bak Probarapporten (2014, s.35) finn også denne språklege breidda hos nynorskelevane dei intervjuar. Elevane skriv som regel dialekt på SMS, dette gjeld også Åse. Ho seier at ho skriv mest dialekt på fritida, og at ho nesten alltid skriv dialekt på SMS. Sitatet under viser likevel at «alltid» er ei sannheit med modifikasjonar. I nokre samanhengar tilpassar Åse seg mottakaren:

Å: Eller det spørst jo kven eg skriv til, då.

A: Ja, men viss det er til venar?

Å: Ja, då skriv eg dialekt. Men eg har jo for eksempel søskenbarn i Oslo, så då skriv eg bokmål. For det er jo mykje lettare å bli forstått når ein skriv bokmål

Det er interessant å sjå at for Åse er det naturlege valet, når dialekt kjem til kort, bokmål; ikkje hovudmålet hennar, nynorsk. Grunnen til dette kan vere, slik Mæhlum (2007) skriv, at bokmål vert oppfatta som nasjonalt og nynorsk som lokalt. Ved å velje bokmål i kommunikasjon med kjende i hovudstaden tilpassar ho seg mottakaren, samstundes som ho signaliserer at bokmål er overordna nynorsk og dialekt. Åse opplever at ho gjer seg betre forstått med bokmål, enn med nynorsk og dialekt. Dette indikerer at både nynorsk og dialekt vert opplevd som lokalt.

Mottakarorienteringa ser ein også i resultatata frå spørjeundersøkinga. Fleire elevar har kryssa av for meir enn eitt svaralternativ i kvar situasjon. Fleire seier mellom anna at dei bruker både dialekt, nynorsk og bokmål på facebook. Når ein ser dette i lys av intervjua, kan forklaringa vere at elevane vil veksle mellom dei ulike formene alt etter kven mottakaren er. Det same gjeld for andre situasjonar: Nokre elevar har for eksempel kryssa av for at dei kunne ha brukt både bokmål og nynorsk dersom dei skulle ha skrive ein jobbsøknad. Dette kan vere eit uttrykk for at dei opplever at nynorsk passar til nokre mottakarar og bokmål til andre. I intervjuet med Marit tar ho opp nettopp dette. Marit er positiv til nynorsk og liker betre å skrive nynorsk enn bokmål, men også ho synest at det ikkje alltid passar. Ho har lyst til å bli lærar og ser for seg å arbeide på skulen der ho går no. Skal ho søke stilling der, vil ho skrive søknaden på nynorsk. Viss ho skal søke ved ein anna skule, stiller det seg annleis.

A: Nei, men viss du skulle ha skrive ein jobbsøknad då, kva hadde du skrive han på?

M: [-] Veit ikkje, det kan hende at eg faktisk hadde kome til å skrive nynorsk. For at vi skreiv jo nynorsk på konfirmasjonskorta mine for eksempel.

A: Ja?

M: Og, for det er jo nynorsk som, men det spørst jo litt kven den er til og då. Viss det hadde vore ein jobbsøknad på skulen her så trur eg i alle fall eg ville ha skrive nynorsk.

A: Mm.

M: Men viss det hadde vore i Trondheim eller Oslo eller noko sånt, så ville eg ha skrive bokmål kanskje [...] For det er jo fleire som har bokmål [...].

Marit ville altså ha skrive nynorsk lokalt, men dersom søknaden skulle ut av heimbygda og til ein by, ville ho ha valt bokmål. Dette viser endå tydeligare enn sitatet frå Åse at elevane har ei

oppleving av at bokmål er nasjonalt, medan nynorsk er lokalt. Dette ser ein igjen hos alle elevane, med unntak av Ivar, dei opplever at bokmål er noko som alle forstår og kan, medan nynorsk berre vert brukt og forstått av ein liten minoritet. Sjølv om bokmål og nynorsk er formelt jamstilt, vert bokmål sett på som eit nasjonalt språk med høg symbolsk kapital, medan nynorsk vert sett på som lokalt og med låg symbolsk kapital (Bourdieu, 1991). For elevane har nynorsken sin status og symbolske kapital fleire likskapar med skriven dialekt, som ikkje er ei standardisert skriftform, enn med bokmål. Dette stemmer også med biletet Mæhlum (2007, s. 196-197) teiknar av forholdet mellom nynorsk og bokmål. Trass i sin nasjonale status, vert nynorsk, på same måte som dialekt, opplevd som lokalt. I det neste kapittelet skal eg gå nærare inn på kvifor elevane opplever det slik.

6.2.2. Kvifor passar ikkje nynorsk i alle situasjonar?

I tabell IV ser ein klart at elevane møter meir bokmål enn nynorsk i samfunnet rundt seg, både når dei les på internett og i bøker. Dette bekreftar elevintervjua. Det er berre Marit som seier at ho les like mykje nynorsk som bokmål; Ivar tenkjer ikkje over kva målform han les, og dei resterande seier at dei les mest bokmål. I tillegg les alle mykje engelsk. Dette samsvarar med tala frå spørjeundersøkinga, jamfør tabell VI. Det er eit tankekors at elevane les meir engelsk enn dei les sitt eige hovudmål. Ut frå dette kan det sjå ut som engelsk er høgare oppe i hierarkiet på den språklege marknaden enn nynorsk. Hallvard har det også på denne måten, og sitatet under illustrerer kva målformer dei fleste av elevane i intervjua les mest på i ulike situasjonar:

A: Ja. Kva med når du les då? Vert det mest bokmål eller nynorsk der?

H: [...] Nei, det er bokmål som oftast. Det er jo det ein ser mest på internett og i bøker og [...]

A: På skulen då?

H: Der er det nynorsk [...] Du får nynorsk bøker om du har det som hovudmål.

A: Ja. Så på skulen vert det mest nynorsk, men på fritida?

H: Vert det bokmål. Og på internett vert det ein del på engelsk også.

A: Ja, meir engelsk enn norsk?

H: Det spørst litt kva eg held på med [...] Men det vert i alle fall meir engelsk enn nynorsk.

Utanom skulen les Hallvard mest bokmål, men på internett les han også mykje engelsk. Ut frå det Hallvard seier, kan ein tolke at han i enkelte situasjonar les meir engelsk enn norsk, men generelt vert det meir norsk enn engelsk. Dersom ein ser engelsk opp mot *nynorsk*, forandrar biletet seg; då les Hallvard meir engelsk. Dette er med på å understreke poenget om at engelsk har større symbolsk kapital enn nynorsk på den språklege marknaden. Det Hallvard seier i dette sitatet, gir eit bilete på korleis den språklege kvardagen til nynorskelevane er; bokmåldominansen rundt dei er stor. Dei ser sjeldan hovudmålet sitt i bruk utanom skulen. Bøkene, avisene, blada og internettsidene er på bokmål. Det kan vere vanskeleg for elevane å velje hovudmålet sitt i ein situasjon der dei aldri ser det brukt. Dette kan også føre til at nynorsk vert opplevd som markert i slike situasjonar (Mæhlum, 2007. s.194). Dersom elevane vel å bruke nynorsk, stikk dei seg ut frå fleirtalet, frå det vanlege. Eit tydeleg eksempel på dette er internettfenomenet blogg: 25 av elevane i spørjeundersøkinga seier at dei fleste bloggane dei les er på bokmål, jamfør tabell VI. Ein blogg på nynorsk vil derfor bryte med ei språkleg domeneoppfatning og bli opplevd som markert. Dette kan ein sjå att i tabell V, der berre to elevar seier at dei ville ha skrive blogg på nynorsk. Sitatet frå Marit summerer opp dette og understrekar at nynorsk vert opplevd som eit markert og uvanleg val ved bloggskrivning:

A: Ja. Viss du skulle ha skrive ein blogg då?

M: Ehm, då trur eg det hadde vorte bokmål.

A: Kvifor det då?

M: Nei, eg trur ikkje det er nokon som skriv nynorsk på blogg.

I følgje Marit er det å skrive nynorsk på blogg nesten ikkje eit alternativ. Når «ingen» andre bruker nynorsk på blogg, vil ikkje Marit gjer det heller. Denne tendensen ser ein også i dei andre elevintervjua. I situasjonar der elevane ikkje møter nynorsk, vil dei heller ikkje bruke det. Dette kan både vere med på å skape og forsterke opplevinga av at nynorsk ikkje passar i enkelte domene. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.2.4. I mange situasjonar møter nynorskelevane knapt nok nynorsk i det heile, og bokmål vert derfor oppfatta som det umarkerte valet (Mæhlum, 2007, s. 194). Jo gir i alle fall uttrykk for at det er ein samanheng mellom kva målform han les mest på, og kva han skriv. Han les mykje bøker, mange på

engelsk og ein del på bokmål. Dersom han skulle ha skrive ei historie sjølv, er han ikkje i tvil om kva han ville ha valt:

J: Men viss eg skal skriv ei historie, på fritida, så skriv eg kanskje bokmål då.

A: Kvifor... Har du tenkt noko på kvifor du gjer det?

J: Ehm, eg les jo ein del bøker då. No for tida så les eg ein del, mykje engelsk. Men før eg var så flink i det då, så las eg mykje på bokmål. Så derfor tenkjer eg at ei bok er jo liksom på bokmål då.

Jo har knappt erfart at ei bok kan vere på nynorsk. Derfor vert det også naturleg for Jo å skrive på bokmål når han skal produsere eigne tekstar. Reidun fortel det same. Ho seier at ho opplever det som naturleg å skrive forteljingar på bokmål. Ho har ikkje reflektert over kvifor, men det berre er sånn, seier ho. Dette går igjen hos fleire av dei andre også. Dei veit ikkje kvifor dei vel å skrive bokmål, men det kjennest mest «naturleg». Truleg skuldast det at elevane møter sjeldan nynorsk utanfor skulen og manglar slik sett språkelege og litterære førebilete å modellere nynorskbruken sin etter. Dette understrekar både elevane si oppleving av nynorsk som markert og kor viktig det er at elevane møter hovudmålet sitt utanfor skulen. Eg kjem tilbake til dette i kapittel 7. Sidan elevane nesten ikkje ser nynorsk brukt utanom skulen, vert det heller ikkje naturleg å skrive nynorsk andre stader. Sjølv om ikkje alle uttrykkjer det i klartekst er det ei viktig meiningsaning: Elevane vel i praksis bort nynorsk i alle andre samanhengar enn skulen. I sitatet under seier Åse rett ut det ein også kan tolke ut av svara frå dei andre: Nynorsk passar berre på skulen:

A: Ja [...] Men er det i nokon samanhengar der du synest det passar å bruke nynorsk.

Å: Eh [...] Nei. Ikkje eigentleg det nei, det vert jo i skulesamheng då. Viss ein får i oppgåve å skrive noko på nynorsk.

I sitatet over nøler Åse før ho seier at nynorsk ikkje passar. Dette kan tyde på at ho er klar over at det eigentleg ikkje skulle ha vore slik. Det er spesielt å ikkje ville bruke hovudmålet sitt utanfor skulen. Dette viser også tilbake til det eg drøfta tidligare om prinsipp og praksis. Elevane veit at nynorsk i prinsippet burde passe fleire stader enn på skulen, men i praksis tar dei det ikkje i bruk. Skulen vert derfor det einaste domenet der elevane møter og bruker nynorsk. Dette kjenner ein også igjen frå Garthus (2009, s. 26), Ressursgruppa (2013, s.17) og Proba-rapporten (2014, s.6). Dei peikar alle på at skulen har ei stor, og kanskje umogleg,

oppgåve i å vege opp for bokmålsdominansen andre stader i samfunnet. Proba-rapporten (2014, s.33) framhevar at på språkdelt skular er det eit problem at elevane ikkje får undervisning på nynorsk, alt føregår på bokmål. Denne tendensen uroar også Ressursgruppa (2013, s.19). Det er svært viktig at nynorskelevar får undervisning på nynorsk, sidan dei i liten grad møter hovudmålet sitt elles. Elevane i mitt materiale går på ein nynorskskule, det store fleirtalet i klassa har nynorsk som hovudmål. I kapittelet under kjem det fram at skulekvardagen deira likevel inneheld bokmål. Dette kan få konsekvensar for elevane si oppleving av skulen som det siste domenet der nynorsk vert opplevd som umarkert.

6.2.3. Skulen som nynorsksdomene

Både intervju med lærarane og resultata frå spørjeundersøkinga viser at elevane møter mykje nynorsk på skulen. I intervju fortel elevane at alt av bøker og oppgåver er på nynorsk. I undervisninga er det meir varierende kva målform dei møter. Det varierer også litt frå elev til elev korleis dei beskriv situasjonen. Dei seks kasuselevane deler seg i tre grupper; Ivar som meiner at alle lærarane skriv god nynorsk, Åse og Reidun som meiner at mange av lærarane skriv bokmål, både på tavla og på utdelte undervisningsressursar, og Jo, Hallvard og Marit som meiner at mange av lærarane skriv dårleg nynorsk. Norsklærarane kjenner seg igjen i beskrivinga til den siste gruppa. Dei ser at kollegaer som i utgangspunktet er bokmålsbrukarar, skriv dårleg nynorsk, men dei meiner likevel at alle prøver å nytte hovudmålet til elevane i undervisninga si.

Dersom Åse og Reidun har rett i at mykje av undervisningsressursane og tavleundervisninga er på bokmål, er dette ganske oppsiktsvekkande, og det kan få konsekvensar for opplevinga av skulen som nynorsksdomene. Dersom nynorsken taper posisjon i skulen, vil det siste domenet med nynorsksdominans forsvinne for elevane i mitt materiale. Det at bokmål, eller dårleg nynorsk, vert brukt på ein nynorskskule sender uheldige signal til elevane. Dersom ikkje ein gong lærarane på skulen bruker nynorsk, vert målforma endå meir marginalisert.

Den andre elevgruppa teiknar eit litt anna bilete, og dette seier også lærarane seg einige i: Dei meiner at alle lærarane på skulen prøver å skrive nynorsk, men at kunnskapen ikkje alltid strekk til. Dette synet kjem fram i sitatet frå Jo:

A: Bruker dei nynorsk når dei skriv på tavla då?

J: Ja. Sjølv om dei har hatt bokmål før, for eksempel, eine læraren som kjem frå Trondheim, han har hatt bokmål då, så han må stille seg om, nokre gongar, til nynorsk då.

A: Ja. Men han skriv nynorsk på tavla han også?

J: Ja, han prøver i alle fall. Så viss det vert feil så rettar vi han [latter].

Ut i frå latteren og måten Jo uttaler seg på, kan det sjå ut til at han eigentleg ikkje syns det er så farleg at lærarane skriv dårleg nynorsk. Det same intrykket sit ein att med frå dei andre elevane. Dei er ikkje særleg bevisste på kva målform som vert nytta på skulen. Dei berre godtar at det er slik. Den einaste som seier at ho synest det er vanskeleg når lærarane bruker bokmål, er Reidun. Som sitatet under viser, synest ho det vert vanskeleg å skrive nynorsk når lærarane skriv bokmål på tavla:

R: emh, nja, eg tenkjer ikkje så mykje på det, men det vert litt i tankane at, ja, nynorsken viskast litt bort. Det vert litt ball i hovudet, eg må tenke meir bokmålsk... [latter].

Sitatet viser at Reidun har reflektert litt rundt kva konsekvensar det kan ha at lærarane bruker bokmål: Det gjer at nynorsken vert mindre synleg. Proba-rapporten (2014, s.48) finn, i motsetning til Reidun, at dei fleste elevane ikkje har tenkt over kva bokmålsbruk på skulen gjer med dei. Dette gjeld også for dei fleste elevane i mi undersøking. Dei godtar situasjonen slik han er, utan noko meir refleksjon enn «sånn er det». Det at dei godtar dette så lett, viser at nynorsken sin status og symbolske kapital er låg på skulen, som i resten av samfunnet. Lærarane er ledd i den same språklege marknaden som elevane, og på denne marknaden er bokmålsdominansen stor. Det er ikkje rart at dette sig inn også i skulen, trass i formell jamstilling. Elevane si likegyldige haldning til bokmålsbruk eller dårleg nynorsk på skulen er også med på å stadfeste at dei ser på nynorsk som eit minoritetsspråk. Dei godtar at hovudmålet deira vert skrive feil, eller at det vert bytte ut med majoritetsspråket bokmål, trass i at nynorskbrukarane er i fleirtal på skulen.

6.2.4. Domeneoppfatningar og domenetap

Ut frå spørjeundersøkinga og elevintervjua verkar det altså som om elevane skil mellom to overordna domene, eit *uformelt* og eit *formelt*. Slik eg definerte domene i kapittel 3.2, er det «et område av menneskelig aktivitet knyttet til bestemte tidspunkt, omgivelser og

rollerelasjoner» (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 98). For elevane i mitt materiale ser det ut som om relasjonen til mottakaren er den faktoren som er mest avgjerande for kva målform elevane vel. Det uformelle domenet har fleire likskapstrekk med tanke på relasjonane mellom deltakarane og på korleis kommunikasjonen skjer. Dette domenet vert kjenneteikna av nære, personlege, relasjonar. Kommunikasjonen er skriftleg, men med parallellar til munnleg språkbruk. Det som vert skriva, skal berre lesast av eit gitt utval av personar. Under dette domenet finn ein underdomene som sosiale media, mellom anna facebook og chat, og SMS. I det formelle domenet er også kommunikasjonen skriftleg, men han er prega av at han gjerne har eit spesifikt formål og skal nå ei større gruppe menneske. Dei som kommuniserer kjenner ikkje alltid kvarandre så godt, og relasjonane mellom dei er gjerne asymmetriske (lærer- elev, sjef- medarbeidar, borger- stat, seljar- kjøpar). Avisinnlegg, jobbintervju og formelle e-postar er døme som høyrer inn under dette overordna domenet. I det uformelle domenet nyttar elevane som regel dialekt, og i det formelle nyttar dei standardisert skriftspråk. Denne delinga finn ein støtte for hos Garthus (2009, s.17) og Proba-rapporten (2014, s.12-13). Desse arbeida går imidlertid ikkje inn dette, utover å peike på at der er ein tendens til at elevane bruker dialekt i ein del uformelle samanhengar, som SMS. Mi inndeling går djupare inn på fenomenet, og viser at dialekt ikkje berre er noko elevane skriv i enkelte uformelle samanhengar, men faktisk ei minst like viktig «skriftform» i elevane sin kvardag som det dei standardiserte skriftspråka er.

Som eg har vist i analysane og drøftinga over, er bokmål det standardiserte skriftspråket dei fleste elevane bruker utanom skulen. I kapittel 3.2 viste eg at domenetap kan bli forstått som både prosessen fram mot og det endelege resultatet av at ei målform ikkje lenger vert brukt av deltakarane i eit bestemt domene. Ut frå mitt materialet er det vanskeleg å vite om nynorsk tidlegare har vore det naturlege valet i dei fleste situasjonar. Med tanke på at kommunen var ein rein nynorsk kommune inntil samanslåinga med nabokommunen for 9 år sidan, må det likevel vere rimeleg å anta at nynorsk tidlegare var det samfunnsberande språket i lokalsamfunnet. Ut i frå dette kan ein seie at det er snakk om domenetap når fleirtalet av elevane ikkje lenger vil bruke nynorsk i lokalavisa eller på ein plakat i nærbutikken.

I det uformelle domenet er verken nynorsk eller bokmål mykje brukt. Nesten ingen av elevane vel å skrive standardisert skriftspråk i det uformelle domenet, og slik sett kan det sjå ut til at dette domenet er tapt, for både bokmål og nynorsk. Elevane viser likevel at dei kan bruke standardisert skriftspråk i det uformelle domenet, dersom mottakaren gjer dette hensiktsmessig. Dersom elevane vel bort dialekt i det uformelle domenet, vel dei å bruke bokmål i staden. Domenet for uformell skriftleg kommunikasjon kan derfor synest tapt for standardisert nynorsk. Det at nynorskelevar ikkje vil bruke hovudmålet sitt til å representere seg sjølv i uformelle samanhengar, kan tyde på at dei heller ikkje knyter identiteten sin opp mot nynorsk. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.4.

Sjølv om elevane i intervju rapporterer om bokmålsbruk på skulen, er ikkje bokmålsbruken så stor at ein kan snakke om domenetap. Det er likevel viktig å vere merksam på at skulen, som einaste domene der nynorsken dominerer, har eit viktig ansvar for å vareta elevane sitt behov for nynorsk «innputt». Som Garthus (2009, s.26) skriv, er det viktig at nynorsk er den einaste målforma som vert brukt på ein nynorskskule, med unntak av sidemålsundervisinga. Dette vil eg drøfte nærare i kapittel 7, der eg tar opp kva didaktiske implikasjonar funna mine kan ha.

6.3. Språkleg jamstilling?

I tabellane under vert elevane sine svar på to spørsmål rundt jamstilling av nynorsk og bokmål framstilt. I tabell VII svarer elevane på om dei ser på nynorsk og bokmål som likestilte målformer, og i tabell VIII svarer dei på om dei trur fleirtalet i Noreg gjer det same.

Ser du på bokmål og nynorsk som likestilte målformer?	
Ja	10
Nei	12
Har ikkje tenkt over det	13
Ikkje svart	1

Tabell VII: Ser du på nynorsk og bokmål som likestilt?

Trur du fleirtalet i Noreg ser på bokmål og nynorsk som likestilt målformer?	
Ja	5
Nei	31

Tabell VIII: Ser fleirtalet i Noreg på nynorsk og bokmål som likestilt?

Den tydelegaste tendensen frå tabellane over er at heile 31 elevar trur fleirtalet i Noreg trur at fleirtalet meiner at nynorsk og bokmål ikkje er likestilte. Dei ser altså på nynorskbrukarar som ei minoritetsgruppe. I elevane sitt eige syn på forholdet mellom dei to målformene, er synet meir delt. Her fordeler elevane seg relativt jamt over tre alternativ. Det alternativet flest elevar vel, er at dei ikkje har tenkt over forholdet mellom målformene. Dette vitnar om at elevane i liten grad er bevisste rundt nynorsken sin posisjon. Dei har inga oppfatning av statusen til eige hovudmål. Denne manglande bevisstheita finn ein att i elevintervjua, noko eg vil diskutere nærare i kapitel 6.3.1. Før eg kjem til denne diskusjonen, vil eg presentere elevane sine svar på spørsmålet om dei har opplevd å få negative kommentarar om hovudmålet sitt, noko som illustrerer i kva grad språkvala vekkjer merksemd.

Har du nokon gong opplevd å få negative kommentarar rundt hovudmålet ditt?	
Ja, fleire gonger	3
Ja, ein gong/nokre få gonger	8
Nei	24
Ikkje svart	1

Tabell VIII: Har du opplevd negative kommentarar rund hovudmålet ditt?

I tabellen over ser ein at dei fleste ikkje har fått negative kommentarar om hovudmålet sitt. Likevel er det 30,5 % av elevane som rapporterer at dei har vorte utsett for det. Berre fem av elevane seier at frykta for slike kommentarar gjer at dei kvir seg for å bruke hovudmålet sitt. Som vi såg i kapittelet over, bruker likevel dei færreste nynorsk utanfor skulen, moglegheita for negative kommentarar er truleg ikkje forklaringa på at dei ikkje vil bruke hovudmålet sitt. Grunnane kan vere mange og nokre av dei vart diskutert i førre kapitel, 6.2. Ein av dei kan vere at nynorsk vert opplevd som *markert* og at elevane opplever seg sjølv som ein minoritet i forhold til bokmålsbrukarar. Denne opplevinga av at nynorsk og bokmål ikkje er reelt jamstilt kom fram allereie i førre kapittel. I det følgjande vil eg gjere nærare greie for elevane si oppleving av formell og reell jamstilling, med utgangspunkt i intervjua. Her finn ein att tendensen frå spørjeundersøkinga: Elevane er lite bevisste rundt den formelle jamstillinga og har eit klart inntrykk av at det ikkje eksisterer noko reell jamstilling. Nynorsk er ein minoritet og bokmål innehar mesteparten av den symbolske kapitalen på den språklege marknaden i Noreg.

6.3.1. Formell jamstilling?

Noreg har sidan 1885, då vedtaket om jamstilling vart vedtatt, hatt to likestilte målformer, ved lov. Elevintervjua viser at dei fleste elevane ikkje er klar over dette. Dei har ei klar oppfatning av at bokmål står formelt *over* nynorsk i det språklege hierarkiet. Marit, Reidun, Hallvard og Åse er overtydde om dette. Sitatet under viser korleis Marit ser på det formelle forholdet mellom nynorsk og bokmål.

A: Korleis er det med nynorsk og bokmål då, sånn i samfunnet? Er dei likestilt?

M: Det er meir bokmål, ja! [..].

A: Sånn reint formelt då, ved lov liksom, er dei likestilt då?

M. Nei. Mykje meir bokmål overalt.

Marit har altså inntrykk av at lova tilgodeser bokmål framfor nynorsk. Ut frå kor lite nynorsk dei møter, kan det vere lett å trekkje den konklusjonen at bokmål er det nasjonale språket, medan nynorsk er eit lokalt minoritetsspråk. Dette vitnar også om at elevane er lite bevisste rundt den formelle språksituasjonen i Noreg. I spørjeundersøkinga har dei fleste elevane svart at dei ikkje har tenkt over forholdet mellom nynorsk og bokmål, dei er ikkje bevisste på det. Proba-rapporten (2014) og Garthus (2009) peikar på bevisstheit om språksituasjonen som noko av det viktigaste for at elevar skal halde på hovudmålet sitt. Elevane i mitt materiale er generelt lite bevisste når det gjeld nynorsken sin formelle status. Dette gjeld også for Ivar og Jo som, sjølv om dei er usikre, kjem fram til at målformene er jamstilte. Sitatet under viser korleis Ivar kjem fram til denne konklusjonen:

A: Er bokmål og nynorsk likestilte målformer då, synest du?

I: Eg trur eg blander litt, men det har vel eigentleg kome meir bokmål i det siste? [eh] Nei?

A: [eh] Ja, ein kan vel seie det [eh]. Det er jo mest bokmål sånn generelt.

I: Ja, det er det som har vorte det ein bør gjere når ein er på nyheitene og sånn, for eksempel. Viss ein skal bli nyheitsanker, bør ein snakke bokmål. Då er det sånn.

A: Ja.

I: Men, [-]. Nei, eg trur det er likestilt eigentleg. Ja?

Sitatet viser at Ivar meiner det ikkje passar med nynorsk overalt. Han har ei oppfatning om ei overordna bokmålsnorm, til dømes i nyheitsformidling. Han opplever altså ikkje at der er ei reell jamstilling, sjølv om han til slutt kjem fram til at dei to målformene er likestilte. Seinare

kjem han inn på at det finst ei lov som sikrar dette, og at det for eksempel er vanleg å svare på den målforma ein vert tilskriven på. Ivar er altså ein av dei få som kjenner til formell jamstilling.

Det at ein har rett til å få svar på eiga målform, spesielt i kommunikasjon med staten, er det fleire som har fått med seg. Dette nemner både Marit og Jo, men dei ville ikkje brydd seg dersom dei ikkje fekk svar på målforma si, dei ville fokusert meir på innhaldet. Dette viser at sjølv om dei veit om rettane sine, er dei ikkje opptekne av å handheve dei. Dei vik gjerne for bokmålet. Ein finn att dette når elevane får spørsmål om kva dei ville gjort dersom dei fekk bokmålsbøker på vidaregåande. Her er alle klare over at dei har rettar knytt til hovudmålet sitt. Lærarane fortel at dei har tatt opp dette i undervisinga, og alle elevane er klare over at dei kan velje målform når dei byrjar på vidaregåande. Dei er likevel usikre på om dei *eigentleg* har eit val. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.5. Elevane er også usikre på kva dei vil gjere dersom dei ikkje får det dei har krav på. Det er berre Marit og Ivar som ville ha sagt ifrå dersom dei vart kategoriserte som bokmålselevar utan å bli spurde, eller om dei fekk bøker på bokmål sjølv om dei hadde valt nynorsk. Resten ville ha syntes dette var greitt. Sitatet under kjem frå Hallvard og illustrerer korleis han og dei andre ser på det å seie ifrå dersom dei ikkje får oppfylt rettane sine, dei ville ikkje ha laga noko styr.

A: Mm, kva viss dei berre gir deg bokmål som hovudmål, då? Utan å spørje deg, kva hadde du syntest om det?

H: Nei, det hadde vore greitt det.

A: Så du hadde ikkje bedd om å få tilbake nynorsken?

H: Nei, eg hadde berre kome til og gått med på det. Eg hadde ikkje orka å gjere noko ut av det, klaga og sånne ting.

Det at elevane ikkje vil gjere noko ut av det, og ikkje vil klage på at dei ikkje får det dei har krav på, viser igjen at dei innordnar seg bokmåldominansen. Sjølv om dei veit at der er lover som regulerer forholdet mellom skriftspråka, er dei ikkje nødvendigvis så opptatt av at dese skal bli følgde. Elevane tilpassar seg majoriteten. Dei ser på nynorskbrukarar som ein minoritet, både formelt og, som vi skal sjå i neste kapittel, reelt.

6.3.2. Reell minoritet?

Som vist i kapittel 6.2 og 6.3, møter elevane mykje meir bokmål enn nynorsk i kvardagen. Dette har ført til at dei ser på bokmål som den overnasjonale, umarkerte språkvarieteteten og nynorsk som noko lokalt og markert. I tillegg er mange både lite bevisste i forhold til sitt eige syn på hovudmålet, og direkte uvitande om nynorsken sin formelle status. Elevane opplever ikkje at nynorsk og bokmål er jamstilt, og dei veit på at andre er negative til hovudmålet deira. Alle elevane, med Ivar som eit mogleg unntak, er bevisste på at nynorsk i realiteten er eit minoritetsspråk. Det dei manglar bevisstheit rundt, er at nynorsk formelt sett ikkje er det. Elevane si manglande bevisstheit rundt den formelle språksituasjonen og opplevinga av nynorsk som eit minoritetsspråk utgjer to sentrale meiningseiningar, både i dei kvalitative og kvantitative analysane mine.

Oppfatninga av at nynorsk er eit minoritetsspråk, kjem til uttrykk gjennom fleire utsegn frå elevane. Det første teiknet på dette, har eg allereie vore innom i kapittel 6.1. Elevane er tilpassingsdyktige og vel målform etter mottakaren. Dersom mottakaren skriv bokmål, vil dei i stor grad tilpasse seg dette. Dette vitnar om bokmålet sin status som nasjonalt språk og om den opphøgde plassen det har i det språklege hierarkiet. Elevane har ei oppleving av at ein må skrive bokmål for å bli forstått av mengdene. Reidun representerer dette synet. I sitatet under svarer ho på kvar det ikkje passar å bruke nynorsk:

R: Det vert no offentlig, då, når det er, ja for eksempel viss du har lyst til å selje noko då, så skriv du kanskje på nynorsk då og... då e det kanskje bokmålskundar som ikkje skjønar det då, så tar dei ikkje og kjøper det.

Sitatet frå Reidun viser at ho opplever at bokmålsbrukarar ikkje forstår nynorsk. Derfor tilpassar ho seg og vel å bruke deira målform i staden for si eiga. Dette er eit syn alle elevane, unntatt Ivar, deler. Ivar ser på nynorsk som eit nasjonalt språk, og har ikkje noko førestilling om eit hierarki der bokmål plasserer seg på toppen. Alle dei andre elevane har imidlertid det same synet som Reidun: Bokmålsbrukarar forstår ikkje nynorsk. Det viser seg likevel at dersom elevane vert utfordra, har dei eit meir nyansert syn. Fleire av elevane gjer uttrykk for at bokmålsbrukarane eigentleg forstår nynorsk, viss dei vil. Hallvard seier dette om fenomenet:

A: Mm, trur du dei ikkje forstår nynorsk i Oslo då?

H: Ja [...] eller nei, kanskje dei ikkje forstår det like lett som bokmål og berre ikkje gidd kanskje [latter]

A: Ja, kanskje. Kva synest du om det at dei ikkje gidd då?

H: Det har eg egentleg inga meining om, det er vel heilt greitt det.

Inntrykket av at bokmålsbrukarane kanskje kan forstå viss dei berre prøver, er noko fleire av elevane deler. I likskap med Hallvard forventar elevane likevel ikkje at bokmålsbrukarane skal prøve å forstå. Dei har stor sympati for dei som må streve med nynorsken. Denne sympatien skin gjennom hos alle informantane mine, og står i sterk kontrast til Askeland (2014, s.340) sine erfaringar. Ho finn at nynorskelevane synest bokmålsbrukarane skal «slutte å sutre» over at dei må lære nynorsk. Elevane i mitt materiale deler ikkje dette synet og har ei meir defensiv haldning. Marit viser i sitatet under den sympatien elevane har med bokmålselevar:

M: Eh, nei. Kanskje, det er jo mange bokmålsbrukarar som synest det er dumt at dei må lære seg nynorsk og, som kanskje synest at det er unødvendig at dei må lære seg nynorsk [...]. Og det kan eg jo egentleg forstå litt då, at dei som kjem frå Oslo for eksempel ikkje treng nynorsk. Dei treng jo aldri nynorsk, alt dei ser er jo på bokmål.

A: Ja.

M: Dei skriv på bokmål, og så skal dei lære seg nynorsk, berre for å gjer det.

A: Mm, men dei som har nynorsk som hovudmål, syns du dei skal lære bokmål då?

M: Det kunne jo sikkert gått greitt om dei berre lærer nynorsk, men det er no berre sånn at bokmål er overalt då.

Marit forstår frustrasjonen bokmålselevar har over at dei må lære nynorsk. Implisitt viser dette at Marit ikkje ser på bokmål og nynorsk som verken formelt eller reelt jamstilte. Sympatien for kor vanskeleg og unødvendig det er å lære nynorsk, er også med på å understreke at elevane opplever nynorsk som eit minoritetsspråk. Dei krev ikkje dei same rettane for sitt eige hovudmål som for majoriteten sitt, og tilpassar i staden sin eigen språkbruk. Elevane sitt syn på bokmålsbrukarar sitt forhold til nynorsk er altså prega av sympati, og dei krev ikkje at bokmålsbrukarar skal forstå nynorsk. Sitatet frå Jo er endå eit eksempel på dette:

A: Kva tenkjer du om dei som har bokmål som hovudmål og som seier dei ikkje forstår nynorsk då?

J: Eh, [latter], eg forstår jo det at dei ikkje forstår, for det er jo... Eg trur jo det er vanskelegare for bokmålsfolk å forstå nynorsk enn det er for nynorskfolk å forstå bokmål... Nynorsk er jo vanskeleg og bokmål er overalt...

Sympatien for «dei stakkars bokmålsbrukarane» skin gjennom også hos Jo. Han framhevar ulempa hans eiga målform har for majoriteten, i staden for å krevje at dei forsøker å forstå han. I følge Jo er grunnen til sympatien todelt: Det er meir nynorsk overalt, og nynorsk er vanskelegare enn bokmål. Denne opplevinga av nynorsk som vanskeleg nemner fem av seks elevar. Som vi skal sjå i kapittel 6.5, er dette også ein av dei mest nemnde grunngevingane, både i spørjeundersøkinga og elevintervjua, for å ikkje nytte nynorsk i framtida. Gjennom intervjua kjem det imidlertid fram at elevane ikkje ser på nynorsk som vanskeleg for *seg sjølv*. Når dei seier at nynorsk er vanskeleg, tar dei omsyn til bokmålsbrukarane:

A: Så det er det same for deg om du skriv nynorsk eller bokmål då?

Å: Ja, det er no egentlig det då.

A: Like lett eller vanskeleg?

Å: Ja, nynorsk er jo vanskelegare då, men ikkje for meg som har hatt det så lenge. For meg er det like lett liksom.

Åse definerer nynorsk som vanskelegare enn bokmål, men ikkje for henne sjølv, for er dei to målformene like lette. Oppfatninga av at nynorsk er vanskeleg, kan derfor tolkast som eit resultat av at Åse ser på nynorsk som vanskeleg for dei som ikkje har det som hovudmål. Denne opplevinga viser at elevane ser på seg sjølve som ein minoritet, og definerer kor vanskeleg eiga målform er ut frå majoriteten si oppleving, ikkje si eiga. Mæhlum (2007, s.197-198) skriv at enkelte konnotasjonar knytt til nynorsk har vorte internaliserte, jamfør kapittel 3.1. Ho nemner ikkje *vanskeleg* som ein av desse. Ut frå mitt materiale kan det likevel sjå ut som om nettopp dette er noko som har blitt ei så vanleg oppfatning i samfunnet at også nynorskelevar ser på nynorsk som vanskeleg, trass i at dei ikkje opplever det som slik sjølv. Opplevinga av nynorsk som vanskeleg, ser ut til å ha vorte internalisert.

Den gjennomgåande trenden hos alle elevane, med unntak av Ivar, er at dei vel å tilpasse seg bokmålsbrukarane. Dei opplever at forholdet mellom nynorsk og bokmål er asymmetrisk, og at bokmål har større symbolsk kapital enn nynorsk på den språklege marknaden. Elevane har heller ikkje nok kjennskap til den formelle jamstillinga mellom dei to målformene. Mange

opplever derfor nynorskens minoritetsstatus, som noko som er slik det skal vere. Dei har stor sympati for majoriteten, «dei stakkars bokmålsbrukarane» som må lære seg nynorsk og forsøke å forstå det. Ut frå dette vil eg hevde at Bull (2004) sitt syn på nynorsk som eit minoritetsspråk, stemmer med elevane si oppfatning. Sjølv om dei to målformene er formelt jamstilte, opplever elevane seg som ein reell minoritet.

6.4. Sjølvframstilling og identitet

I teorikapittelet viste eg at språk både kan seie noko om identiteten til den som bruker det, og samtidig vere med på å forme identiteten til språkbrukaren. I det følgjande kapittelet skal eg gjere greie for korleis dette kan sjåast opp mot mitt materiale. Eg vil først presentere resultata frå spørjeundersøkinga. Nedanfor viser tabell X og XI korleis elevane beskrive ein typisk nynorsk- og bokmålsbrukar⁴:

Ein typisk nynorskbrukar	
Frå rurale strøk	16
Positive karaktertrekk (smart, godt humør, barsk)	6
Gammal/gammaldags	5
Mann	4
Opptatt av målsaka	4
Negative karaktertrekk (sær, kjeisam, tørr)	3
Ingen forskjell på bokmåls- og nynorskbrukar	3
I opposisjon til fleirtalet	2
Har ikkje hatt noko anna val enn nynorsk på skulen	1
Ikkje svart	11

Tabell X: Beskriv ein typisk nynorskbrukar.

Ein typisk bokmålsbrukar	
Kjem frå byen	15
Ikkje interesser i å lære seg nynorsk/syn det er vanskeleg	8
Ung/ moderne	6
Negative karaktertrekk (overlegen, jålete)	6
Fin/overklasse/høg utdanning	5
Ingen forskjell på bokmåls- og nynorskbrukar	3
Normal	2
Mann	1
Ikkje svart	9

Tabell IX: Beskriv ein typisk bokmålsbrukar.

⁴ Svara i tabellane er kategoriar laga ut frå elevane sine svar.

Hovudtendensen i desse tabellane er at svara stemmer godt med Mæhlum (2007, s.191) si plassering av nynorsk og bokmål på aksene tradisjon/modernitet. Nynorsk vert knytt til rurale strøk, det gammaldage, og språkbrukarar som er opptatte av målforma si og av målsaka, medan bokmål representerer det det urbane og moderne. Ei av oppfatningane mange elevar uttrykkjer, er at bokmålsbrukarar er negative til nynorsk. Dette er ein del av biletet av korleis elevane opplever at samfunnet ser på nynorsk. Det er også verdt å merke seg at positive karaktertrekk er det nest flest elevar tenkjer på som typisk for nynorskbrukarar. Dette kan kopleast opp mot det Mæhlum (2007, s.196) beskriv som den andre oppfatninga av ein nynorskbrukar, som ein smart og danna akademikar. Enkelte av elevane har svart tilsvarende, men mange har svart med berre eitt enkelt ord, som for eksempel «kul». Det er usikkert kor seriøst ein skal ta slike svar, men eg vel å ta dei til inntekt for at elevane ser på seg sjølv og klassekameratane som meir eller mindre typiske nynorskbrukarar. Sett i samanheng med elevintervjua, vert likevel tydinga av desse kommentarane mindre viktige. Elevane som er intervjuet, tenkjer på ein typisk nynorskbrukar som gammal og frå bygda; ein typisk bokmålsbrukar er ung og frå urbane strøk. Det er også interessant at negative karaktertrekk kjem høgt opp som beskriving av bokmålsbrukarar. Dette kan tyde på at elevane tek avstand frå «det typiske» og verken identifiserer seg som nynorskbrukar eller bokmålsbrukar.

6.4.1. Nynorsk og identitet

I kapittel 6.2 vart det klart at elevane ikkje bruker nynorsk i alle situasjonar. Dei ser på bokmål som umarkert og nynorsk som markert. Ved å bruke det markerte språket stikk ein seg ut og kan bli kopla til dei konnotasjonar som følgjer med språket. For nynorsken sin del er mange av desse konnotasjonane knytt til ideen om nynorsk som uttrykk for noko tradisjonelt. Dette ser ein igjen i elevintervjua: Alle elevane ser for seg nynorskbrukarar som gamle menn frå rurale område. Marit eksemplifiserer dette i sitatet under:

A: Mm. Viss du skal sjå for deg ein typisk nynorskbrukar, ein som representerer dei fleste nynorskbrukarane, kva ser du for deg då?

M: Han er i alle fall gammal, han er i alle fall pensjonist kanskje, eller han er i alle fall sist, i nokon av dei sist åra då. Og så er han ganske sånn sær, trur eg. Han har grått skjegg og snakkar formelt, han snakkar ikkje som vanlege folk. Han kjem kanskje frå Sunnmøre eller noko sånt. Og ikkje som vanlege folk, han er ganske vanskeleg å snakke med, han snakkar berre om det som interesserar seg sjølv, kanskje.

Dei karaktertrekka Marit meiner beskriv ein typisk nynorskbrukar, stemmer bra med dei stereotype konnotasjonane Bull (2004) og Mæhlum (2007) meiner har vorte nærast internaliserte som bilete på ein nynorskbrukar, jamfør kapittel 3.1. I tillegg til dei klare og tydelege beskrivingane som gammal, mann og frå Vestlandet, seier Marit at ho trur ein typisk nynorskbrukar er sær og vanskeleg å snakke med. Dette kan tolkast som eit uttrykk for dei motkreftene nynorsk har vore knytt til frå starten av, jamfør kapittel 2.1. Det er også desse verdiane Vestad (2003, s.22) tillegg «dei personlege nynorske». Dei personlege nynorske bruker nynorsk bevisst, støttar ulike tiltak knytte til målrørsla og deler nokre verdier og interesser som er knytte til tradisjonell nynorsksdom, til dømes engasjement for målsaka. Elevane i mitt materiale kjenner seg ikkje igjen i verken sine eigne beskrivingar av ein typisk nynorskbrukar eller i det Vestad kallar dei personlege nynorske. Elevane er ikkje gamle, dei nyttar ikkje nynorsk bevisst, dei engasjerer seg ikkje i målsaka og dei er av begge kjønn. Det einaste som stemmer for dei sjølv i det dei og Vestad (2003) beskriv som «typisk nynorsk», er at dei er frå utkant-Noreg. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.3.2.

Som eg allereie har vore inne på, vil ikkje elevane bruke nynorsk i alle situasjonar. Dei synest ikkje det passar. Tidligare har eg sett på dette som eit uttrykk for bokmålsdominansen i samfunnet. Dissonansen mellom det biletet elevane har av ein typisk nynorskbrukar og måten dei ser seg sjølv på, er i siste instans eit uttrykk for at dei ikkje kjenner seg att i den tildelede identiteten som majoritetsbefolkninga har gitt den nynorske minoriteten, jamfør Engen og Kullbrandstad (2004, s. 192-193) sin teori om etniske minoritetar. Sjølv om dette er eit resultat av det same fenomenet som er diskutert tidligare, gir det likevel ein ny innfallsvinkel: Kanskje vil ikkje elevane nytte nynorsk fordi dei ikkje vil bli assosierte med dei konnotasjonane som er knytte til nynorsk. Ingen av elevane seier dette rett ut. Gjennom det at dei ser på nynorsk som eit minoritetsspråk, at dei opplever at samfunnet generelt er negativt til nynorsk, saman med biletet deira av ein typisk nynorskbrukar, finn ein støtte for ei slik tolking. Det er rimeleg å gå ut frå at opplevinga av nynorsken sin lave symbolske kapital på den språklege markanden, og dei negative konnotasjonane som er knytt til nynorsk, gjer at elevane ikkje vil presentere seg sjølv gjennom nynorsk eller som nynorskbrukarar, verken i det formelle eller det uformelle domenet.

Elevane trekkjer heller ikkje fram det å skrive nynorsk som noko som er viktig for dei personleg. Mange vel det også bort i situasjonar utanom skulen. Dei meiner det hadde vore minst like greitt å ha hatt bokmål som hovudmål, dersom dei hadde hatt det frå dei starta på skulen. Det at dei har nynorsk som hovudmål, er heller ikkje noko dei tenkjer mykje over, det berre vart sånn. Reidun illustrerer dette godt i sitatet nedanfor:

A: Ja, men er det nynorsk du vil skrive, då? Eller skriv du det berre fordi det er målforma på skulen?

R: Ja, eg skriv det eigentleg berre fordi eg skriv det ja[-]

A: Ja, skjønar. Eh, korleis trur du det hadde vore å ha hatt bokmål som hovudmål då?

R: Mm, det vert kanskje meir som akkurat det same det då, men det vert ikkje eit så stort press då, på å skifte over.

For Reidun er altså ikkje nynorsken noko ho knyter til identiteten sin, det er berre det språket ho tilfeldigvis skriv. Det å skrive nynorsk er ikkje eit bevisst val, det er tilfeldigvis det hovudmålet som er på skulen, og det finn elevane seg i. Dei opplever ikkje at det har noko med identiteten deira å gjere. Dette stemmer også med lærarane sitt inntrykk av elevane sitt forhold til nynorsk, jamfør kapittel 5.3.1. For å beskrive elevane i mitt materiale vil eg derfor lansere omgrepet *skulenynorske*, som ein motsats til dei personleg nynorske. Dei skulenynorske er kjenneteikna av at den einaste grunnen til at dei skriv nynorsk, er det at dei tilfeldigvis har hatt det på skulen. Eit mogleg unntak er Marit. Ho gir uttrykk for at ho har tenkt over, og er glad for, at ho har nynorsk som hovudmål. Sitatet under viser at ho meiner det kjennest meir som hennar eige uttrykk å skrive nynorsk:

A: Korleis synest du det er å ha nynorsk som hovudmål?

M: Eg synest eigentleg det er veldig greitt. Eg er veldig fornøgd med det at eg har nynorsk, for eg føler at eg får til å uttrykke meg sjølv best mogleg viss eg har nynorsk. Viss eg har bokmål føler, eg det vert litt feil, for det er ikkje heilt meg

Det at Marit seier at det vert feil å skrive bokmål, kan vise at ho tenkjer på nynorsk som ein del av identiteten sin. Marit kan likevel ikkje beskrivast som det Vestad (2003, s.22) omtalar som personleg nynorsk. Sjølv om ho til ein viss grad bruker nynorsk bevisst, vil heller ikkje ho bruke nynorsk i alle samanhengar. Ein kan sånn sett seie at nynorsk er ein del av identiteten til Marit, men ho vel å ikkje vise han fram. Grunnen til dette kan, som nemnt over, vere dei negative konnotasjonane og eit ønske om å passe inn i majoriteten. Dette kan tyde på at den nynorske identitetskjenninga ikkje stikk så djupt, heller ikkje for Marit. Som Le Page og

Tabouret-Keller (1985, s.181) skriv: Språk er ein måte å signalisere kva gruppe ein vil høyre til i. Marit, og dei fleste nynorskelevane, markerer at dei ikkje ønskjer å skilje seg ut og bli assosiert med nynorsk. Dei vil heller assosierast med bokmål og vere ein del av ei større gruppe. Den lokale språkidentiteten markerer dei først og fremst gjennom dialekt. Dette kjem eg nærare inn på i neste kapittel 6.4.3.

6.4.2. Forvirra og negativ nynorsk identitet

Elevane sin personlege identitet stemmer altså ikkje overeins med den identiteten samfunnet, og for så vidt dei sjølv, tildeler nynorskbrukarar. Dette finn også Hernes (2012) i si undersøking av lærarstudentar med nynorsk som hovudmål. Sjølv om elevane ikkje nødvendigvis identifiserer seg som nynorskbrukarar, forandrar ikkje dette det faktumet at dei er ein del av den minoriteten som har nynorsk som hovudmål. Det at dei ikkje identifiserer seg som nynorskbrukarar, kan i følgje Engen og Kulbrandstad (2004) ha å gjere med dissonansen mellom opplevd og tildelt identitet. Ein slik dissonans kan føre til utvikling av ein forvirra eller negativ identitet (Engen & Kulbrandstad, 2004, s. 193). Garthus (2009) finn at nynorskelevar har ei meir negativ haldning til eige hovudmål enn det bokmåselevar har. Dette er noko som også kjenneteiknar elevane i mitt materiale. Sjølv om ingen seier direkte at dei er negative til nynorsk, viser dei gjennom bortvalet av nynorsken at dei ikkje ser på hovudmålet sitt som likeverdig med bokmål. Dei tilpassar seg også majoritetsspråket utan å tenkje over det.

Det kan altså sjå ut som mange av nynorskelevane har utvikla ein negativ identitet som nynorskbrukarar. Dei har ikkje lykkast med å sjølvkategorisere og gjennom det utvikle og reformulere dei oppfatningane samfunnet har, slik at dei kjem meir i samsvar med eigen identitetskjennele, jamfør kapittel 3.3.1. Enkelte av elevane kan også seiast å ha utvikla det Kulbrandstad og Engen (2004) kallar ein forvirra språkleg identitet. Dette er Marit eit eksempel på. Som eg viste med sitatet over, føler ho at det er meir «ho» å skrive nynorsk, men ho vil likevel ikkje gjere det overalt. Dette kan vere eit uttrykk for at ho eigentleg føler at nynorsk er ein del av identiteten hennar, men at ho ikkje vil uttrykkje han på grunn av dissonansen mellom korleis ho opplever seg sjølv på den eine sida og den identiteten samfunnet tillegg nynorskbrukarar på den andre.

Engen og Kulbrandstad (2004, s.193) hevdar at ein av grunnane til utviklinga av negativ og forvirra identitet er manglande utforsking av, og bevisstheit rundt, eigen status som minoritetsgruppe. Eg finn også i mitt materiale at dette er noko elevane manglar. Som eg viste i kapittel 6.3, er dei lite bevisste om nynorsken sin status. Proba-rapporten (2014, s.47) og Garthus (2009, s. 26) støttar også dette. Dei finn at elevane generelt er lite bevisste om språksituasjonen. Garthus (2009, s.26) peikar i tillegg på bevisstgjerjing som eit viktig tiltak for å hindre fråfall frå nynorsken. I LK06 står det at utvikling av språkleg sjølvtilitt og bevisstheit er eit av formåla med norskfaget (Kunnskapsdepartementet, 2013). Dersom nynorskelevane har utvikla ein negativ identitet knytt til hovudmålet sitt, må det seiast at ein har bomma på dette formålet. Kva implikasjonar dette kan ha for skulen, vil eg kome nærare inn på i kapittel 7.

6.4.3. Dialekt og identitet

Elevane opplever altså ein *dissonans* mellom korleis dei ser på seg sjølve og korleis dei ser på ein typisk nynorskbrukar. Sidan dei ikkje opplever at dei er typiske nynorskbrukarar, kjenner dei heller inga samkjensle med andre nynorskbrukarar. Engen og Kulbrandstad (2004) seier at det viktigaste og nødvendigaste kriteriet for ein etnisk identitet, er den subjektive kjensla av fellesskap. Eg vil hevde at elevane i større grad ser på dialekt som ein markør for ei slik identitetskjennele. Dei fleste av elevane, både i spørjeundersøkinga og intervjuet, seier dei ikkje kjem til å skrive nynorsk etter at dei er ferdige med skulen. Dei vil heller ikkje skrive dialekt i alle samanhengar, noko som kan vere eit uttrykk for at dei veit at dialekt ikkje er eit standardisert skriftspåk, og at dei ikkje opplever dialekt som ein akseptert varietet. På same måte som nynorsk, er dialekt *lokalt*, ikkje *nasjonalt*, som bokmål. Elevane vil likevel halde på dialekta. Dei gir uttrykk for at dei opplever skriftleg dialekt som eit naturleg uttrykk for kven dei er og kvar dei kjem frå. Ivar seier i intervjuet at dialekt er lettast å skrive fordi «det kjem strøymande ut, for å si det sånn». Vidare seier Ivar at: «Eg kjem alltid til å ha dialekta mi, det trur eg dei fleste av folka kjem til å ha». Desse sitata eksemplifiserer godt det også dei andre elevane gir uttrykk for: Skriftleg dialektbruk i det uformelle domenet, når dei er personlege og kommuniserer med menneske dei har nære relasjonar til, er noko dei vil halde fram med. Dette viser at dei ser på dialekt som eit uttrykk for identitet.

I det formelle domenet vel dei fleste elevane å bruke bokmål. Elevintervjua antyder likevel at elevane *ikkje* ser på dette som ein del av identiteten sin. Sjølv om beskrivingane av bokmålsbrukarar er meir knytt til modernitetsaksen, og Mæhlum (2007) skriv at desse verdiane har høgare symbolsk kapital og som regel vinn over verdiar knytt til tradisjonsaksen, er det verdt å merke seg at elevane heller ikkje nødvendigvis kjenner seg heime i beskrivingane av bokmålsbrukarar. Elevane i mitt materiale, både i spørjeundersøkinga og intervjua, nemner negative trekk ved bokmål og bokmålsbrukarar, og knyter bokmål ganske uløseleg til byane. Sitatet under viser at Ivar knyter bokmålsbrukarar til det *moderne*, samstundes som han distanserar seg frå dei:

A: Ja, mm. Enn ein typisk bokmålsbrukar då?

I: Hm [...] Nei, det du då ser eg eigentleg for meg ein litt yngre person.

A: Ein yngre person?

I: Ja, eg gjer det, eh, litt moderne kledd og sånn. Eg aner ikkje kvifor, men det er det som kjem fram.

A: Mm.

I: Eg kan ikkje tenke meg nokon personar eg kjenner som er sånn kjempebokmålsk.

A: Nei.

I: Det er ikkje så mange bokmålspersonar her i bygda nei.

Det at Ivar seier at det ikkje er mange bokmålspersonar i bygda, sjølv om både elevar og lærarar viser til at mange i bygda bruker bokmål, kan tyde på at det for han er eit skilje mellom vanlege bokmålsbrukarar og *bokmålspersonar*. Dette skilje kan sjåast på som eit tilsvarande skilje som mellom vanlege nynorskbrukarar og dei personleg nynorske. For Ivar kan det verke som ein bokmålsperson er ein person som innehar dei kvalitetane elevane tillegg ein typisk bokmålsbrukar, jamfør tabell V. Det kan verke som om bokmål berre er eit språk elevane bruker fordi dei opplever det som umarkert, overnasjonalt, og fordi dei ikkje vil assosierast med konnotasjonane som er knytt til nynorsk. Det at elevane verken identifiserer seg altså som bokmålspersonar eller personleg nynorske er ei sentrale meiningseiningane i mitt materialet. Det støttar også opp om ei anna sentral meiningseining: Elevane ser på dialekta som eit uttrykk for identitet, både i tale og skrift.

Nokre av elevane knyter også nynorskbruk opp mot dialekt. Fleire elevar viser til at dialekta deira liknar på nynorsk, og at dei på den måten alltid kjem til å bruke litt nynorsk. Jo seier at han ikkje kjem til å bruke nynorsk i framtida, «men eg kjem jo til å snakke dialekt, den kjem eg jo til å bruke, så eg kjem jo til å ha med meg nynorsken på ein måte då [...]». Dette er ei oppfatning som går igjen blant elevane. Sånn sett kan ein kanskje seie at nynorsk er ein del av identiteten til elevane gjennom dialekta. Dette er likevel noko problematisk i mine auge. For det første seier elevane som knyter dialekt og nynorsk saman, i likskap med Jo i sitatet over, at dei kjem til å halde på nynorsken gjennom dialekta etter at dei har sagt at dei ikkje vil bruke nynorsk når dei er ferdige på skulen. Eg tolkar dette som ei rettferdiggingering av å ikkje skulle bruke hovudmålet sitt etter avslutta skulegane. Elevane kjenner på at det er «feil» og forsvarar seg derfor med at nynorsk er ein del av dialekta deira. Nynorsken sin plass i dialekta er også noko lærarane har snakka mykje om i undervisinga (sjå kapittel 5.3.1), så det kan vere at elevane opplever dette som det «rette» å seie. For det andre er nynorsk eit skriftspråk, og elevane vil ikkje halde på det i si standardiserte form. Dei vil i beste fall bruke litt nynorsk når dei skriv dialekt. Ut frå kva situasjonar dei ville brukt nynorsk i, ser det ut som at målforma for mange har ein liknande og like lokal status som dialekt. Der dei føler at dei kunne nytta nynorsk, nyttar dei dialekt i staden, og der dei ikkje kan nytte dialekt, nyttar dei bokmål. Vikør (1997, s.125) skriv at bruk av nynorsk med dialektilpassing er ein av dei faktorane som har vore med å oppretthalde og fremme nynorsk, men han skriv også at det har vore ein av dei minst viktige. Som eg har skrive i kapittel 3.3.1, meiner han at det viktigaste for nynorsken sin posisjon og vidare eksistens har vore nynorsken si identitetsskapande rolle, som signal om ein felles identitet i kjerneområda for nynorsk, og at nynorskbruk har vore ein måte å distansere seg frå storsamfunnet på. Skulen eg har gjennomført undersøkinga mi på, ligg ikkje i kjerneområdet for nynorsk, men kommunen var tidligare ein nynorskkommune, og det er nærliggande å tenkje at nynorsk også her kunne ha vore ein måte å markere felles identitetskjennele på. Slik er det imidlertid ikkje for informantane mine, eg vil hevde at dialekta fyller desse funksjonane for dei; både med tanke på felles identitet med bygda dei kjem frå, og for å markere at dei kjem frå utkanten. Det at dialekt overtar for det Vikør (1997, s.125) meiner har vore ein av dei viktigaste faktorane for å sikre nynorsken, er urovekkande for

nynorsken si framtid. Korleis elevane i mitt materiale ser på denne framtida, både for seg sjølv og nynorsken generelt, vil neste kapittel ta for seg.

6.5. Framtida

I tabell XII svarer elevane på kva målform dei vil velje på vidaregåande. Det er berre seks elevar som veit at dei vil velje nynorsk. Dette kan verke som eit oppsiktsvekkande lite tal i seg sjølv, men sett i samanheng med kva elevane har svart tidligare, er det ikkje så oppsiktsvekkande likevel.

Kva målform kjem du til å ha på vidaregåande?	
Nynorsk	6
Bokmål	11
Har ikkje tenkt over det	19

Tabell XI: Kva målform kjem du til å ha på vidaregåande?

Dei aller fleste elvane i har svart at dei ikkje har tenkt over kva målform dei skal velje på vidaregåande. Som eg har vist i dei føregåande kapitla, vil dei fleste elevane bruke bokmål i dei fleste formelle situasjonar, og dei har også ei forståing av at bokmål og nynorsk ikkje er jamstilte målformer. Dette viser nok ein gong at dei fleste elevane ikkje er bevisste på eigne språkval. I tabell XIII svarer elevane på kven som har råda dei til å byte hovudmål, og i tabell XIV svarer dei på kven som har råda dei til å halde på hovudmålet sitt. Her har fleire av elevane kryssa av for meir en eitt svaralternativ.

Kven har råda deg til å byte hovudmål?	
Skule	6
Familie	7
Andre	8
Ikkje svart/ingen	17

Tabell XII: Kven har råda deg til å byte hovudmål?

Kven har råda deg til å halde på hovudmålet ditt?	
Skule	19
Familie	9
Andre	5
Ikkje svart/ingen	9

Tabell XIII: Kven har råda deg til å halde på hovudmålet ditt?

Tabellane viser at det er fleire som har fått råd om å halde på hovudmålet enn det er som har fått råd om å byte. Skulen er den instansen dei fleste av elevane har fått råd om å halde på hovudmålet sitt frå. Dette stemmer med intervju med lærarane. Dei fortel at dei, sjølv om dei er tydelege på at val av målform er noko elevane sjølve må avgjere, rådar dei elevane til å halde på nynorsk som hovudmål. Det at seks elevar seier skulen har råda dei til å byte hovudmål, finn eg inga forklaring på i materialet mitt. Lærarane seier ingenting om at dei har råda nokon til å byte. Ei moglegheit er at andre lærarar enn norsklærarane har gitt slike råd, eller at elevane har oppfatta støtte frå lærarane til å velje sjølv, som ei oppmoding til å byte. Det ser likevel ut til at dei fleste elevane opplever at skulen støttar opp om at dei skal halde på hovudmålet sitt, men at dette ikkje har nokon stor effekt. Som vi såg i tabell XII, vil svært få halde på nynorsken på vidaregåande skule. Det kan dermed sjå ut som om slike konkrete råd har liten innverknad på elevane sine val, dersom ikkje råda vert underbygde av kunnskap og bevisstheit rundt språksituasjonen. Dette er også konklusjonen til Proba-rapporten (2014, s.47): Konkrete råd har mindre å seie enn det bokmåldominansen rundt elevane har, jamfør kapittel 2.3.1. I tabell XV dreier spørsmålet vekk frå skulegangen, og elevane svarer på om dei vil bruke nynorsk etter at dei er ferdige med grunnskulen og vidaregåande.

Kjem du til å skrive nynorsk etter du er ferdig med skulen?	
Ja	3
Litt	19
Nei	14

Tabell XIV: Kjem du til å skrive nynorsk i framtida?

Berre halvparten av dei som seier dei vil ha nynorsk på vidaregåande, seier dei vil nytte det etter at dei er ferdige der. Garthus (2009, s.10) finn tilsvarende svar, det å ha nynorsk på vidaregåande, er ingen garanti for å bruke det vidare i livet. Dei fleste seier at dei vil nytte litt nynorsk. Her er det likevel verdt å merke seg at mange som har svart «litt», har moderert det ned mot «ingen ting» når dei svarar på det opne spørsmålet om kvifor/kvifor ikkje dei kjem til å skrive nynorsk i framtida⁵.

⁵ Svara i tabellen er kategoriar laga ut frå elevane sine svar.

Kvifor/kvifor ikkje nytte nynorsk i framtida?	
Bokmål er enklare/nynorsk er vanskeleg.	9
Mest naturleg å skrive bokmål.	9
Fleire bruker/forstår bokmål.	7
I enkelte samanhengar passar det best/ må ein bruke nynorsk.	6
Mest naturleg å bruke nynorsk.	5
Har vakse opp med det, kan det, kjem ikkje til å gløyme nynorsk.	5
Nynorsk passar dårlig i mange samanhengar.	4
«Derfor»/ veit ikkje/ikkje svart.	4
Påverka av mest bokmål i samfunnet (meida, bøker).	3
Bruker dialekt.	3
Kjem ikkje til å skrive mykje nn.	3
Liker ikkje nynorsk/nynorsk er stygt.	3
Viktig å ta vare på nynorsk som skriftspråk.	1

Tabell XV: Grunnar for val av målform i framtida.

Resultata i denne tabellen stemmer med det eg allereie har diskutert. Dei tre første grunnane er alle knytt til bokmåldominansen i samfunnet. Tanken om at bokmål er vanskelegare enn nynorsk har eg allereie diskutert i kapittel 6.3. Og ut frå elevintervjua kan det verke som at den generelle oppfatninga i samfunnet er at nynorsk er vanskeleg. Ein kan sjølvstund ikkje sjå bort frå at nokre nynorskelevar faktisk syntest at nynorsk er vanskelegare, men då meiner eg, som Garthus (2009), at dette er eit resultat av at bokmålsdominansen. Den andre grunnen som markerer seg i tabell XVI, er at bokmål er *mest naturleg*. Dette viser direkte tilbake til oppfatninga av bokmål som nasjonalt og umarkert. Alle argumenta for å velje bokmål framfor nynorsk kan altså sjåast som eit uttrykk for bokmålsdominansen i samfunnet, og som eit teikn på at nynorsken sin symbolske kapital er låg. Eit interessant poeng er at berre tre elvar har skrive med eigne ord at dei vert påverka av bokmålsdominansen i samfunnet: Dette kan tyde på at ikkje alle er bevisste på denne situasjonen.

I elevintervjua finn ein representantar for både dei som har bestemt seg for å byte hovudmål på vidaregåande, dei som ikkje har tenkt over kva dei vil, og dei som vil halde på nynorsken også etter overgangen til vidaregåande skule. Ivar vil halde på nynorsken. Marit, Jo og Reidun har nesten heilt sikkert bestemt seg for å byte. Hallvard og Åse har ikkje tenkt så mykje på det. Eg vil no gå nærare inn på korleis elevane som representerer dei ulike alternativa, grunngir vala sine, og på korleis dei ser på framtida si som nynorskbrukarar.

6.5.1. Å kjempe mot straumen eller flyte med?

Marit, Jo og Reidun er klare på at dei vil byte til bokmål på vidaregåande. Det er interessant at det er nettopp desse tre som gir uttrykk for at dei vil byte hovudmål. Alle er relativt bevisste på nynorsken sin posisjon i samfunnet og veit også litt om kva rettar dei har. Marit er den einaste som direkte knyter nynorsk opp mot identiteten sin, og Reidun er den einaste som snakkar om at ho opplever eit press om å byte, jamfør kapittel 6.3 og 6.4. Likevel vil dei velje vekk nynorsk. Hovudargumentet deira er at dei vil bli i mindretal som nynorskbrukarar på den skulen dei byrjar på. Dette vert eksemplifisert i sitatet frå Marit:

M: Det at vi for eksempel har nynorsk synest eg er ganske artig, for det at det er jo annleis. Og viss vi kjem på vidaregåande no, og eg vel nynorsk, så vert eg sikkert den einaste i klassa, kanskje.

A: Mm.

M: I alle fall viss eg drar til VGS1, då, som eg tenkjer, og då vert det jo vanskeleg å velje nynorsk, då kanskje.

A: Men kjem du til å gjere det, trur du?

M: Einaste då. Einaste i klassa, og sikkert i heile kommunen.

A: Mm.

M: Når det er ingen som har det liksom, og dei må leggje opp alt på grunn av meg. Nei.

A: Nei.

Sjølv om Marit uttrykkjer at ho synest det er fint å vere annleis, noko som kan sjåast i lys av at Marit ser på nynorsk som ein del av identiteten sin, må dette vike plassen for ønsket om å ikkje vere til bry, og om å vere ein del av majoriteten. Det å vere i mindretal som nynorskbrukar på skulen, er altså noko som fører til at elevane lett byter hovudmål. Dette viser også Proba-rapporten (2014), Ressursgruppa (2013) og Garthus (2009) til. Alle peikar på at byte av hovudmål oftast skjer når elevane byter skule og nynorskbrukarane kjem i mindretal. Elevane i mi undersøking har gått på ein nynorskskule heilt fram til overgangen til vidaregåande, og nesten ingen har bytt hovudmål. Når dei skal over på skular der bokmål dominerer, vert dette spørsmålet veldig aktuelt. Som eg har diskutert i kapittel 6.2 og 6.3 innordnar dei seg etter majoritetsspråket, språket med den høgste symbolske kapitalen, bokmål. Dette er nok eit eksempel på at nynorskelevane ser på seg sjølv som ein minoritet.

Jo og Reidun bruker dei same argumenta som Marit, dei vil ikkje vere i mindretal. I tillegg seier både Jo og Reidun at dei føler dei eigentleg ikkje har noko val. Sjølv om dei begge veit at dei har rett til å velje hovudmål, så synst dei ikkje at det er eit reelt val. Reidun kjenner sterkt på dette. Ho trur ikkje «ho får lov» til å ha nynorsk på vidaregåande. Ein av grunnane til dette er opplevinga ho, i sitatet under, fortel at søstera hadde då ho prøvde å halde på nynorsken på vidaregåande:

R: Mm, ja, søstera mi hadde nynorsk då, og ho bytte når ho byrja på vidaregåande. Då skreiv alle saman på bokmål og ho fekk faktisk understrek på at ho skriv på nynorsk.

A: Åh!

R: Så då bytte ho berre då, orka ikkje meir.

A: Nei, skjønar. Kva for vidaregåande gjekk ho på då?

R: Eg trur ho gjekk bortpå VGS 1.

A: Ja. Og kva tenkjer du om å ha nynorsk på vidaregåande då?

R: Det hadde jo vore litt artig å ha hatt noko litt annleis enn dei andre, men det vert no sikkert det same med meg då, viss dei har bokmål på den skulen eg har tenkt då, så må eg vel berre byte til bokmål... Det er jo litt vanskeleg når fleirtalet har bokmål, så [...]

Det at ein lærarar på ein vidaregåande skule rettar nynorsk til bokmål hos nynorskelevar, er oppsiktsvekkande. Ut frå svara frå VGS1 er det likevel ikkje usannsynleg. Dei har ingen rutinar verken på registrering av målform eller på å gi elevane informasjon om at dei har rett til å velje hovudmål sjølve. I følge VGS1 er valet av hovudmål noko som skjer før dei vidaregåande skulane kjem inn i biletet, jamfør kapittel 5.3.2. VGS1 si erfaring er at alle elevane som har nynorsk frå ungdomsskulen, rett og slett berre byrjar å skive bokmål som hovudmål når dei startar på vidaregåande. Det gir eit sterkt signal til elevar med nynorsk som hovudmål når dei ikkje får moglegheit til å velje hovudmål sjølve, men automatisk vert ført opp som bokmåselevar. Dersom ein skal halde på nynorsken i møte med ein slik skule, må ein vere svært bevisst, målretta og trygg på seg sjølv. Denne problemstillinga er ikkje ukjent, og både Ressursgruppa (2013, s.18) og Garthus (2009, s.19) peikar på at dette som eit problem: Enkelte skular registrerar elevar som bokmåselevar utan å spørje dei. Jo si oppleving av å ikkje ha noko reelt val er ikkje like sterk som Reidun si. I Jo sitt tilfelle handlar det meir om at alle andre har bokmål, og at han ikkje ønskjer å skilje seg ut frå mengda. Dette vil også påverke dei elevane som ikkje har tenkt over kva hovudmål dei vil

velje på vidaregåande. Det må vere rimeleg å tenkje at desse elevane er dei minst bevisste og dermed også lettare påverkelege.

Sjølv om Marit, Jo og Reidun er bevisste rundt nynorsken sin situasjon, og snakkar reflektert rundt språksituasjonen, ser det likevel ut som bevisstheita deira er relativt avgrensa. Dei er bevisste på at det er ein bokmålsdominans i samfunnet og veit, til ein viss grad, om kva rettar dei har som nynorskbrukar. Dei ser også det positive i det å ha hatt nynorsk på skulen, sidan det då vert lettare med sidemål. Det at det mest positive med å ha nynorsk som hovudmål, er at dei slepp å streve med det som sidemål, er likevel symptomatisk for bevisstheita deira. Dei er bevisste på at nynorsk er ei mindre utbreidd målform, og dei definerer på mange måtar nynorsk ut frå forholdet til og eigneskaper ved bokmål. Dei ser ikkje på det å bevare nynorsken i seg sjølv som ein god nok grunn til å halde på hovudmålet sitt. Med unntak av Marit, som synest det har ein eigenverdi å skrive nynorsk, ser ingen av dei nokon eigenverdi i å kunne nynorsk..

Når Marit, Jo og Reidun er ferdige med skulen, er dei usikre på om dei kjem til å bruke nynorsk vidare. Marit trur ho kjem til å gjere det dersom ho vert lærar. Viss ho vert noko anna, trur ho ikkje ho kjem til å gjere det. Reidun og Jo er begge ganske sikre på at dei ikkje kjem til å bruke nynorsk seinare i livet. Sitatet under viser korleis Reidun opplever valet mellom nynorsk og bokmål: Som valet mellom å vere sta eller å ta den enklaste utvegen:

A: Ja, kva tenkjer du om framtida som nynorskbrukar då?

R: Eh, nei, eg tenkjer jo at det kanskje kjem til å bli litt vanskelig då, fordi bokmål er så utbredt og overlegent...

A: Mm.

R: Ja, så eg kan jo enten vere såpass sta og ha nynorsk så lenge eg vil eller eg kan berre følgje flokken og byte over. Det er vel det lettaste kanskje.

Det at Reidun er bevisst på at bokmål dominerer i samfunnet og at det derfor kan vere vanskeleg å halde på nynorsken, er altså ikkje nok. For å halde på nynorsk som hovudmål, må ein vere sta i tillegg; ein må våge å stå imot presset frå majoriteten. Ut frå resten av svara Reidun har gitt, er det rimeleg å anta at ho vel å følgje flokken. Tala frå spørjeundersøkinga og frå elevintervjua viser at dette gjeld mange av elevane. Sannsynlegvis gjeld det også

Hallvard og Åse. Heller ikkje dei vil nytte nynorsk når dei er ferdige med skulen, som Hallvard seier: «Eg kjem nok til å bruke bokmål på sånne offentlege ting, søknadar og sånt. Elles kjem eg til å bruke dialekt, eh, så det vert lite nynorsk. Veit ikkje heilt når eg skulle brukt det». Åse og Hallvard er likevel dei to som seier at dei endo ikkje har bestemt seg for hovudmål på vidaregåande. Sjølv om dei har tenkt lite over kva målform dei skal velje, bruker dei som nemnt tidligare bokmål i alle fromelle situasjonar. Begge to seier at dersom dei hadde vorte kategorisert som bokmåselevar utan å bli spurt, hadde dei ikkje protestert. Dei har altså ikkje noko sterkt ønskje om å ha bokmål på vidaregåande, og med bokmåldominansen i samfunnet er det ei å halde på nynorsken eit aktivt val, ikkje noko som berre skjer. Dette tyder på at også Hallvard og Åse kjem til å følgje flokken og velje bokmål som hovudmål. Også Garthus (2009) og Proba-rapporten (2014) finn at dei som held på nynorsken når dei er i mindretal, er bevisste på at dei har gjort eit val. Det er derfor rimeleg å anta at dei som ikkje er bevisste på målforma si og språksituasjonen, er mest utsatt for å byte. Med utgangspunkt i at dei av informantane mine som ikkje har tenkt over kva målform dei vil velje på vidaregåande ikkje er særleg bevisste, er det rimeleg å gå ut i frå at ein stor del av elevane, som har svart dette i spørjeundersøkinga, vil velje å byte til bokmål som hovudmål.

6.5.2. Han som sym mot straumen

Heilt frå starten av intervjuet med Ivar var han heilt klar på at for han var det nynorsk som gjaldt. Ikkje fordi han tok noko aktivt standpunkt for nynorsken, men fordi nynorsk er hovudmålet han har hatt sidan han byrja på skulen. Ivar seier også at han vil halde på nynorsken på vidaregåande. Han har ei søster som bytte hovudmål og det synest han er greitt. Ho må få gjere som ho vil, men som han seier: «eg hadde aldri kome til og gjort det sjølv, då». Dette er i alle fall det Ivar seier i utgangspunktet. Som det har kome fram i løpet av mine analysar, er ikkje Ivar særleg bevisst på språksituasjonen. Han har ikkje tenkt noko særleg over at dei fleste andre der han skal gå på vidaregåande, truleg kjem til å ha bokmål. Etter å ha snakka om det, vert han meir usikker. Dette kjem fram i sitatet under.

A: Men kva synest du om det å bruke nynorsk viss alle dei andre bruker bokmål, då?

I: Nei, det er jo det eg vart litt usikker på då. Det kan jo vere kjipt å vere den einaste, då. Eh, det er jo fleire fordelar med å skifte også. Eg er jo ganske innsett i nynorsk, så eg kan jo mesteparten av det som er med nynorsk.

A: [mm].

I: Så viss eg byrjar med bokmål så har eg jo fått eit større språkspektrum.

A: Ja.

I: Så, så [eh], pluss det at eg kan jo kanskje føle meg litt meir heime, eg veit ikkje, eg.

Her byrjar Ivar å argumentere for grunnar for å byte til bokmål. Argumenta han bruker samsvarar i stor grad med argumenta til dei som vil byte målform; det er kjipt å vere den einaste, og ved å bruke bokmål vil han kanskje passe betre inn. I intervjuet med Ivar er det først på dette spørsmålet, langt ut i intervjuet, at det kjem opp at nynorskbrukarar er i mindretal. I alle dei andre intervjuar tar elevane dette opp heilt i byrjinga. For Ivar er nynorskbruk i utgangspunktet umarkert. Det einaste han tideligare har vurdert nynorsk opp mot er dialekt; han har ikkje sett på bokmål som ein konkurrent til nynorsk i det formelle domenet. Gjennom intervjuet tenkjer og snakkar Ivar om problemstillingar han ikkje har tenkt aktivt over før, i følge han sjølv. I hans tilfelle ser auka bevisstheit ut til å gjere han meir usikker på valet sitt, ikkje mindre. Dette må imidlertid sjåast i samanheng med at han først og fremst vert bevisst på det at nynorskbrukar er i mindretal. Han er ikkje så bevisst på lovgiving, på utfordringa med at fleire vel vekk nynorsk og på at det er eit politisk mål at færre skal velje det bort. Dersom han hadde fått kunnskap om dette også, kunne resultatet kanskje vorte eit anna. Det er såleis verdt å merke seg at auka bevisstheit rundt berre delar av problematikken, kan gi ulike utslag. For Ivar vart utslaget at han likevel konkluderer med at han vil halde på nynorsken, både på vidaregåande og seinare. Han seier også at dersom skulen han gjekk på hadde plassert han som bokmålselev utan at han fekk velje, ville han ha sagt frå. Dette vitnar om at han kanskje vil kunne stå imot presset.

6.5.3. Framtidsspådommar

Fram til no har dette kapittelet dreia seg om korleis elevane ser på si eiga framtid som nynorskbrukarar. Avslutningsvis vil eg kort gjere greie for korleis dei ser på framtida til nynorsk som skriftspråk generelt. Garthus (2013, s.11) finn at usikkerheit rundt nynorsk sin eksistens som skriftspråk i framtida gjer at elevar ikkje opplever det som like relevant å halde på det som hovudmål. I mi undersøking er det ingen som nemner tilsvarande. Det elevintervjuar viser er imidlertid at elevane ikkje ser spesielt positivt på framtida for

nynorsken. Dei trur alle at det kjem til å bli mindre nynorsk i framover. Sitatet under viser korleis Ivar ser for seg framtida:

A: Kva tenkjer du om framtida til nynorsk sånn generelt? I heile Norge, og på skulen også?

I: Nei, eg trur faktisk han er på, eh.. litt på veg ut.

A: Ja?

I: Eg trur faktisk han er det, men, eh.. Eg får no håpe det at det er folk som framleis held på nynorsken.

Ivar sitt synspunkt om at nynorsken er «litt på veg ut» vert delt av alle elevane. Sjølv om ingen av dei gir uttrykk for at dette påverkar valet deira av framtidsmålform, skal ein ikkje sjå bort frå at det kan vere ein medverkande årsak til at mange vel vekk nynorsk, slik også Garthus (2013, s.11) finn. Ivar gir uttrykk for at han håper at enkelte likevel vil halde på nynorsken. Dette håpet deler alle elevane, unntatt Hallvard, som ikkje synest det har så mykje å seie. Dei fleste elevane vil ikkje at nynorsken skal forsvinne, men med unntak av Ivar og delvis Marit, vil dei ikkje bruke nynorsk sjølve. Garthus (2009, s.23) finn også denne tendensen: Dei fleste i Valdres er positive til at nynorsk framleis skal brukast i heimtraktene, men dei vil ikkje bruke nynorsk sjølve. Det at elevane på individnivå vel vekk nynorsk, fører til ein konsekvens på makronivå: Nynorsk vert mindre brukt og kanskje vil det på lang sikt forsvinne? Dette er noko dei fleste av elevane ikkje ønskjer. Ein slik motsetnad kan forklarast ved hjelp av teorien om den usynlege handa (Keller, 1994). I det neste kapittelet vil eg drøfte korleis nettopp denne teorien kan brukast til å forstå målbyte.

6.6. Den usynlege handa

Elevane vil altså ikkje at nynorsk skal forsvinne, men mange vel det likevel bort, både som hovudmål på vidaregåande skule og som bruksspråk utanfor skulen. Dette kan vere med å bidra til at denne målforma forsvinn. Likevel gjer dei det. For å forstå dette er Keller (1994) sin teori om den usynlege handa nyttig. Slik eg beskreib i kapittel 3.4, viser denne teorien både korleis eit fenomen som målbyte, som er eit fenomen av den tredje typen, oppstår og korleis fenomenet forsterkar seg sjølv. I det følgjande vil eg nytte Keller (1994) sin teori for å få ei betre forståing av elevane sine val.

I kapittel 3.4 skriv eg om korleis eit fenomen av den tredje typen kan oppstå gjennom tre trinn: Mikronivå, prosessen med den usynlege handa og makronivå. Mikronivået er enkeltindividet sitt bevisste val, ut frå ønsket om å nå eit bestemt måle. Makronivået er dei (ofte) utilsikta konsekvensane. Den usynlege handa er prosessen som skjer mellom desse nivåa, og som forklarar korleis individa sine handlingar på mikronivå vert til resultatet på makronivå.

I denne avhandlinga er mikronivået den enkelte elev sitt val om å byte, eller ikkje byte, hovudmål på vidaregåande. Det er forskjellige grunnar til at elevane vel det eine eller det andre. Ut frå funna i mitt materiale opplever elevane at bokmål er eit nasjonalt språk, medan nynorsk er lokalt. Dei opplever at nynorsk har lågare symbolsk kapital enn bokmål, og dei har eit ønske om å ikkje skilje seg ut frå majoriteten. Derfor vel dei å bruke bokmål og vil truleg byte hovudmål på vidaregåande. Kva grunnen er, og kor bevisste dei er rundt dette, varierer. Dei vala eleven tar, vert tatt på bakgrunn av dei økologiske vilkåra rundt eleven, altså konteksten vala vert tatt i. For elevane i mitt materiale er dei økologiske vilkåra, ut i frå den føregåande analysen og drøftinga, bokmålsdominans ved den vidaregåande skulen dei byrjar på, og i samfunnet generelt, manglande eksponering for nynorsk utanfor skulen, oppleving av nynorskbrukarar som ein minoritet og manglande bevisstheit rundt reell og spesielt formell språksituasjon. I tillegg kjem korleis den vidaregåande skulen forhold seg til val av hovudmål. For elevane i mitt materiale er dette sjølvstøtt avhengig av kva vidaregåande skule dei vel å gå på, som eg har vist i kapittel 5.3.2. Dersom dei vel VGS1, vil eit av dei økologiske vilkåra vere at dei automatisk vert kategoriserte som bokmålslevar. Råd frå skule, familie, vener og andre fell også inn under desse vilkåra, men som eg har vist i kapittel 6.5, påverkar ikkje dette elevane i særleg stor grad.

Ut frå desse økologiske vilkåra tar altså elevane vala sine. Analysane og drøftinga av funna mine så langt viser at for dei fleste av elevane som har bestemt seg, fell valet på å byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Ut i frå opplevinga elevane har av å vere ein minoritet, er det kanskje ikkje så rart. Keller (1994) skriv at mennesket gjerne vil velje det same som «alle andre» for å ikkje stikke seg ut. Dette er noko ein kan kjenne igjen både i mitt materiale og hos Garthus (2009,2013), ressursgrupa (2013) og Proba (2014): Når elevane opplever at dei er

i mindretal og at «alle andre» skriv bokmål, vel dei bokmål sjølve også. Dette gjeld både for val av målform i det formelle domenet og for val av hovudmål på vidaregåande. Dersom elevane opplever at nynorskbrukarar er i mindretal, vel dei gjerne bokmål. Når ein ser på summen av dei økologiske vilkåra og på korleis elevane eg har intervjuja, har opplevd situasjonen med målval, kan ein spørje seg om elevane faktisk har eit reelt val. Simonsen (2005, s.9) meiner at i nokre tilfelle legg dei økologiske vilkåra så sterke føringar at det ikkje lenger er snakk om eit val, men om språkleg tvang. Ut frå Reidun, Jo og Marit sine utsegn kan det verke som om dei opplever nettopp dette. Når lærarane på vidaregåande til dømes rettar nynorskelevar sine tekstar frå nynorsk til bokmål, slik Reidun fortel at søstera opplevde, må dette seiast å vere ei så sterk oppmoding om å velje vekk nynorsken, at det kan karakteriserast som språkleg tvang. Ser ein bort frå slike ekstreme tilfelle er det framleis mykje som talar for at dei økologiske vilkåra legg så sterke føringar at valet ikkje er reelt.

Når mange nok tar det same bevisste valet, slår prosessen med usynlege handa inn. Prosessen gjer at alle vala som på mikronivå verkar ubetydelege, til saman vert til eit resultat som ikkje er intendert av enkeltindivid. På makronivået vert da konsekvensen av at mange elevar vel vekk nynorsk i mange situasjonar og byter hovudmål til bokmål når dei byrjar på vidaregåande, i første omgang at det vert færre som skriv nynorsk i ulike domene og at det vert færre elevar med nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Når mange nok elevar vel vekk nynorsk, vert også det ein del av dei økologiske vilkåra. Opplevinga av at ingen skriv nynorsk i gitte situasjonar og at «alle» vel vekk nynorsk på vidaregåande, gjer det enda vanskelegare for dei neste som skal gjere språklege val. Med Keller (1994) kan ein seie at prosessen *akkumulerer*, ved at dei økologiske vilkåra i enda større grad styrer andre mot det same valet (Ljosland, 2008, s. 33).

Den største gruppa elevar i mitt materiale har ikkje tenkt igjennom kva hovudmål dei skal velje på vidaregåande. Når ein ser på prosessen med den usynlege handa, saman med manglande bevisstheit om val av målform i andre samanhengar, er det rimeleg å anta at dei økologiske vilkåra legg så sterke føringar at også desse elevane kjem til å velje bokmål som hovudmål på vidaregåande. Når «alle andre» gjer det, og med tanke på at bokmål har høgare

symbolsk kapital enn nynorsk på den språklege marknaden, er det vanskeleg å ikkje følge flokken, som Reidun seier i kapittel 6.5.

Ovanfor har eg hovudsakleg brukt den usynlege handa for å forklare det at elevane vel bort nynorsk i mange situasjonar, og det at elevane vel å byte hovudmål på vidaregåande. Dette er den mest relevante bruken for mi avhandling, men eg vil heilt kort rette merksemda mot eit anna funn, sett i lys av den usynlege handa, tendensen til at nokre lærarar skriv dårleg nynorsk, eller skriv bokmål, og lar elevane skrive bokmål i sine fag, sjølv om skulen er ein nynorskskule. Den dårlege nynorsken og bruken av bokmål er noko både elevar og lærarar finn seg i. Elevane opplever at det «berre er sånn», og er ikkje negative til det. Med tanke på korleis den usynlege handa verkar, er dette urovekkande for skulen som nynorskskule. Saman med bokmålet sin generelle dominans i samfunnet, vil ein stille aksept for bokmålsbruk blant lærarar kunne føre til at endra økologiske vilkår gjer det lettare for nye lærarar som ikkje ønskjer å skrive nynorsk, å velje bokmål. Dette kan igjen føre til at elevane får inntrykk av at nynorsk har enda lågare symbolsk kapital, og gjere valet deira om å bruke og halde på nynorsk endå vanskelegare. Her bør skulen vere bevisst på si rolle. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 7, men før det vil eg tilbake til elevane og kome med nokre egne vurderingar.

I mitt materiale er det berre seks elevar som seier at dei vil velje nynorsk på vidaregåande. Ein av desse er Ivar. Han vil halde på nynorsken og må derfor stå imot dei økologiske vilkåra som talar for bokmål. Garthus (2009, s.26) og Proba-rapporten (2014, s.47) peikar begge på at bevisstheit er viktig. Ivar er ikkje særleg bevisst om den språklege situasjonen, så hans motstandsdyktigheit er ikkje ei følge av bevisstheit. Eg meiner, heilt motsett, at Ivar sitt val skuldast manglande bevisstheit rundt den reelle situasjonen. Dei andre elevane i intervjumaterialet er klare over at dei fleste andre bruker bokmål og dei opplever nynorsken sin symbolske kapital som låg. Ivar gir inntrykk av at dette er ei problemstilling han ikkje har tenkt mykje over. Dette kan vere grunnen til at han ikkje merkar dei ubevisste føringane dei økologiske vilkåra legg, slik dei andre elevane gir uttrykk for at dei gjer.

Sjølv om det kan sjå ut som Ivar si oppskrift for å halde på nynorsken er den manglande bevisstheita, er det ikkje dette eg opplever som løysinga. Som Garthus (2009) og Proba (2014), meiner også eg at elevane si bevisstheit rundt språksituasjonen er viktig for valet deira av hovudmål. Garthus og Proba finn at det er dei mest bevisste elevane som held på nynorsken. Dei mest bevisste elevane i mitt materiale vel likevel vekk nynorsken, men det som er viktig å påpeike, er at denne bevisstheita dreier seg om nynorsken sin minoritetsposisjon. Elevane er ikkje bevisste om den formelle statusen til nynorsk som skriftspråk. Dei er heller ikkje bevisste på rettane dei har som nynorskbrukarar, på at det er eit uttalt ønske at fleire skal halde på nynorsken og på at deira individuelle val betyr noko for nynorsken si framtid. I tillegg er det viktig at elevane møter så mykje nynorsk som mogleg. Som Garthus (2009, s.26) skriv, er det å sikre at elevane vert eksponert for så mykje nynorsk som mogleg, noko av det viktigaste ein kan gjere for å hindre målbyte. Desse to punkta, bevisstheit og eksponering, meiner eg er avgjerande for å kunne stå imot den usynlege handa, og såleis sikre at fleire elevar får eit reelt val som gjer det mogleg å halde på nynorsken. Dette vil også vere hovudfokuset i avhandlinga sitt siste kapittel. Der vil eg diskutere kva didaktiske implikasjonar funna mine har for skulen.

7. Didaktiske implikasjoner

Gjennom den føregående analysen har eg gjennom meiningsfortetting (Kvale, 2001, s. 127) presentert informantane mine sitt forhold til eige hovudmål og tankar om eiga framtid som nynorskbrukarar. I analysen har eg peika på nokre sentrale meiningsseiningar: nynorsk elevvar synest ikkje nynorsk passar i alle samanhengar, dei bruker dialekt i det uformelle domenet og dei knyter identiteten sin til dialekt, ikkje nynorsk eller bokmål. I tillegg er dei lite bevisste rundt nynorsken sin formelle status og opplever nynorsk som eit minoritetsspråk. Dei fleste av elevane i det kvantitative materialet har ikkje tenkt over kva målform dei vil ha på vidaregåande. Prosessen med den usynlege handa gjer det, slik eg har diskutert i kapittel 6.6, likevel nærliggande å tru at mange av dei som ikkje har bestemt seg kjem til å følgje «flokkjen». Ut frå stortingsmeldingane *Mål og meining* (St.meld. nr. 35, 2008) og *Språk bygger broer* (St.meld 23, 2008) sine uttrykte mål om å minske lekkasjen frå nynorsk til bokmål kan ein seie at dette ikkje er ei ønska utvikling. Eg kan ikkje trekkje bastante konklusjonar ut frå mi undersøking, men eg meiner likevel funna mine kan ha overføringsverdi med tanke på å forstå nynorskelevar i randsoner sitt forhold til eige hovudmål. I det følgjande vil eg derfor presentere kva implikasjoner mine funn kan ha for korleis skulen møter nynorskelevar.

Slik eg tolkar dei sentrale meiningsseiningane i mitt materialet kan dei knytast til elevane sin *manglande bevisstheit* om språksituasjonen. Både Garthus (2009, s.26) og Proba-rapporten (2014, s.47) peikar også på at nettopp bevisstheit rundt språksituasjonen er det som kjenneteiknar elevvar som held på hovudmålet sitt. På bakgrunn av desse to rapportane og mine eigne funn vil eg hevde at noko av det viktigaste skulen kan gjere er å arbeide med å auke elevane si bevisstheit. Bevisstgjeringarbeid finn ein også støtte for i Kunnskapsløftet. Der står det at skulen skal gjere elevane til bevisste språkbrukarar som er klare over den språklege situasjonen i Noreg og som er trygge på sin eigen språklege identitet (Kunnskapsdepartementet, 2013). Auka bevisstheit rundt språksituasjonen kan vere ein nøkkel til å minke lekkasjen frå nynorsk til bokmål.

I arbeidet mitt finn eg at det ikkje er likegyldig kva *type* bevisstheit ein snakkar om. Bevisstheit berre rundt bokmålsdominansen i samfunnet, utan bevisstheit rundt rettar, fordelar og konsekvensar av eigne val, slår ikkje nødvendigvis positivt ut. Det er derfor viktig at skulen ikkje berre fokuserer på nynorsken sin minoritetsposisjon i samfunnet, slik det kan verke som skulen til ein viss grad gjer i dag. Eg meiner at eit auka fokus at nynorsk og bokmål er jamstilte, at nynorskbrukar har akkurat dei same rettane som bokmålsbrukarar og at nynorsk vert sett på som ein ressurs av samfunnet, jamfør stortingsmelding 23 og 35 (St.meld 23, 2008; St.meld. nr. 35, 2008), vil vere formålstenleg. Dette kan vere med på å gjere elevane meir bevisste, både på nynorsken sin formelle status og eigenverdien i å ha nynorsk som hovudmål. Samtidig bør den komplekse språkkompetansen og den mottakarbevisstheita nynorskelevane viser når dei tilsynelatande uanstrengt vekslar mellom bokmål, nynorsk og skriftleg dialekt i ulike samanhengar verdsette. Dette er ein kompetanse skulen kan gjere elevane bevisste på at dei har. Elevane i mitt materiale vekslar utan å tenkje over det, og auka bevisstheit rundt denne kompetansen kan gjere elevane både meir trygge på seg sjølve som språkbrukarar og bevisste rundt kva situasjonar dei vel dei ulike målformene, inkludert dialekt, i.

Eg finn, i likskap med Ressursgruppa (2013) og Garthus (2009) at elevane møter lite nynorsk utanfor skulen. Skulen må derfor vere ei motvekt til bokmålsdominansen elles i samfunnet. Garthus (2009) skriv at *eksponering* er viktig for elevane sitt forhold til eige hovudmål, og sjølv om skulen ikkje kan sikre at elevane møter like mykje nynorsk som bokmål, kan han vere ei svært viktig motvekt til bokmåldominansen elles i samfunnet. Skulen bør derfor vere sitt ansvar bevisst å eksponere elevane for så mykje nynorsk som mogleg på skulen. Gjennom å sikre at elevane får møte eit breitt utval tekstar frå alle sjangrar, frå blogg til fagartiklar, kan skulen forhåpentlegvis endre noko oppfatninga om at nynorsk er markert og ikkje passar i mange situasjonar. Ein del av dette er også, etter mi meining, å sikre at alle lærarane som underviser på skulen nyttar nynorsk. Dei vidaregåande skulane har også ein viktig jobb å gjere. Dei to skulane eg har hatt kontakt med har vore svært lite bevisste rundt denne problematikken, og VGS1 registrerer automatisk alle elevar som bokmålsbrukarar. Eg støttar meg til Ressursgruppa (2013, s.18) sin konklusjon: Dei vidaregåande skulane må bli flinkare

til å informere elevane om rettane sine og det må bli slutt på å automatisk registrere elevar som bokmålsbrukarar.

Sidan lærarane ikkje er klare over at det er eit ønske å stanse lekkasjen frå nynorsk til bokmål er det ikkje rart at elevane heller ikkje er det. Ingen av elevane er klar over at den rådande politiske haldninga (i alle fall den uttalte) er at tospråkssituasjonen i Noreg er ein ressurs som det er viktig å behalde. Ut frå ønsket om å oppretthalde nynorsk som eit skriftspråk, bør skulen gjere elevane merksame på at dersom dei byter hovudmål frå nynorsk til bokmål, vil dette kunne svekke nynorsken sin posisjon på sikt. Som eg har vist i kapittel 6.5.3 og 6.6, ønskjer dei færreste av elevane at nynorsken skal forsvinne. Det kan imidlertid vere vanskeleg for elevane å sjå at dette kan vere ein langsiktig konsekvensen av eit val som kan verke lettvindt og ubetydeleg der og då: Skal dei halde på nynorsken som hovudmål på vidaregåande, eller følge flokken og byte til bokmål? Sjølv om skulen sjølv sagt ikkje kan tvinge nokon til å halde på nynorsken, trur eg det kan vere lurt å gjere elevane bevisste på at dei alle er *forvaltarar* av det nynorske skriftspråket si framtid. Deira val av hovudmål kan altså ha noko å seie.

Dersom tendensen ein ser både i denne masteravhanlinga, hos Garthus (2009, 2013) og Proba (2014) får halde fram, vil talet på nynorskbrukarar utanfor kjerneområda sakte, men sikkert minke. Skulen har ei stor og vanskeleg oppgåve, og bokmålsdominansen rundt elevane i randsonene arbeider imot, men som tilnærma einaste domene der elevane framleis møter nynorsk, er det ikkje mange andre instansar som kan bidra. Dersom skulen klarer å gjere elevane til bevisste språkbrukarar, vil dei kanskje få moglegheita til å gjere reelle val om sin framtidige språksituasjon, framfor å bli dratt med av den usynlege handa.

Litteratur

- Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005*. Oslo.: Universitetet i Oslo. Henta 11. mai, 2015 frå http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/220171/Bj%C3%B8rhusdal_Eli.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Bourdieu, P. (1991). *Language & symbolic power*. Cambridge: Polity Press.
- Bull, T. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*(3-4), (s.36-39).
- Cohen, L., Manion, L., & Morrison, K. (2011). *Research metodes in education*. (7. utg.). London og New York: Routledge.
- Engen, T. O., & Kulbrandstad, L. A. (2004). *Tospråklighet, minoritetsspråk og minoritetsundervisning*. Gyldendal akademisk.
- Garthus, K. K. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres*. Noregs Mållag. Henta 16. april, 2015 frå http://www.nm.no/_filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres.pdf
- Garthus, K. K. (2013). *Årsaker til språkskifte- ei gransking ved Valdres vidaregåande skule*. Noregs Mållag.
- Garthus, K. K., Todal, J., & Øzerk, K. (2010). *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Noregs Mållag. Henta 16.april, 2015 frå http://www.nm.no/_filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane-1.pdf
- Grepstad, O. (2001). Språk og institusjonar. I E. Bakke, & H. Teigen, *Kampen for språket* (s. 93-116). Oslo: Det norske samlag.
- Grepstad, O. (2012). *Språkfakta Sogn og Fjordane. 1646 til 2012*. Nynorsk.
- Haugen, E. (1966). *Riksspråk og folkemål*. Universitetsforlaget.
- Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? *Maal og Minne* 2, 56-90.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Kristoffersen, L. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Apstrakt forlag.
- Keller, R. (1994). *On language change. The invisible hand i language*. London: Routledge.
- Kleven, T. (2011). Forskning og forskningsresultater. I T. A. Kleven, F. Hjørdemaal, K. Tveit, & T. A. Kleven (Red.), *Innføring i pedagogisk forskningsmetode* (s.9-22)Oslo: Unibub.
- Kulturdepartementet. (1988). *Lov om målbruk i offentlig teneste [mållova]*. Henta 26. januar, 2015 frå Lovdata.: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>

- Kunnskapsdepartementet. (2013). *Læreplan i norsk*. Henta 26. januar, 2015 frå Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/kl06/NOR1-05>
- Kunnskapsdepartementet. (2014). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Henta 26. januar, 2015 frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Kvale, S. (2001). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. Oslo: Gyldendal .
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. Oslo: Gyldendal Norske Forlag.
- Le Page, R., & Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of identity*. Cambridge University Press.
- Ljosland, R. (2008). *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: Om engelsk som akademisk språk i Norge. Et kasusstudium i bred kontekst*. Trondheim: NTNU.
- Mæhlum, B. (1999). *Mellom Skylla og Kharydbis. Forklaringsbegrep i historisk språkvitenskap*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner- Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy, *Språkmøtet* (ss. 105-126). Cappelen akademiske forlag.
- Nesse, A. (2013). *Innføring i norsk språkhistorie*. Cappelen Damm Akademiske.
- Noregs Mållag. (2015). *Prosjektet Målstreken*. Henta 17. mai, 2015 frå Målstreken: <http://www.malstreken.no/index.cfm?path=10423>
- Proba. (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovudmål*. Henta 26. januar, 2015 frå Proba.: http://www.proba.no/wp-content/uploads/sites/32/2014/08/Probarapport-2014-07-Undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf
- Ressursgruppa for nynorsk som hovudmål. (2013). *Sluttrapport*. Kunnskapsdepartementet.
- Simonsen, D. F. (2002). Å velge bort norsk. Om begrepene 'domene', 'domenetap' anvendt på skandinaviske land. *Norsklæreren*(2/2002), s. 5-17.
- Simonsen, D. F. (2005). 'Bundles of linguistic interaction types'. Some notes on academic language use and language policy. *Foredrag på konferansen Bi- and Multilingual Universities. Challenges and Future Prospects*. Helsingfors universitet. Henta 16.april, 2015 frå <http://www.palmenia.helsinki.fi/congress/bilingual2005/presentations/simonsen.pdf>
- Solheim, R. (2010). *Sosial smeltedigel - språklege legeringar : om talemålsutviklinga i industrisamfunnet Høyanger*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.

- Språkrådet. (2005). *Norsk i hundre!* Henta 26. januar, 2015 frå Språkrådet:
https://www.sprakradet.no/upload/norsk_i_hundre.pdf
- St.meld 23. (2008). *Språk bygger broer*. Henta 28. januar, 2015 frå St.meld 23 (2007-2008) :
<https://www.regjeringen.no/contentassets/e78e5e702d464f89bbc2f1a0d5f507d7/no/pdfs/stm200720080023000dddpdfs.pdf>
- St.meld. nr. 35. (2008). *Mål og meining — Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Henta 26. januar, 2015 frå St.meld. nr. 35, 2007-2008:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/50816e814a9c46169bd69dc20dd746a3/nn-no/pdfs/stm200720080035000dddpdfs.pdf>
- Thompson, J. (1991). Editor's Introduction. I P. Bourdieu, *Language and Symbolic Power* (s. 1-31). Cambridge: Polity Press
- Vangsnes, Ø.A. (2013). *Språkleg toleranse i Noreg - Norge for faen*. Viborg: Det Norske Samlaget.
- Vestad, J. P. (2003). *Etnisitet og nynorsk*. Volda: Høgskulen i Volda. Henta 17. april, 2015 frå
http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_147.pdf
- Vikør, L. (1997). Norsk språksituasjon i et internasjonalt perspektiv. *Ut med språket? Hovudmål og sidemål i norsk skole: er vi ved et veiskille*. (s. 119-126). Trondheim: NTNU.
- Øverli, I. N. (2014). *Masteroppgåve i nynorskskriftkultur. Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal*. Volda: Høgskulen i Volda.

Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide elevar.

1: Generelt om nynorsk som hovudmål:

1. Korleis syns du det er å ha nynorsk som hovudmålet?
 - a) Er det noko du tenkjer over?
 - b) Er du bevisst på at du ønskjer å skrive nynorsk eller skriv du det berre fordi det er skulemålet?
2. Korleis trur du det ville vore og hatt bokmål som hovudmål?
3. Korleis opplever du det å skrive nynorsk i forhold til bokmål?
 - a) Kva slags fordelar er det med å skrive nynorsk?
 - b) Ulemper?
 - c) Kva slags fordelar er det med å skrive bokmål?
 - d) Ulemper?

2. Bruk av nynorsk på skulen og i samfunnet:

Heime:

4. Kva målform bruker foreldra dine mest?
5. Kva trur du foreldra dine tenkjer om at du har nynorsk som hovudmål?
 - a) Har de snakka noko om det eller er det berre sånn?
 - b) Snakkar de om nynorsk og bokmål? (Fordelar, ulemper, kultur, dialekt, politikk)

På skulen:

6. Korleis snakkar lærarane på skulen om nynorsk? (Oppgitt, positive, om fordelar/ulempar)
7. Er undervisinga i alle fag på nynorsk? (tavla, ark, lærebøker)
8. Skriv alle lærarane god nynorsk?

2. Eigen bruk av nynorsk:

9. Kva slags målform bruker du på fritida? Kvifor?

- a) Facebook?
- b) Blogg?
- c) Kommenterar nettsider?
- d) SMS, chat?
 - i. Dialekt, engels, andre språk?

10. Kva målform les du mest?

- a) På skulen?
- b) Privat?
- c) Skjønnlitteratur?
- d) Fagbøker
- e) Aviser?
- f) Internett?
 - i. Dialekt, engelsk og andre språk?

11. Syns du det passar å nytte nynorsk i alle situasjonar?

- a) Har du tenkt noko på kva slags situasjonar det passar i og i kva slags situasjonar det eventuelt ikkje passar? Nemn nokre. Døme: søknad, blogg, finn, brev.
- b) Kvifor trur du det er sånn?

4. Nynorsk lokalt og nasjonalt:

12. Korleis vil du beskrive ein typisk nynorskbrukar? Ser du for deg nokon spesiell? Kva kjenneteiknar denne personen?

13. Korleis vil du beskrive ein typisk bokmålsbrukar? Ser du for deg ein spesiell person? Kva kjenneteiknar denne personen?

14. Har du nokon gong opplevd å få negative kommentarar på at du skriv nynorsk?

- a) Viss ja: Kva slags kommentarar og i kva slags samanheng?
- b) Viss nei: Har du høyrd eller sett andre som har fått slike kommentarar?
 - i. Kva slags kommentarar og i kva samanheng?
- c) Kva tenkjer du når du får/ser slike kommentarar?

- d) Korleis reagerer andre som ikkje skriv nynorsk på slike kommentarar?
 - e) Kva syns du om måten dei reagerer på?
15. Korleis opplever du forholdet mellom nynorsk og bokmål i samfunnet?
- a) Er dei likestilt?
 - i. Lov/praksis.
 - ii. Rettar. Svar på eiga målform, nynorskprosent, i arbeidslivet.
 - b) Ser du på dei som like gode språk?
 - c) Trur du andre gjer det?
16. Korleis trur du «folk flest» i Noreg ser på nynorsk?

5. Byte og framtid:

17. Kjenner du nokon som har bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål?
- a) Når bytte dei?
 - b) Kvifor trur du dei gjorde det?
 - c) Kva syns du om at dei bytte?
18. Ville du sjølv valt å ha nynorsk som opplæringsmål, dersom du fikk velje no i dag?
Kvifor/Kvifor ikkje?
19. Kvar skal du gå på vidaregåande?
20. Kva tenkjer du om det å ha nynorsk på vidaregåande?
- a) Kva målform trur du dei fleste andre elevane kjem til å bruke?
21. Kva tenkjer du om å vere nynorskbrukar på ein skule der fleirtalet bruker bokmål?
- a) i eit samfunn der fleirtalet bruker bokmål?
 - b) Kjem du til å be om bøker på nynorsk, dersom du ikkje får det utan å spørje?
 - c) Kjem du til å be om undervisning
22. Veit du noko om kva rettार du har til å velje målform sjølv?
23. Har du fått informasjon frå ungdomsskulen/ vidaregåande skule om kva rettार du har knytt til målval? Evt kva slags?
24. Kjem du til å fortsette å ha nynorsk som hovudmål på vidaregåande?
- a) Kvifor/kvifor ikkje
25. Har du vorte oppmoda frå ungdomsskulen/vgs til å ta eit bestemt val? Evt korleis?

a) Har andre påverka deg? Kven og korleis?

26. Kva tenkjer du om di eiga framtid som nynorskbrukar?

27. Kva tenkjer du om nynorskens framtid i skulen og i Noreg? Og kva syns du om den
framtida?

Vedlegg 2: Spørjeundersøking.

1. Kjønn?

- Gut.
- Jente.

2. Kva er hovudmålet ditt?

- Nynorsk.
- Bokmål.

3. Syns du det passar å nytte nynorsk i alle situasjonar?

- Ja, i alle situasjonar.
- I mange situasjonar.
- Nynorsk passar dårlig i dei fleste situasjonar.

4. Kva slags målform bruker du mest når du skriv:

På facebook:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

E-post:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Melding på mobilen/chat:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

5. Kva for målform ville du brukt dersom du skulle ha skrive:

Jobbsøknad:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Debattinnlegg i avisa:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Annonse på finn.no:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Plakat for å hengje opp på butikken i sentrum:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Blogg:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

Brev til besteforeldre:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Dialekt.

6. Kva målform du les mest på?

Skulebøker:

- Nynorsk.
- Bokmål.

Andre bøker: (Skjønnlitteratur, teikneseriar, faktabøker):

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Engelsk.

Aviser og blad:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Engelsk.

Blogg:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Engelsk.
- Anna.

Internett generelt:

- Nynorsk.
- Bokmål.
- Engelsk.
- Anna.

- 7. Dersom du fekk starte på skulen på nytt og bestemme hovudmål sjølv, kva ville du valt?**
- Nynorsk.
 - Bokmål.
- 8. Kva målform kjem du til å ha som hovudmål på vidaregåande?**
- Nynorsk.
 - Bokmål.
 - Har ikkje tenkt over det.
- 9. Har du fått råde om skifte hovudmål frå:**
- Skule.
 - Familie.
 - Andre.
- 10. Har du fått råd om å halde på hovudmålet ditt frå:**
- Skule.
 - Familie.
 - Andre.
- 11. Viss du svarte nynorsk på spørsmål 8: Dersom den vidaregåande skulen du byrjar på ga deg bokmål som hovudmål, utan å spørje deg. Vile du gjort noko får å få tilbake nynorsken?**
- Ja.
 - Nei.
- 12. Har du nokon gong opplevd å få negative kommentarar rundt hovudmål ditt?**
- Ja, fleire gonger.
 - Ja, ein gong/nokre få gonger.
 - Nei.
- 13. Gjer slike kommentarar/ muligheita for å få slike kommentarar, at du kvir deg for å skrive på nynorsk utanfor skulen? Bokmåselevar treng ikkje svare på dette spørsmålet.**
- Ja.
 - Nei.
- 14. Ser du på bokmål og nynorsk som likestilte målformer?**
- Ja.
 - Nei.
 - Har ikkje tenkt over det.
- 15. Trur du fleirtalet i Noreg ser på bokmål og nynorsk som likestilte målformer?**
- Ja.

- Nei.

16. Trur du du kjem til å skrive nynorsk etter du er ferdig med skulen (både ungdomsskulen og vidaregåande)?

- Ja.
- Litt.
- Nei.

Kvifor/kvifor ikkje?

17. Korleis vil du beskrive ein typisk nynorskbrukar?

18. Korleis vil du beskrive ein typisk bokmålsbrukar?

19. Er det noko meir du ønskjer å fortelje om ditt forhold til nynorsk?

Vedlegg 3: Intervjuguide lærarar.

1. Korleis opplever du elevane sitt forhold til eige hovudmål?
2. Kor medvitne trur du elevane er til eige hovudmål?
3. Korleis opplever du elevane sitt forhold til bokmål?
 - a. Bokmålssamfunnet.
 - b. Nynorsk kontra bokmål.
4. Har du snakka med elevane om at dei kan velje hovudmål på vgs/ har du tenkt å snakke med dei om det?
 - a. Trur du elevane er klare over det sjølv?
5. Trur du mange av elevane dine kjem til å velje bort nynorsk som hovudmål på vgs?
 - a. Kvifor/kvifor ikkje?
6. Kvifor trur du mange elevar vel det bort?
7. Kva syns du om at dei vel det bort?
8. Kven trur du påverkar elevane sitt val?
9. Veit du noko om korleis valet av målform skjer ved vgs?
10. Korleis arbeider du med å gi elevane eit bevisst forhold til nynorsk?
 - a. Språkpolitisk status
 - b. Rettigheit
 - c. Fordelar med å vere nynorskbrukar?
 - d. Skulen som motvekt til bokmålssamfunnet.
 - e. Skulle skulen ha gjort meir?
11. Opplever du at elevar er negative til nynorsk?
 - a. Foreldre?
 - b. Nynorsk sin posisjon i lokalsamfunnet?
12. Er du kjent med innhaldet i stortingsmeldingane «språk byggjer broer» og «Mål og meining»?
 - a. Politisk vilje til å få nynorskbrukarar til å halde på nynorsken
 - b. Positiv forskjellsbehandling av nynorsk.
 - i. Kva syns du?
13. Korleis trur du framtida til nynorsk som skriftspåk ser ut?

a. Kva tenkjer du om denne framtida?

Vedlegg 4: Informasjon og spørsmål til dei vidaregåande skulane.

Hei,

Eg heiter Ane Stemshaug og er masterstudent ved Høgskulen i Sør-Trøndelag. Eg lurar på om eg kan stille nokon ved skulen nokre spørsmål rundt elevar med nynorsk som hovudmål. Eg håper at nokon ved skulen kan ta seg tid til å svare.

For å berre seie heilt kort kva avhandling mi går ut på: Eg skriv om nynorskelevar forhold til eige hovudmål. Det har i dei seinare åra vorte meir merksemd rundt det at mange elevar som har nynorsk på barne og ungdomsskulen byter til bokmål når dei byrjar på vidaregåande. Gjennom mitt prosjekt har eg søkt å få eit innblikk i kva forhold elevar på tiande trinn har til eige hovudmål og kva dei tenkjer rundt eit eventuelt byte og framtida som nynorskbrukar. Eg har gjennomført spørjeundersøking med 36 deltakarar og elevintervjua med seks elevar. For å finne ut meir om konteksten lever og tar vala sine i har eg også intervjua tre norsklærarar ved skulen elevane går på. For å få eit endå betre bilete av denne konteksten ønskjer eg også å høyre får vidaregåande skule.

Prosjektet mitt er godkjent av Norsk samfunnsfaglege datateneste (NSD) og alt materialet vil bli behandla på ein måte dei har godkjent. Alle deltakarar er anonyme og materialet vert sletta etter at avhandlinga er levert.

Spørsmåla eg ønskjer svar på er:

Kor mange elevar på skulen har nynorsk som hovudmål?

Korleis og når går val av hovudmål føre seg?

Kva slags informasjon om valet av hovudmål, og dei rettighetene dei har knytt til språkvalet sitt, får elevane?

Håper på svare!

Beste helsing

Ane Stemshaug.

Vedlegg 5: Informasjon til føresette og elevar og førespurnad om samtykke.

Til foreldre/føresette for elevar på 10. trinn ved Aure barne- og ungdomsskule

Førespurnad om løyve til spørjeundersøking og lydopptak av intervju.

Eg er masterstudent i norskdiraktikk ved Høgskulen i Sør-Trøndelag, Avdeling for lærer og tolkeutdanning. Masteravhandling mi skal ta for seg nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål. Dei siste åra har det vorte eit auka fokus på korleis elevar som har nynorsk som hovudmål opplever det å vere nynorskbrukar. Det har kome to stortingsmeldingar, *Språk bygger broer* og *Mål og meining*, som blant anna tar opp dette. I tillegg har det kome to rapportar som har nynorskelevar som tema. Felles for både stortingsmeldingane og rapportane er det at dei viser at det kan opplevast vanskeleg å vere nynorskbrukar i eit samfunn dominert av bokmål og at mange elevar vel bort nynorsk som hovudmål når dei byrjar på vidaregåande. Eg har derfor valt å skrive masteroppgåve om dette og har valt å fokusere på kva tankar og forhold elevar på tiande trinn har til nynorsk.

I den samanheng har eg og rettleiaren min ved høgskulen, kome fram til at det vil vere ønskeleg å gjennomføre ei spørjeundersøking og gjere intervju med elevar. Eg ber derfor om løyve til å gjennomføre ei spørjeundersøking og ta ut seks elevar til intervju. Spørjeundersøkinga er basert på fleirvalsspørsmål og er heilt anonym. I samband med intervjuja ønskjer eg å gjere lydopptak. Elevane eg ønskjer å intervjuje vil få vite det på førehand, så for dei fleste gjeld tillatinga berre spørjeundersøkinga. Det er ønskeleg at alle elevane deltar i spørjeundersøkinga, også dei med bokmål som hovudmål.

Vilkåra for løyve er at alt innsamla materiale vert behandla med respekt og vert anonymisert, og at prosjektet elles følgjer gjeldande retningslinjer for personvern. Det er naturlegvis heilt frivillig å delta og ein kan til ei kvar tid trekkje seg frå prosjektet utan å måtte gi nokon grunn til det. Resultata frå undersøkinga og lydopptaka av intervjuja vil kunn bli sett og høyrd av meg og rettleiaren min. I materiale som vert skrive, eller på annan måte presentert for andre, vil involbli personar bli anonymisert. Innsamla data vil bli sletta etter at prosjektet er avslutta, seinast 30.06.15.

Viss nokon vil vite meir om datainnsamlinga, kva det innsamla materialet skal brukast til eller har andre spørsmål, så er det berre å ta kontakt med meg på telefon eller e-post (sjå toppen av skrivet for detaljar).

Eg håper de synes dette er interessant og viktig, og at de er villige til å la dykkar barn vere med på det. Eg ber foreldre/føresette om å fylle ut svarslippen på neste side om de gir eller ikkje gir tillating til å la dykkar barn vere med på prosjektet.

På førehand takk!

Vennleg helsing
Ane Stemshaug
Samtykkeerklæring

Som del av masteravhandling mi ber eg om løyve til å gjennomføre undersøkingar der ditt/dykkar barn deltar.

Vilkåra for løyve er at det innsamla materiale vert anonymisert og behandla med respekt, og at prosjektet følgjer gjeldande retningslinjer for etikk og personvern.

Sett kryss i den ruta som passar:

Eg/vi gir tillating til mitt/vårt barn deltar. Eg/vi har snakket med jenta/guten vår om dette, og ho/han har også gitt sitt samtykke.

Eg/vi er klar over at deltakinga er frivillig, og at vi og barnet når som helst og utan grunn kan trekkje oss frå prosjektet.

Eg/vi gir ikkje tillating.

Dato:

Elevens fornamn og etternamn:

Underskrift av føresett(e):

Ver venleg å returner svarslippen til skulen så snart som mogleg.